han hadde tenkt. Daa han hadde drive eit heilt langt stykke, kom han inn mot ei liti fin vik. Men daa hadde det so nær gjenge gale. Han støytte mot ein grunne, so floten vart liggjande fast med den eine enden og var aat aa søkkja nedi med den andre. Robinson maatte staa og halda og støda paa førnaden sin eit langt bil, til sjøen hadde flødt endaa meir og floten dreiv Jaus att. So kom han seg inn i ein liten*Ill. B. Le Fanu* Robinson paa flòten.40 elve-os inst i viki og staka seg eit stykke uppetter. No galdt det aa firma ein god lan dingsplass. Han saag ei liti vik paa den eine sida og kom inn i den. Men strandi var bratt, og daa floten støytte innaat, vilde han leggja seg paa skakke att, so alt som paa 'n var kunde rulla i vatnet. Robinson visste daa ikkje onnor raad enn aa leggia seg til med floten ein stad det var grunt vatn og venta til sjøen fjøra att. Han heldt 'n fast med aarestubbarne, og daa sjøen ura eit bil for til aa siga, var det ikkje lenge fyrr han laag paa turre strandi med heile lasti. Glad var Robinson; men eit fælt stræv hadde det vore. So bar han førnaden sin upp paa gras marki og tok til aa sjaa seg ikring der han no var. Han maatte firma ein stad som han kunde slåa seg til, og firma ei trygg gjøymsla for det han hadde fenge i land. Han tok med seg ei byrsa og ein pistol og steig upp paa ein liten fjelltopp eit stykke ifraa. Soli gjekk nettupp ned daa han var der. Daa saag han at han var paa ei øy. Rundt ikring laag det eit endelaust hav paa alle kantar; berre langt mot vest saag han atti eit par andre smaa øyar. Det var ikkje likt til at det budde folk paa øyi. Han kunde ingen stad sjaa hus eller uppdyrka jord. Ville dyr saag han heller ikkje noko til. Men av fugl41 var der ei mengd, av mange slag som lian aldri hadde sét fyrr og ikkje visste noko namn paa. Daa han var paa heimvegen skaut han ein stor fugl som sat i eit tre atti utkanten paa ein skog. Det var vel det fyrste skotet som hadde smolle her so lenge som verdi hadde sta'e, og det sette ein fæl støkk i fug larne burtetter heile skogen. Dei fauk upp og skreik og let og rømde til alle kantar. Daa han kom ned til strandi att, stelte han seg til ei seng paa grasmarki og sette kistor og kassor og fjøler som ei borg rundt ikring; for han var enno rædd for villdyr. So takka han Gud endaa ein gong for han hadde berga han og la seg so til aa sova. Daa Robinson vakna um morgonen, kom han straks til aa tenkja paa at det enno maatte vera mange ting utpaa skipet som han kunde ha gagn av. Og det galdt no aa skunda seg og faa tak i det; for so snart det kom storm og uver att, kunde heile vraket verta slege i stykke og gaa under. Daa sjøen fjøra frampaa dagen, sumde han ut til skipet som sist og laga seg ein flote. Han fann denne gongen ei heil mengd med byrsor og krut og bly, nokre posar med spikar og ein stor navar og ein slipestein, eit segl og ei heng køya og nokre sengklæde og endaa nokre ting til. Alt dette bar han ut paa floten, so 642 mykje der var rom lor. Og denne gongen kom han lett og heppe i land; for han var betre kjend paa leidi no og hadde laga flo ten betre. Han hadde ottast for at der kunde koma villdyr og draga av med matvarorne hans, alt med han var burte. Men daa han korn att, stod alt i god fred der det hadde stae. Der sat berre eit lite dyr, mest som ein katt, paa ei av kistorne. Det stirde paa han og rømde ikkje; det var som det berre undra seg paa kva han var for ein. Han tok ein brødmole og kasta burt til dyret. Det aat 'n straks upp; so sat det stiflt att, liksom det venta paa meir. Men han maatte veia sparsam med maten sin her, og so rusla dyret endeleg sin veg. So tok han til aa byggja seg ei tjeld bud. Han hogg til nokre staurar og støytte dei ned i marki og la seglet yver. Der sette han inn alt det av eigneluterne sine som ikkje tolde regn eller sol. Rundt ikring sette han kistor og kassor og anna som kunde staa ute. Han laga seg ei god seng inni tjeldbudi og sette nokre fjøler for inngangen, og daa han la seg, tok han endaa tvo ladde pistolar og ei ladd byrsa og la framfyre sengi. — Sidan gjorde Robinson ei venda ut til tjeld-bud, telt.43 vraket kvar dag og tok med seg alt det han kunde: trevyrke og seglstykke og kistor og kassor og mangt anna. Ein dag fann han noko som han ikkje hadde venta seg no. Det var ei stor tunna full av skipsbrød og ei kassa med sukker og ein durik med kveite mjøl. Alt dette fekk han og godt og vel i land. — Men so var det ein dag han var uheppen. Han hadde gjort seg ein ovende stor flote og lasta 'n med jarnstykke og kabel tog. Det gjekk godt til han kom inn i viki. Men der kunde han ikkje lenger handsama floten; han kom paa kant, og heile lasti sokk ned. Robinson kom seg lett i land, og sidan dukka han ned i vatnet og fekk tak i nokre av jarnstykk! att; men det meste var burte. Det var stor skade; for jarn var noko han alltid kom til aa turva og ha bruk for. — Han hadde alt vore paa øyi i trettan dagar no og gjort elleve vendor ut til vraket. Det hadde vore stillt og godt ver heile tidi. Men daa han var aat og skulde ut til skipet den tolvte gongen, tok det til aa blaasa ein grand. Han tok likevel av stad so snart sjøen fjøra. Denne gongen gjorde han ei god fengd i kahytta att, endaa han alt hadde vore der so mange gongjer fyrr. Han fann nokre rake knivar og sakser og eit heilt tjug med knivar o£ ein slump med pengar inni ei skuffa- Pen44 garne berre grein han fyrst aat. Kva skulde han med dei her? Ein einaste kniv var

meir verd enn heile pengesumen. Men daa han hadde tenkt seg um, tok han dei likevel med, og so balla han alt saman inn i eit stykke lereft. Men daa han so hadde laga seg ein liten flote og skulde til lands att, tok det med eitt til aa blaasa ein sterk vind ut fr.aa strandi. Han skyna straks kor faarlegt dette var, og at det var uraad aa koma i land med floten. So visste han ikkje onnor raad, han batt pak ken sin paa ryggen og tok paa og vilde symja til lands. Men so lett gjort var ikkje det heller ; for det bles sterkare og sterkare. Det var berre so vidt han kom seg vel i land att. Og paa høg tid var det ; for straks etter bles det ein heil storm. Hadde han heft berre eit lite bil lenger, so hadde det vore ute med han. Det vart eit fælt ver med storm og regn um natti. Men daa laag Robinson trygt og godt i den vesle hytta si og kvilde seg etter det harde strævet daa han sumde i land. Daa han kom ut um morgonen, var vra ket av skipet burtkome; det fanst ikkje vis neriie att av det. Han hadde berga mest alt det som bergast kunde no, so det var ikkje nokon skade soleis. Men han kjende seg like yej so underleg sorgfull. Dei var liksom hanVraket er burte. var endaa mykje meir einsam hell fyrr. Skipet hadde vore mest som ein gamall ven som han hadde vore ute og vitja kvar dag. Men no var denne venen burte. Han var heilt skild fraa hi verdi, og det var ikkje mykje von um at han nokon gong skulde koma burt fraa denne øyi. Koss skulde det gaa til at noko skip kom her? Det var utanfor alle skipsleider og ferdavegar. Men endaa maatte han takka Gud no og ikkje klaga; for han var ein rik mann aa kalla mot daa han var her den fyrste dagen. Han kunde klara seg lenge med det han no hadde berga i land.Og so fekk Gud og lagnaden raada for framtidi, den visste han sjølv ikkje noko um. Han fekk berre sjaa til aa berga seg so godt han kunde.

*

VIII.

Robinson byggjer hus.

Det var ei lang og still tid som no tok til for Robinson. Men heilt aaleine var han daa likevel ikkje enno. Han hadde berga med seg eit par kattar fraa skipet og ein hund. Denne hunden kom til aa liva i lang tid og var ein god og trufast fylgjesvein.

Nokre andre ting som han hadde berga fraa skipet, hadde han òg mykje hugnad og trøyst av, naar tidi fall lang. Han hadde fenge med seg ikkje so faa bøker, millom dei ein bibel, og pennar og blekk, og so nokre sjøkort og kompas og kikarar. Naar han sat og las eller skreiv upp eit og anna, var det mest som han skulde tala med einkvar. Han tok til aa skriva dagbok um alt (hi som hadde hendt sidan han kom hit, og Og so fekk Gud og lagnaden raada for framtidi, den visste han sjølv ikkje noko um. Han fekk berre sjaa til aa berga seg so godt han kunde.

*

VIII.

Robinson byggjer hus.

Det var ei lang og still tid som no tok til for Robinson. Men heilt aaleine var han daa likevel ikkje enno. Han hadde berga med seg eit par kattar fraa skipet og ein hund. Denne hunden kom til aa liva i lang tid og var ein god og trufast fylgjesvein.

Nokre andre ting som han hadde berga fraa skipet, hadde han òg mykje hugnad og trøyst av, naar tidi fall lang. Han hadde fenge med seg ikkje so faa bøker, millom dei ein bibel, og pennar og blekk, og so nokre sjøkort og kompas og kikarar. Naar han sat og las eller skreiv upp eit og anna, var det mest som han skulde tala med

einkvar. Han tok til aa skriva dagbok um alt (hi som hadde hendt sidan han kom hit, og47 deile gav honom noko aa gjera i niangei stusleg stund. Han hadde ikkje vore lenge paa øyi fyrr han skyna at han maatte halda nøg-grann rekning med tidi, skulde det ikkje gaa reint i surr for han. Han skunda seg daa og laga seg eit slag almanak. Han sette upp ein stor kross attmed strandi der han fyrst hadde drive i land. Paa den skreiv han fyrst: Her kom eg i land den 30te sept. 1659." Nedanfor skar han ei liti skora for kvar dag og eit noko lenger strik for kvar sundag. Men han slutta med dette, daa han sidan fann skrivegreidor og tok til med dagbøker. Daa vraket var burte og han ikkje lenger hadde arbeid med aa berga meir derifraa, tok han til aa tenkja paa at han maatte byggja seg eit betre hus. Han var enno rædd for at der kunde vera faarlege dyr, og der han hadde sett upp tjeld-budi si var det vaatlendt og avbaklegt og ikkje vidare helsesamt aa bu. Der var heller ikkje godt vatn aa firma att med. Han maatte sjaa til aa firma seg ein betre bustad. Han tok til aa leita og fann snart ei tuft som høvde mykje betre. Det var lenger uppe fraa sjøen ein stad. Der var ei fin slett grasmark attunder eit fjelldrag. Berget stod beint upp som ein vegg, og paa alle dei tri andre sidorne halla det bratt ned etter mot strandi. Det var soleis lett aa verja*Ill. B. Le Fanu* Robinson sette upp ein stor kross der han fyrst hadde drive i land.49 seg baade mot dyr og ville folk vin dei skulde finnast her. Fjelldraget skygde godt for den verste solheten; der var god utsyn til havet, og friskt vatn aa iinna attmed. Der var soleis heilt som laga til byggjetuft aat han, og han gjekk straks i gang med aa byggja. Han sette fyrst upp eit slag borg eller gjerde rundt ikring tufti. Han slo tvo tette rekkjor med paalar ned i marki, seks turnar fraa kvarandre, og batt dei godt ihop med tog som han hadde teke med fraa skipet. Paalarne var paa lag seks fot høge. Paa inn sida sette han endaa ei rekkja med laagare stolpar til aa stydja gjerdet med, og paa ut sida sette han sidan upp ein voll med torv og jord. Han hadde ingen inngang eller port i gjerdet; han bruka ein liten stige naar han skulde ut eller inn, og naar han var inne tok han alltid denne stigen med seg. So bar han alle eigneluterne sine upp fraa strandi og hadde dei inn i denne fest ningi. Sidan bygde han seg ei tjeld-bud paa tufti og gjorde ho so sterk og god som han kunde. Til tak bruka han ein seglduk som var godt tjørebrædd. Alt det han hadde som kunde taka skade av regnet, sette han her under tak att. Han laga seg endaatil ein kjellar attunder berget. Der var ei liti hola som han grov betre ut og gjorde større. Men dette var eit hardt arbeid; for han hadde Tkorkje spade eller andre reidskap til aa grava i jord og stein med. Han maatte laga seg ein spade av eit hardt trestykke, og dette kosta honom arbeid i heile tri dagar.

Det hende altfor ofte elles og at han ikkje hadde dei reidskap som han hadde bruk for. Han var heller ikkje mykje van med det slag arbeid som han no dreiv med, og alle ting var han so heilt aaleine med. Det gjekk difor fælande seint for han. Det hende at han maatte arbeida trottugt i heile tvo dagar paa ein einaste stolpe til gjerdet; fyrst hogga 'n ned og hogga han til, so draga han fram or skogen og til slutt setja han upp og slaa han ned i marki. Han maatte soleis arbeida i mange maanar fyrr han vart ferdig med denne vesle festningi si og huset. Men han vart ikkje modlaus um det gjekk seint; han saag at det muna fraa dag til dag. Arbeidet var gleda hans og hugnaden hans; utan det hadde det ikkje vore til aa halda ut her paa denne einsame øyi.

*

IX.

Robinson byggjer endaa meir og tek til aa ferdast paa øyi.

Det var ausande regn paa øyi, daa regn tidi kom. Robinson saag daa snart at hytta hans ikkje enno var tett nok. Han maatte gjera eit betre tak. So tok han og la lange sperror fraa gjerdet og heilt upp i berget, og ovanpaa dei tetta han godt til med greiner og blad. Han fekk soleis til slutt toka yver lieile tunet sitt. Daa han var ferdig med dette, tok han til aa grava kjellarhola si større, so han kunde faa rom for meir av duntet sitt der; for i tjeldbudi var det reint yverfyllt; det var lite han hadde rom til aa snu seg. Det var berre laus sandstein i berget, so det lét seg alltid gjera aa grava i det. Ein dag daa han var mest ferdig og gjekk og bar ut resten av gruset, høyrde han eit fælt brak attanfor seg. Det var eit stort ras med stein og jord som hadde losna og dotte ned inni hola! Han fekk ein stygg støkk i seg, men maatte med det same takka Gud at han hadde sloppe so vel ifraa det. Hadde han vore inne

i hola og fenge raset yver seg, kunde det ha slege han snupt i hel. Sidan vart han meir varsam. Daa han52 hadde fenge ul gruset, selle lian ttpp stolpar til aa stydja kvelven med og la fjøler upp under fraa den eine stolpen til den andre. Hola vart med det same skift i tvo rom ; for styttorne stod i ei rekkja innetter i midten. So sette han upp hyllor kring veggjerne i hola og sette upp krokar til aa hengja paa. Daa alt dette var ferdigt, flatte han mykje av eigneluterne sine dit inn og sette kvar ting paa sin plass, og han fekk so god skikk paa alt no at han kunde firma det fram i ein augneblink. I tjeldbudi fekk han det mykje meir rom samt no. Han hadde eldstaden sin der og laga seg eit lite bord og ein stol av fjøle stubbar. I kjellarhola sette han og upp eit lite bord og ein kjøkenbenk. Det som han hadde mest sut for av alt han aatte var krutet; for miste han det. so var han reint hjelpelaus. Ein dag det var torebrak og blinka med ljon, fekk han ein stygg støkk i seg. Skulde no so ille høva at ljonet slo ned i hola hans, kunde alt krutet gaa til vers med ein gong, og han sjølv missa livet, dersom han var der. Han tok daa og skifte krutet i mange smaa slumpar og gjøymde dei her og der i holor og under hellarar rundt ikring. Miste han det daa den eine staden, kunde, han ha det like godt i fred dei andre staderne.53 Dau hau etterkvart hadde lenge skikk paa alt i huset sitt, tok han til aa skifta dagen i visse arbeidsykter og kviletider. Han hadde alt ofte vore uti skogen med byrsa og skote seg ein fugl eller eit dyr. No gjekk han ut med byrsa eit bil kvar morgon. Sidan arbeidde han med eitkvart heime til klokka 11 og aat so til middags. Fraa klokka 12 til 2 laag han mest og sov; for det var so heitt ute i solskinet paa den tidl av dagen at det var mest ikkje til aa halda ut. Um etternon arbeidde han paa nytt lag med eitkvart, og um kvelden skreiv han paa dag boki si. Ein morgon han var ute paa veiding skaut han ei villgjeit. Han var fyrst glad for dette, men sidan trega han paa det. Gjeiti hadde eit lite kid; det kom burt til mori og vart som klumsa av rædsl, daa det saag at ho laag der still og livlaus. Og daa han tok gjeiti paa oksli og bar ho heim, fylgde kidet med. Robinson freista aa fostra det upp og faa det tamt. Men det vilde ingen mat smaka. Han visste daa sistpaa ikkje onnor raad enn aa gjera av med det, so det skulde sleppa aa pinast. Ein annan gong skaut han paa ei vill gjeit og raama ho berre i eine foten. Han fekk taka ho og batt yver saaret og bar ho sidan heim til bustaden sin. Saaret groddeRobinson steller med kidet. snart og gjeiti treivst godt og vart etterkvart reint tamd og husvan. Ho gjekk roleg og gnog utanfor gjerdet og rømde aldri burt. Robinson tok daa til aa tenkja paa at det skulde vera godt um han kunde faa seg fleire tamde gjeiter. Det kunde spara mykje paa krutet. Men det var ikkje so lett gjort dette som han hadde tenkt; for villgjeiterne let seg ikkje fanga.

Sidan ein gong fann han eit villduvereir uppi ei fjellskor. Han tok nokre av ungarne med seg heim og ól dei upp, og han tenkte alt paa at han skulde faa seg eit lite duvehus med tamde duvor i. Men so snartsom ungarne voks upp, fauk dei sin veg og kom ikkje att.

I den fyrste tidi Rbbinson var paa øyi Jiadde han ikkje anna ljos um kveldarne enn elden paa gruvesteinarne. Men det var eit laakt ljos naar han skulde lesa eller skriva i dagboki, og han laut ofte sitja reint i myrkret i hytta si. Men no fann han paa ei betre raad. Han laga seg eit slag kola av leir og bruka gjeitetalg til olja og stry-rimsor til veik og var daa rett godt hjelpen med ljos.

*

X.

Noko godt og noko vondt.

Det tok til aa minka stygt no med brødet og dei andre matvarorne han hadde teke med fraa skipet. Naar dei snart tok ende, kom han ikkje til aa ha anna enn kjøt av dyr og fugl aa liva av. Han hadde leita lenge rundt som ungarne voks upp, fauk dei sin veg og kom ikkje att.

I den fyrste tidi Rbbinson var paa øyi Jiadde han ikkje anna ljos um kveldarne enn elden paa gruvesteinarne. Men det var eit laakt ljos naar han skulde lesa eller skriva i dagboki, og han laut ofte sitja reint i myrkret i hytta si. Men no fann han paa ei betre raad. Han laga seg eit slag kola av leir og bruka gjeitetalg til olja og stry-rimsor til veik og var daa rett godt hjelpen med ljos.

*

X.

Noko godt og noko vondt.

Det tok til aa minka stygt no med brødet og dei andre matvarorne han hadde teke med fraa skipet. Naar dei snart tok ende, kom han ikkje til aa ha anna enn kjøt av dyr og fugl aa liva av. Han hadde leita lenge rundtikring, men kunde ikkje finna noko anna som det var mat i. Og med berre vilt-mat kunde det vera noko vandt aa klara seg i lengdi.

Daa var det ein dag ein maanads tid etter regntidi hadde teke til, at han fekk auga paa nokre vokstrar som hadde skote upp or marki beint utanfor gjerdet hans. Han gav ikkje stort gaum etter dei i fyrste laget. Men straks etter saag han at det hadde skote eit tjug med fine byggaks ut or straai. Han vart so glad og teken med same at han fekk taaror i augo og berre stod og takka Gud. Det var korn, korn! Stor hjelp og stort gagn Robinson ser kornaksi.57 kunde han med tidi iaa av dette. Men kor leis var det gjenge til at kornet hadde skote upp her no ? Han tykte fyrst at det var reint som eit under; men daa han fekk tenkja seg betre um, skyna han sistpaa koss det hadde seg. Ein gong daa han var utpaa skipet, hadde han funne nokre sekkjer som det hadde vore korn i. Kornet sjølv var sundskore og øydelagt av rottorne og reint til inkjes; men sekkjerne kunde det alltid vera gagn i, og so hadde han teke dei med. Daa han sidan skulde gjøyma krutet sitt paa mange stader, hadde han teke fram desse sekkjerne og vilde bruka dei; so hadde han rist dumba og agner ut or dei utanfor gjerdet. Men i agnerne maatte det daa ha vore nokre heile korn som rottorne ikkje hadde funne, og de i var det no som hadde vakse upp etter regnet tok til. Det som han hadde kasta burt i tankeløysa, hadde Vaarherre gjeve han att som ei god gaava. I andre halvparten av juni hausta han inn aksi og samla varsamt saman kvart kor net, og med det same hausta han inn nokre aks med ris som han hadde funne burtunder berget. Dei maatte ha vakse upp der paa same vis som byggaksi. — No hadde han saakorn til aa byrja med. Ein dag han stod ute millom tjeldbudi og døri til kjellarhola, tok det med eitt til 858 aa rasa jord og stein nedyver han iiau fjell veggen. Det knast og brast inni kjellaren, og jordi tok til aa rista under feterne hans Jordskjelv, jordskjelv ! Han sprang paa berre livet burt til stigen og ut yver gjerdet. Etter den fyrste støyten kom det snart tvo andre som var endaa sterkare. Eit svært fjellstykke ein fjordung veg burtanfor vogga att og fram og daa den tridje støyten kom, datt det i havet med eit fælt brak. Og havet sjølv sjøa upp og skuma og saud som ein kokande kjel; det var likt til at det riste endaa sterkare ut under havet enn paa land. Robinson var so rædd og fortumla at han hadde kasta seg beint ned paa marki og laag der til han høyrde fjellstykket rulla i havet; daa var det som han vakna or ei ørska. Himmelen hadde fyrr um dagen vore klaar, men vart no med ein gong kolsvart. Det tok til aa blaasa og vart snart til ein tæl storm. Havet rauk, og mange tre vart rivne upp med røterne. Robinson sat heile tidi paa marki og berre heldt seg fast. Nokre timar etter stillna det endeleg av og tok til aa regna. Men det var ikkje noko vanlegt regn med dropar. Vatnet fløymde ned som i lange straalar, og det vart store høljar og tjørner alle stader det var slett mark. Daa skyna Robinson at jordskjelvet Var yver for denne gongen, og han vaaga seg59 endeleg inn i festningi si att. Der saag det ille ut. Der var yverfløymt med vatn, tjeld budi var mest nedrivi, og inni kjellaren hadde nokre av stolparne brotna av og stein og grus losna i veggjerne og rasa ned. Han gav seg straks i arbeid med aa veita ut vatnet og vøla alt upp att. Daa saag han at skaden likevel ikkje var fullt so stor som han hadde tenkt. Men det var noko anna som gav han meir aa tenkja paa. Skulde det no koma jordskielv att ein gong han var inne ! I ein augneblink kunde han daa veita livande nedgraven og ikkje koma ut att; for heile det lause fjelldraget her kunde rasa ned. Han vart baade uroleg og rædd og lekk det ikkje ifraa seg att. Han maatte nok flytja teltet sitt og setja det utpaa ei opi mark ein stad og setja upp ei ny borg rundt ikring ; for han kunde ikkje enno vera trygg for at der ikkje var faarlege dyr eller ville folk. Det kom til aa kosta eit svært stræv aa flytja, og han hadde heller ikkje mykje hug til det, naar han saag paa kor godt han no hadde fenge alt i stand her. Men det var nok ikkje onnor raad likevel. Han fann

straks fram øksarne sine og vilde hogga tre til det nye byggverket. Men øksarne hans var stygt skjemde no, etter han hadde bruka dei so lenge. Han maatte faa dei slipa, fyrr lian kwtø fea noko gjort,60 Han hadde nok ein liten slipestein som han hadde fenge med fraa skipet. Men der var ingen sveiv i steinen. So maatte Robinson til aa laga sveiv, og det var ikkje noko lett yrke. Han hadde nok sét mange slipesteinar i si tid, men aldri sét sers etter koss dei laga ein sveiv. Gong paa gong gjekk det i mist lor han. Men endeleg fekk han daa til ein sveiv som var so vidt brukande, og so heldt han paa i nokre dagar og kveste øksarne sine. Daa hende det ein dag noko som gav han anna aa tenkja paa for det fyrste. Vraket av skipet kom til syne enno ein gong, og det var mykje nærare land no hell fyrr' Han kunde gaa heilt ut til det, naar fjøra var paa det laagaste. Det maatte vera jord skjelvet som hadde lyft grunnen upp. No fekk han paa nytt lag nok aa gjera med aa berga i land alt det han kunde.' Han saga av bjelkar og braut upp bord og jarnhand og fann nokre stykke med bly og sumt anna. Alt dette fekk han etterkvart upp paa strandi naar det var flod sjø. Vraket brotna til slutt heilt sund, og eit stort stykke dreiv i land; men det var so langt ifraa der Robinson budde at han maatte lata det liggja. Ein dag han kom ned til strandi fann han ei skjoldpadda og fekk taka ho. Dagen etter skar han ho upp og koka kjøtet. Det var det beste kjøt han hadde smaka; i si tid,61 tykte han. Der var ei mengd med egg i ho, og dei var likso gode. Ein dag straks etter vart han gjenomvaat av regn. Han tok til aa kulsa og frjosa etter paa; han fekk hovudverk og fekk ikkje sova, og sistpaa maatte han liggja reint nedfyre. Han hadde feber. Det vart ei hard tid. Var det vondt aa veia sjuk, so var det mange gongjer verre aa vera baade sjuk og aaleine, langt langt fraa folk. Han fekk ein fæl otte for korleis dette skulde gaa, og ropa isi naud til Gud. Daa var det som han kjende seg noko betre. Han aatte mest ikkje mat i huset, og det var so vidt han kunde koma seg ut med byrsa ein dag og fekk skjota ei gjeit. Men so vart han laakare att. Han laag til sengs ein heil dag og vilde mest døy av torste ; men han var so laak at han ikkje kunde staa upp og finna seg vatn. Endeleg fekk han sovna, og vakna ikkje fyrr langt paa natti. Daa kjende han seg noko betre, men var endaa fælt tyrst og kunde ikkje faa tak i vatn. So fekk han sovna att endaa ein gong. Daa hadde han slik ein underleg vond draum. Han tykte han var der som han sat den dagen det var jordskjelv. So kom det ein underleg mann ut or ei svart sky og steig ned paa jordi. Det var som ein ring av eld og loge ikring han, og jordi ska|y vinder følerne hans,62 Han bar eit langt spjot i liandi og lyfte dei imot Robinson. Eg ser at alt dette ikkje hev fenge deg til aa angra, og rio skal du døy!" sa lian; maalet hans var det fælaste Robinson hadde høyrt i si tid. Han var som lamslegen av rædsl der han laag. Han hugsa kor tankelaust han hadde livt i alle desse aari og kor lite han hadde agta paa det gode han hadde lært, daa han var ung, og det som far hans hadde sagt. Han kunde til slutt berre ropa: Gud hjelpe meg, Gud hjelpe meg or denne naudi!" Daa vakna han; men otten sat endaa lenge att i han, og han tok til aa tenkja meir paa Gud og paa all den under lege lagnaden sin enn han hadde gjort fyrr. Endeleg gav det seg med den verste sotti, og Robinson kom seg so mykje at han vann risa or sengi. Han henta seg ei stor flaska med vatn og blanda ein grand brenne vin i det fyrr han drakk; han kulsa mindre daa etterpaa. Hunden hans sprang og hoppa av gleda, daa han saag han kom fram or sengi att. Robinson saag at hunden var svol ten og gav han mat, og til seg sjølv steikte han eit stykke gjeitekjøt. Men han kunde ikkje eta stort av det. Um kvelden aat han eit par skjoldpaddeægg. Dei smaka godt, og han takka Gud ; dette var det fyrste skikkelege matmaalet han hadde ete etter han lagdest sjuk. So freista han aa gaa ut; men hanRobinson ligg sjuk. maatte setja seg ned att so snart han hadde gjenge nokre stig. Soli var alt aat aa gaa ned; det var ikkje ei sky paa himmelen, og havet laag stilt og blankt og fint. Han maalte tenkja paa Gud som hadde gjort alt so stort og fagert.

Men sjukdomen sat enno i han, og han hadde ein vond otte for at det kunde taka han att liksom fyrste gongen. Daa kom han til aa tenkja paa at folk i Brasilia bruka fobak for mest allslag sjukdomar; men han visste ikkje korleis dei bruka 'n. Han hadde noko tobak i kista si og tok straks til aa prøva seg fram;han togg eil par tobaksblad, han anda inn tobaksrøyk, og fyrr han la seg um kvelden drakk han ein sup med brennevin som han hadde bløytt upp tobak i. Han kjende seg tung og ørven etterpaa, men kunde likevel ikkje faa sova. So fann han fram bibelboki si og sette seg og vilde lesa; men ordi og bokstavarne berre sveiv rundt for han. Endeleg fann han samanheng i desse ordi: „Kalla paa meg den dagen du er i naud, og eg skal løysa deg ut, og du skal prisa mitt namn.“ Dette gjorde honom godt. Han la seg paa kne og bad um hjelp i naudi, og daa han eit bil etter la seg, sovna han straks og sov tungt og fast alt til klokka Robinson les i skrifti.tri um etternon dagen etter. Eller kannhenda han hadde sove heile tvo døgn, alt til tridje dagen. Han kunde ikkje vita det, men trudde helst at det

var so.

Han kjende seg betre paa alle maatar no. Det vanta nok mykje paa at han var heilt god att; men han kom seg ein grand for kvar dag. Han takka Gud for han var berga so vel, og las kvar dag eit stykke i dei heilage skrifterne.

*

XI.

Robinson ferdast paa øyi.

Robinson tenkte ikkje paa aa byggja seg noko nytt hus no. Han kjende seg ikkje sterk eller før nok til det. Men han kunde godt gaa og ferdast kvar han vilde, og so fekk han hug til aa sjaa seg betre ikring paa øyi; for der var enno store vidder som han ikkje hadde vore. Han hadde stødt vore so rædd for aa raaka ville dyr og ville folk at han ikkje hadde vaaga seg langt. Men no, etter han hadde sta'e yver denne harde tri um etternon dagen etter. Eller kannhenda han hadde sove heile tvo døgn, alt til tridje dagen. Han kunde ikkje vita det, men trudde helst at det var so.

Han kjende seg betre paa alle maatar no. Det vanta nok mykje paa at han var heilt god att; men han kom seg ein grand for kvar dag. Han takka Gud for han var berga so vel, og las kvar dag eit stykke i dei heilage skrifterne.

*

XI.

Robinson ferdast paa øyi.

Robinson tenkte ikkje paa aa byggja seg noko nytt hus no. Han kjende seg ikkje sterk eller før nok til det. Men han kunde godt gaa og ferdast kvar han vilde, og so fekk han hug til aa sjaa seg betre ikring paa øyi; for der var enno store vidder som han ikkje hadde vore. Han hadde stødt vore so rædd for aa raaka ville dyr og ville folk at han ikkje hadde vaaga seg langt. Men no, etter han hadde sta'e yver denne hardesjukdomen, hadde han fenge meir mod og meir tru paa at han hadde Gud med seg. So tok han i vegen ein dag og gjekk fyrst upp langs med den elvi som rann ut eit stykke ifraa der han budde. Ho var berre grunn og liti; men vatnet var reint og klaart daa han kom noko lenger upp, og der var ovende vent langs med elvi. Der var fine slette grasmarkjer og engjer alle stader. Eit stykke lenger ifraa paa kor sida var der meir bakkutt og bratt, men vent der og. Der voks ei mengd med tre og buskar som han ikkje hadde sét fyrr eller visste noko namn paa, og her og der imillom saag han nokre høge fagre tobaksvokstrar. Daa han var komen eit stykke lenger upp, vart det mindre med grasmark og tettare og tettare med skog. Atti utkanten av skogen fann han vindruvor og meloner. Han aat nokre av dei og tok med seg so mange han kunde, daa han gjekk heim. Dagen etter tok han ut att paa same leidi, og denne gongen gjekk han ikkje heim um kvelden. Han la seg til uppi eit tre liksom fyrste natti han var paa øyi. Um morgonen etter for han lenger uppetter dalen. Daa han hadde gjenge eit par timars tid, kom han til ei kjelda og ein bekk som saag ut til aa renna imot aust. Der var det endaa venare enn der han hadde vore fyrr. Der voks tett67 med blom som i ein hage, og her og der stod det fagre aldetre: høge svære kokospalmetre, myrke orangetre og appelsin- og sitrontre og vinbuskar. Han tok til aa henta ned vindruvor og andre frukter og la dei i dungar og la palme blad yver. Daa han for heim atter um kvel den, tok han med seg so mykje han vann bera, og resten vilde han bera heim i sekkjer etterkvart. Men druvorne gjekk det ille med. Dei var so ovmogne at dei gjekk reint sund i sekken hans. Og daa han kom utaat skogen den andre dagen og skulde sjaa etter dei andre druvorne han hadde henta ned, var dei slengde ut yver marki, og mange av dei var uppetne. Det maatte vera dyr som hadde vore der og gjort det. Han

visste daa ikkje anna aa gjera med druvorne enn aa hengja dei upp i tréi og lata dei turka inn til rosinor der dei var. Men all den andre alda han hadde funne, fekk han godt og vel heim. Han lika seg so godt i den fagre .dalen at han radt tok til aa tenkja paa um han ikkje skulde flytja hit og setja upp huset sitt her. Der var so god ei livd for allslag uver og stormar. Men det var eitt som heldt han ifraa; det var at han ikkje kunde sjaa havet herifraa. Det var nok ikkje mykje von nm at det nokon gong kom skip hit til øyi. Men68 skulde so uriderlegt lienda, so kunde lian ikkje sjaa det eller vita noko um det, utan han budde attmed havet. Eller um det skulde driva folk upp paa strandi liksom han sjølv hadde gjort, so kunde det vera vandt aa raaka dei, naar han gjøymde seg av inni skogarne. Han laut daa bu der han var; men her uppi skogdalen bygde han seg ei liti lauvhytta til aa vera i um sumaren. Han sette eit høgt gjerde av trepaalar ikring og fletta dei saman med slyngplantor og kvister. Der heldt han seg ofte i nokre dagar paa rad i den varmaste aarstidi. Men daa regntidi kom, i midten av august, kunde han ikkje vera der lenger. Han samla ihop dei turre vindruvorne sine og flutte att ende til det gamle huset sitt. Regnet hylja ned i heile vikorne paa rad, naar det fyrst tok til, og han maatte i lang tid halda seg heime og inne. Han var berre ute paa vei ding av og til, naar det minka med maten. Han .skaut ein dag ei gjeit, og dagen etter var han endaa hepnare; han fekk tak i ei stor skjoldpadda. — Med matmaali hadde han det soleis paa lag no : um morgonen turre vindru vor; til middags gjeitekjøt eller skjoldpaddekjøt. Han maatte alltid steikja det i elden ; for han aatte ikkje gryta eller noko anna aa koka i. Til kvelds aat han tvo-tri skjoldpadde-egg,69 naar lian hadde dei. Brød hadde han svært lite av no. — Ein av kattarne hans, ei kjetta, hadde for ei heil tid sidan laupe hurt, og han tenkte kje han hadde set ho meir. Men no kom ho ein dag att og hadde tri ungar med seg. Dette tykte han var moro; det gjorde husl yden" hans større. Men sidan fekk han ikkje berre hugnad av kattarne. Dei vart so alt for svære til aa øksla seg. Han maatte tyna mange av dei og fekk eit heilt stræv med aa halda dei or huset. Han heldt enno paa og kleiv upp og ned paa ein stige, naar han skulde ut og inn yver gjerdet. Det var heller brysamt i lengdi. Kva er det daa du er rædd for?' sa han ein dag til seg sjølv. Dei største dyri du hev sét paa øyi er gjeiter, og dei gjer deg daa ikkje noko vondt." Han var alt aat og vikle riva ned eit stykke av gjerdet, so han kunde faa seg ein utgangsport. Men fyrr han gjorde aalvor av det, tenkte han seg um enno ein gong. Best var det alltid aa veia vår og ikkje gjera det ein kunde faa trega paa. Han hadde ikkje enno vore alle stader paa øyi og sét kva der var. So fann han paa ei onnor raad. Han grov ein gang i berget fraa utsida av gjerdet og inn aat kjellarhola. Der kunde øksla seg, aukast, formeira seg.han daa gaa ut og inn og lata gjerdet vera like heilt. Inngangen til denne hola løynde han vel med buskar. Han kunde soleis baade vera trygg og koma lett ut og inn.

Daa det leid til den 30te september, hadde han alt vore eit heilt aar paa øyi. Den dagen heldt han minnefest so godt han kunde og takka Gud for han hadde halde si hand yver han og berga han so vel frametter heile dette aaret. Den eine faaren etter den andre hadde han kome vel yver; han hadde funne den eine gode tingen etter den andre, og han hadde havt lukka med seg i arbeidet sitt. Ofte hadde han vore full av sut og otte for eitkvart den eine dagen; men dagen etter hadde det likevel laga seg. Dette saag han best naar han las gjenom dagboki si. Men hadde det gjenge so hjelpeleg godt dette aaret, so kunde han ha god von for det komande aaret og. Han fekk lita paa Gud og ikkje vera modlaus.

*

XII.

Robinson såar og haustar. Nye utferder.

Daa regntidi var yver, grov Robinson upp ein liten aaker og saadde byggkorn i den eine halvparten og riskorn i den andre. Men han saadde ikkje alt av dei aksi han hadde funne. Han hadde etter ein tridjepart, og det fekk han sidan sjaa var ei stor heppa. Av skade hadde han lært fyrr, og det same laut han gjera no. Det var nettupp urette tidi aa saa korn no daa turketidi tok til. Saadet skaut ikkje upp og vart til inkjes. So braut han seg upp ein ny liten jordflekk paa eit godt og laglegt stelle og saadde byggkorni sine^der i fyrstningi av februar, litegrand fyre samvaaren. Riskorni saadde han paa eit jordstykke"som var lett aa vatna. Daa gjekk det betre. So snart det kom

regn, skaut kornet upp og voks godt, og det bar godt paa seg daa haust tidi kom. Men nokor stor hausting kunde det likevel ikkje verta. For det var fyrst lite det han hadde aa saa, og han hadde ikkje vaaga aa saa alt denne gongen heller. Han fekk paa lag ei kvartskjeppa av kort slaget. Men no hadde han lært til ein annan gong og visste kva tid han skulde saa og hausta. Saad, utsa:d. samvaar. vaar-jamndøgn.72 Fram i november, daa regntidi um hau sten var yver, gjekk han ein dag ut til sumar huset sitt att. Han vart reint forbina daa han kom der, og kjende seg mest ikkje att. Paa larne i gjerdet kring hytta hadde alle skote friske runningar, liksom naar ein set friske stavar av pil i jordi um vaaren, og var grøne med lauv. Han hadde soleis fenge livande hegn kring sumarhuset sitt reint til gjevan des. Han bøygde runningarne innyver imot einannan, og dei kom med tidi til aa veksa som eit lauvtak yver heile hytta. Der vart daa endaa betre aa vera enn fyrr, naar soli steikte paa det verste. Sidan skar han ei heil mengd med stavar av det same slag tre og sette dei rundt den gamle bustaden sin, paa lag 12 alner ut ifraa gjerdet. Dei voks snart upp og vart baade til hugnad og til gagn for han, som me sidan fær høvra. Daa Robinson var halvvaksen gut og var heime, hadde han ofte vore inne hjaa ein korgbindar og set paa daa han arbeidde, og stundom sjølv hjelpt til. Han hadde soleis lært seg ein grand korgbinding. Etter han kom hit til øyi hadde han ofte freista aa laga seg korgjer til aa bera eit og anna i, men ikkje funne noko vyrke som dugde. Det var alltid for møyrt. Men no freista han med runningarne av dette nye treet, og det gjekkRobinson bind korgjer. godt. Dei var baade lange og seige. So gjekk han upp i skogen og skar seg ei heil mengd med vyrke og bar heim, og daa det sidan vart regntid att, sat han heile dagarne og batt korgjer, store og smaa. Det var eit gildt arbeid til aa trøyta tidifaa tidi til aa gaa med, og han fekk bruk for mange korgjer til aa ha korn og aldafrukt og mangt anna i.

Robinson hadde no so nokorlunde fenge greida paa aarstiderne her, og koss det skifte med vèret. Det var ikkje raad aa skilja millom sumar og vetter som i Europa; det74 var regntider og turketider. Frametter andre helvti av februar og heile mars og fyrste helvti av april var det regntid. I andre helvti av april og heile mai og juni og juli og fyrste helvti av august var det turt og regnlaust. Soli stod daa nord for lina. I andre helvti av august og heile september og fyrste helvti av oktober var det regntid att. I andre helvti av oktober og heile november og desember og januar og fyrste helvti av februar var det ny turr-tid, og soli stod sud for lina. Regn tiderne fall soleis kring jamdøgn-tidi um vaa ren og hausten. — Det var fint ver att, og Robinson fekk paa nytt lag hug til aa taka ut paa ferd og sjaa meir av øyi. So tok han byrsa paa nakken og øks i beltet og nista i lumma og tok i vegen. Hunden hans var med som all tid. Han tok leidi uppetter dalen der han hadde sett upp lauvhytta si. Derfraa for han vestetter skogarne, og rett lenge var det ikkje daa fyrr han saag havet paa den andre sida. Og langt ute saag han det same landet som han hadde set fyrr ein gong. Det var høgt og gjekk langt vestetter og kunde ikkje vera minder hell 50 til 60 sjømil ifraa, so mykje han skyna. Han hadde fyrr trutt det var ei øy, og d e t var vel det trutegaste, men det var heller ikkje uraad at det kunde vera fast landet i sud-Amerika. Daa maatte han berre75 takka til at han hadde drive i land her og ikkje der; for paa fastlandet paa dei kantar visste han det budde berre ville folk og manne-etarar. Han vilde denne gongen ikkje snu fyrr han kom heilt fram til havet paa den andre sida. Der var fine grasmarkjer og fager skog kvar han kom, og i røyndi mykje venare hell paa den andre sida, der han budde. I skogen var der ei mengd med papegøyar, og det gjekk so heppe at han fekk tak i ein av dei. Han kasta staven sin etter han og slo han i svime, so han ikkje vann fjuka undan. Fuglen kom seg snart att, og Robinson tok n sidan med seg heim og tamde han og hadde han i lang tid. Daa han for nedetter dalarne saag han nokre dyr som liktest paa harar og revar. Han skaut nokre av dei og smaka paa kjøtet, men lika det ikkje. Det var heller ikkie turvande aa eta kjøtet av slike dyr, naar han jamt kunde faa tak i villgjeiter og fugl og stundom endaatil skjoldpaddor. Han gjekk berre eit lite stykke fram um dagen; for han var inne i alle krær og kro kar og avdalar paa vegen og gav vel gaum etter alt han raaka. Um næterne la han seg anten uppi eit tre, eller han gjerde seg godt inn med høge stavar nedpaa marki. Daa tian kom. neå, aat havet paa denne76 sida, skyna han endaa betre at han hadde slege seg ned paa den laakaste sida av øyi. Det urde og krudde med skjoldpaddor paa strandi ; der var endelaust med fugl, sume slag som han hadde sét fyrr og andre som han ikkje hadde sét. Han kunde skjota mest kor mange han vilde, men maatte spara paa krutet og blyet. Han kunde kje anna hell tenkja paa at det hadde vore betre aa bu her enn der han no heldt til. Men han hadde likevel ingen hug til aa flytja. Han hadde slege seg til ro der han var no, og vorte glad i den vesle heim staden sin, og han tykte stødt han var paa framand grunn naar

han kom nokon annan stad paa øyi. Daa han hadde sét seg ikring nedmed sjøen eit heilt bil, tok han til aa fylgja strandi mot aust og gjekk ei lang leid. So sette han ein stor stav ned i marki til merke paa kor langt han hadde vore og tok so paa heim vegen. Han vilde taka ein snarveg attende, fraa merkestaven og tvers yver øyi; han var so godt kjend her i skogarne no," tykte han, at det ikkje kunde vera nokon vande aa firma fram. Men det var ikkje fullt so lett som han hadde tenkt. Han kom um eit bil inn i ein djup dal med tett skog paa alle kantar. Der kom han ut av vegleidi, og det var tungt ogmyrkt vêr um dagarne, so han ikkje ein gong hadde soli aa retta seg etter. Han vart gan gande der og vilra i heile tri-fire dagar og visste sistpaa ikkje onnor raad enn aa koma seg ned til strandi att. Der fann han att merkestaven sin. So fylgde han strandi att ende same vegen som han hadde kome, og gjekk sidan yver øyi der han var kjend. Uppi skogen ein stad fekk hunden hans taka eit lite kid. Robinson sprang og fekk taka det ifraa han fyrr han hadde bite det ihel. Han laga seg eit band til aa leida det etter og fekk det med seg heim. No hadde han tvo gjeiter. Det var alltid noko til aa byrja med. Men det kunde nok endaa verta lenge fyrr han fekk ein heil flokk, som han so lenge hadde ynskt seg. Han hadde vore heile fire vikor ute paa ferd denne gongen, og glad var han daa han kom heim og kunde leggja seg i den gode hengkøyi si um kvelden. Han hadde nok fenge sjaa mykje paa denne ferdi; men stræ valt hadde det vore. Han hadde aldri vore so glad i den vesle heimen sin som no; her hadde han alt i god skikk ikring seg og hadde so mykje av kvart slag at han kunde berga seg. Heimen var best, endaa um det var berre ein heim paa ei einsam øy.

*

XIII. Paa tridje aaret.

Det leid til den 30te september att, og Ro binson hadde alt vore her paa øyi i tvo aar. Og paa nytt lag takka han Gud som hadde hjelpt han so vel dette aaret og. Han hadde so ofte fyrr vore reint vonlaus, naar han hådde tenkt paa at han kanskje laut vera her i all si tid, langt langt burte fraa hi verdi, og aldri skulde faa sjaa folk meir. Han hadde sete og stirt beint ned i marki og berre vride henderne. Men no tok han det paa ein annan maate, Han vilde nok endaa ovende gjerne koma burt fraa øyi og attende til folk; men han visste med det same at det var slett ikkje berre til det vonde for han, at han hadde kome her. Han hadde lært so mangt her som han kanskje aldri hadde lært elles. Fyrr hadde han aldri brytt seg um anna enn aa fylgja sin eigen vonde hug. Men her hadde han kome til aa tenkja etter; her hadde han lært aa bøygja seg for den allvelduge og gaa til honom med all si naud og faa hjelp hjaa honom. Her hadde sorgi hans og gleda hans vorte av eit reinare slag. Det som hadde sét so vondt og vonlaust ut, hadde vendt seg til det gode. Og kom det endaa vonde og tunge stunder, so las han stødt i skrifti og vende79 iseg tit honom som hev sagt: vil ikkje forlata deg." Ja, rett ei stor heppa var det med den heilage boki som han hadde fenge berga med seg fraa skipet; det var plent som det døre soleis laga og steilt til hans bate. . — Arbeidet hans var mest det same no som fyrr. Og han hadde stødt nok aa gjera. Han maatte sjølv vera veidar og fiskar, hyr ding og jorddyrkar og murar og timbermann, kokar og matsvein og mangt anna, — alt det som so mange folk elles skiftest um. Og mest alt gjekk seint og tungt med den reidskap han hadde, og aaleine som han var. Berre aa hogga til ei fjøl til ei hylla i kjellaren kunde taka utruleg lang tid. Han maatte hogga ned eit stort tre i skogen og so staa der og øksa paa den tjukke stokken paa baae sidor, til det endeleg vart eil slag fjøl utav. Det leid til haustingstidi att, og kornet hans teikna godt. Men so tok villgjeiterne og hararne til aa koma der um næterne og aat paa det og trakka det ned. Han laut til aa setja gjerde kring aakren sin og hadde arbeid med det i nokre vikor. Daa vart han nok kvitt dyri. Men so kom der eit anna av-aat som det var uraad aa stengja ute. Det var fuglarne. Dei kom i svære tjukke flokkar og sat og aat paa kornet. Han skaut inn i a vaat, noko- sont et og øyder.80 flokken, men det hjelpte kje stort; fuglarne fauk berre upp i tréi rundt ikring og sat der som dei vilde ha han til narr, og so snart han gjekk or vegen, slo dei ned i aakren att. Skulde dette vara lenge, so kom dei snart til aa eta upp kvart kornet for han. So freista han ei onnor raad. Han skaut nokre av tjuvarne og hengde dei upp paa ein stake uti aakren. Dette hjelpte svært. Fug larne tok støkken og rømde burt, og sidan saag han ikkje meir til dei paa heile denne sida av øyi. Sist i september var kornet skjert. Han hadde ingen ljaa eller sigd og maatte skjera det med ein kroksabel som han hadde fenge med fraa skipet. Han skar av berre aksi og bar dei heim i ei stor korg,

og sat sidan og plukka dei sund med henderne. Han fekk tvo skjeppor ris og halvtridje skjeppa med bygg. Dette var alt ei heil hausting, og han takka Gud som gav alle gode gaavor. Men koss skulde han no fara aat, naar han skulde laga brød av kornet? Han hadde ingi kvern til aa mala det med, ikkie trdg til aa knoda deigen i, og ikkje bakaromn til aa steikja brødet i, og han hadde heller ikkje nokon gong lært aa mala eller baka. Han fekk lita paa at han alltid fann paa ei raad etterkvart; for han hadde god tid til aatenkja paa det. Han vilde ikkje bruka upp noko81 av kornet denne gongen heller; han vilde gjøyma alt og ha det til saakorn næste gongen. Men til alt dette saakornet maatte han ha meir aaker. Han valde seg eit godt jord stykke so nær heimen sin som raad var og tok straks til aa brjota det upp, og paa nytt lag fekk han daa kjenna kor tungt og stræv samt alt var for den som budde aaleine paa ei vill øy. Han maatte gong paa gong gjera upp atter det som manne-ætti hadde funne paa til aa hjelpa seg med frametter tiderne. Han hadde ingen plog eller jarnspade og ingi hakka til aa grava upp jordi med ; han hadde kje anna hell tre-spadar som han sjølv hadde laga seg, og dei var baade tunge aa arbeida med og vart snart utslitne. Og daa han ende leg hadde fenge aakren upp og saatt kornet, hadde han ingi horv til aa faa det ned i moldi med. Han maatte hjelpa seg med ei stor kvistutt grein som han gjekk og drog att og fram. So laut han setja upp gjerde kring heile denne nye aakren og. Til gjerde fang bruka han berre det treet som voks ut att naar ein stakk det i jordi; daa fekk han etterkvart eit livande gjerde her og. Daa regntidi kom, heldt han seg helst inne att og arbeidde med eitkvart der, og med det same freista han aa læra papegøyen aa tala. Han kalla 'n Poll ; dette var det fyrste 1182 ordet han fekk fuglen til aa segja, og det fyrste ordet han hadde høyrt paa lenge fraa nokon annan hell seg sjølv. Han var reint glad daa han høyrde det. Daa det vart varmt solskin att, tok han til med eit arbeid som han alt lenge hadde tenkt paa. Han fann seg eit slag leirjord og vilde laga seg leir-kar og turka dei i soli. Han trong dei til aa ha korn og mangt anna i, slikt som det galdt aa halda vel fritt for væta. Men det gjekk ikkje so lett dette. Han freista vel dei hundrad gongjerne fyrr han fekk til nokoslag bidne som hekk ihop; dei datt sund millom henderne paa han, eller sprakk sund i soli. Men endeleg so fekk han daa til eit par store leirkrukkor som heldt, og fekk turka dei i soli. Dei var nok ikkje vidare vene; men det fekk vaaga seg, naar dei berre var brukande. Han bar dei var samt inn og sette dei upp i eit par store kipor som han hadde laga til aa ha dei i. Millom krukkorne og flettverket i kiporne la han turr halm, so dei skulde halda seg godt turre naar han hadde noko i dei. — Sidan freista han aa laga smærre krukkor og pottor og flate borddiskar, og det gjekk mykje betre. Men endaa vanta det mykje paa at desse leirkopparne var gode nok. Dei tolde ikkje at han hadde vatn eller noko anna slag drik83 kande i dei, og han kunde ikkje koka i dei. So var det ein dag han hadde gjort upp ein stor eld og steikt eit stykke gjeitekjøt og bar ut oska etterpaa. Daa fann han eit brot av ei leirpotta som hadde lege der i elden og vorte raudt og hardt som stein. Men naar eit brot vart hardt i elden, so maatte vel heile krukkor og pottor kunna verta harde! Han hadde ingen tanke um korleis dei brende krusety eller fekk det til aa verta glas-slege; han fekk berre prøva seg fram og freista lukka. So tok han tri store leirkrukkor og sette dei attmed einannan uppaa nokre pottor. Rundt ikring lødde han upp med ved, og innunder la han ein haug med gløder. Veden tok snart til aa brenna, og Robinson stod og rakte i elden med ein paak og la paa meir ved etterkvart. Daa var det ikkje rett lenge fyrr krukkorne for til aa raudna inni elden. I heile fem-seks timar heldt han paa so leis og steikte paa dei. Men sistpaa tok elden til aa verta altfor sterk. Sanden som var blanda saman med leiret smelta til glas i den eine av pottorne. Daa skyna han at dei var brende nok. Men han vaaga ikkje aa taka dei ut or elden med ein gong. Dei kunde snart springa sund, naar dei kolna for snøgt. Han let elden og gløderne minka smaatt um84 senn og vart standande der heile natti og saag etter. Daa soli stod upp ura morgonen, hadde han tri brende krukkor og nokre pottor. Den eine av dei var endaa heilt glasslegi av sanden som hadde smelta. Dei saag nok alltid noko uvande ut, men var alle stein harde og heile. So snart dei var kalde tok han ei av pollorne og sette yver elden og fyllte ho med kjøt og riskorn og vatn. Han vilde sjaa um dei var brukande til aa koka i. Og det gjekk godt. Den som var glad var Robinson, og gløymt var alt strævet den lange natti. No kunde han endeleg ein gong faa seg kokt mat. Sidan brende han krukkor og koppar so mange han vilde hava, og var dei ikkje so fine, so var dei like gagnlege for det. So tok han til aa gruna paa koss han skulde faa mala kornet. Aa laga ei kvern var uraad; det var altfor vanskelegt. Han fekk freista aa laga seg ein morter til aa knasa kornet i. Han tenkte fyrst paa aa faa seg ein av stein ; men han kunde ingen stein firma som var høveleg eller stor nok til aa hola ut. Steinen her paa øyi var heller ikkje hard nok ; #det var berre mjukt sandgrjot som muldra seg sund so snart ein støytte paa det. Han visste daa ikkje onnor raad

enn aa laga seg ein morter av tre. Han fann seg ein hard85 kubbe og hola han ut paa same vis som naar indianarane i Brasilia laga seg baatar. Kan brende inn i eine enden paa kubben og skrapa kolet ut etterkvart. Til aa knasa kornet med laga han seg ein tung støytar av hardt jarntre. — Det tridje aaret var snart gjenge, med' han heldt paa med alt dette. Kornet var skjært att; han fekk fullt upp aa gjera med aa hausta inn, og denne gongen vart det ei heil stor hausting. Han fekk fulle alle korgerne sine av aks. Det vart 20 skjeppor av kort slaget. No kunde han trygt taka til aa bruka av kornet. Han hadde meir enn han turvte for heile aaret; for til saakorn trong han ikkje gjøyma meir no enn sist. Det var ikkje ein gong turvande aa saa meir enn ein gong um aaret, naar han hausta so mykje som no. Han tok straks til aa mala paa morteren sin, og sidan reinska han mjølet i eit sold og fekk skalet utor. Dette soldet hadde han og havt mykje stræv med fyrr han fekk det til. Han hadde ingen soldduk og ikkje ein gong eit heilt stykke lereft, og inkje reidskap til aa gjera sold med. Men so fann han sistpaa nokre halsdukar som han hadde havt med fraa skipet, og dei var so vidt brukande til sold. Sd var det aa baka brødet. Det greiddehan soleis: han gjorde seg eit slag aare av brend murstein. Der kveikte han upp eit stort baal og brende so lenge til steinarne var godt gjenomglødde. Daa han so hadde baka brødi ferdige, sopte han gloddungen or vegen og la dei paa aaren, og ovanpaa dei kvelvde han nokre flate leirskaaler som han hadde laga nettupp til dette. So sopa han glod-dungen saman kring leirskaalerne og ovanpaa dei, so dei skulde halda seg godt varme. Daa vart brødi so godt steikte som hjaa nokon bakar. Sidan baka han bollor og anna smaatt bakverk paa same vis. Og godt smaka det aa faa brød no att; for det brødet han hadde berga med seg fraa skipet var ende paa for lenge sidan.

*

XIV.

Robinson byggjer baat.

Det var ein ting Robinson ofte tenkte paa no frametter. Det var det landet han hadde sét langt ute i havet. Det var nok so at der kunde bu ville folk og manne-etarar, som drap alle framande som kom der. Men det han soleis: han gjorde seg eit slag aare av brend murstein. Der kveikte han upp eit stort baal og brende so lenge til steinarne var godt gjenomglødde. Daa han so hadde baka brødi ferdige, sopte han gloddungen or vegen og la dei paa aaren, og ovanpaa dei kvelvde han nokre flate leirskaaler som han hadde laga nettupp til dette. So sopa han glod-dungen saman kring leirskaalerne og ovanpaa dei, so dei skulde halda seg godt varme. Daa vart brødi so godt steikte som hjaa nokon bakar. Sidan baka han bollor og anna smaatt bakverk paa same vis. Og godt smaka det aa faa brød no att; for det brødet han hadde berga med seg fraa skipet var ende paa for lenge sidan.

*

XIV.

Robinson byggjer baat.

Det var ein ting Robinson ofte tenkte paa no frametter. Det var det landet han hadde sét langt ute i havet. Det var nok so at der kunde bu ville folk og manne-etarar, som drap alle framande som kom der. Men det87 var heller ikkje reint uraad at der kunde bu skikkelegt folk, og daa skulde det vera gildt um han ein gong kunde koma yver til dei. Di lenger han tenkte paa dette, di mindre rædd vart han for dei ville folki, og han tok snart til aa gruvla paa koss han skulde faa seg ein baat og koma yver havet. Den baaten dei hadde freista aa berga seg paa, daa skipet gjekk under, hadde drive upp paa land ein stad lenger burte paa øyi og laag der enno inni ein sandbank. Robinson gjekk stad og saag paa han ein dag og freista aa grava 'n ut or sanden og faa han ned til fjøra. Men baaten var for stor og tung. Det var uraad aa raa' med han eller faa han av flekken. Han maatte lata han liggja.

Men baat vilde han no plent ha seg, og so tok han til aa tenkja paa um det ikkje skulde vera ei raad aa laga seg ein baat av ein stor trestokk, liksom indianarane gjorde burti Brasilia. Det maatte endaa vera mykje lettare for honom hell for dei ; for han hadde betre verkty aa hjelpa seg med. Han fann seg eit stort sedertre og tok straks paa med arbeidet. Treet var yver fem fot i tvermaal nedmed roti og jamt tjukt og heilt uppetter til yver ljuge fot yver marki. Det maatte vera meir hell stort nok til baat. Det tok nokre vikor berre aa hogga det enda. So hogg han stokken til og hola 'n ut med88 eit stort hoggejarn. Det var eit hardt arbeid og tok fælt lang tid. Han heldt paa i heile fem maanar fyrr baaten stod der ferdig. Men daa hadde han 6g fenge ein baat som var noko. Det kunde godt sitja yver tjuge mann i han, og Robinson gjorde seg alt store tankar um koss han skulde sigla vest yver havet til Brasilia. Men fyrst maatte han faa baaten ned til sjøen, og det var eit heilt stykke veg. Det var yver 300 fot og bratt og ujamt nedetter. Han hadde ikkje tenkt stort paa dette, so lenge han arbeidde paa baaten. Han trøysta seg med at det vart vel alltid ei raad, naar tidi kom. Men for seint fekk han no sjaa at dette gamle ordtaket ikkje alltid var aa lita paa. Det var eit anna ord og som ein laut hugsa, dersom det skulde gaa godt: naar du tek paa med noko, so tenk alltid fyrst paa koss du skal fullføra det." Det var det han ikkje hadde gjort. Baaten var so stor og tung at han ikkje orka faa han av flekken. Det hjelpte ikkje alt det han stræva og alt det han sleit. Det var likso raadlaust som aa flytja eit fjell. So vilde han laga eit slag renna som baaten skulde gaa i ned til sjøen. Men daa han hadde halde paa og grave i nokre dagar, skyna han at dette var likso raadlaust. Det var eit arbeid som han kunde faa halda paa med i nokre aar. Det var daaikkje onnor raad enn aa lata baaten staa der han stod. Til inkjes hadde alt hans stræv vore i denne lange tidi. Han var baade leid og arg. Det einaste han hadde att av alt dette var at han hadde lært til ein annan gong; for av skade vert ein vis og ikkje rik.

*

XV. Fjorde aarsdagen. Robinson lagar seg klæde og ny baat.

Daa han enno heldt paa og arbeidde paa den store baaten, kom fjorde aarsdagen hans her paa øyi. Han heldt minnefest som sist og var likso roleg og med godt mod som daa. Naar han tenkte paa hi verdi var det som ho kom lenger og lenger burt for han; det var liksom noko han ikkje hadde meir aa gjera med og ikkje meir aa venta seg av.

Men var han avstengd fraa all den andre verdi, so hadde han med det same kome burt fraa so mykje av det vonde i verdi og freistingarne der var. Her hadde han ingen ting sers aa traa etter, naar han berre hadde det han berga seg med, og det hadde han ikkje onnor raad enn aa lata baaten staa der han stod. Til inkjes hadde alt hans stræv vore i denne lange tidi. Han var baade leid og arg. Det einaste han hadde att av alt dette var at han hadde lært til ein annan gong; for av skade vert ein vis og ikkje rik.

*

XV. Fjorde aarsdagen. Robinson lagar seg klæde og ny baat.

Daa han enno heldt paa og arbeidde paa den store baaten, kom fjorde aarsdagen hans her paa øyi. Han heldt minnefest som sist og var likso roleg og med godt mod som daa. Naar han tenkte paa hi verdi var det som ho kom lenger og lenger burt for han; det var liksom noko han ikkje hadde meir aa gjera med og ikkje meir aa venta seg av.

Men var han avstengd fraa all den andre verdi, so hadde han med det same kome burt fraa so mykje av det vonde i verdi og freistingarne der var. Her hadde han ingen ting sers aa traa etter, naar han berre hadde det han berga seg med, og det hadde han90 alltid. Han raadde yver heile øyi og kunde gjerne kalla seg konge her, dersom han vilde. Han kunde gjerne dyrka heile skips laster med korn; han kunde skjota dyr og fugl det han vilde; han kunde

firma frukt nok til aa lasta heile skip med, og mangt anna. Men han hadde ikkje bruk for slike mengder. Han hadde ikkje bruk for meir enn det han turvte til aa liva av og kunde klara seg med. Samla han paa meir, so kom det berre til aa liggja og rotna burt. Dette heldt honom fri for all havandsykja og all tråa etter vinning, og alt det vonde som havand sykja dreg etter seg. Kor lite verdt det var aa eiga meir enn ein turvte, naar ein budde aaleine soleis som han, skyna han best naar han tenkte paa dei pengarne han hadde fenge med seg fraa skipet. Det var yver 200 dalar. Men kva bate hadde han av dei no ? Han skulde gjerne ha gjeve ei handfull pengar berre for ei liti tobakspipa. Ja, han skulde gjerne gjeva alle dei 200 dalarne berre for litegrand næpe- eller gulerotfræ eller ei flaska med blekk til aa skriva med. So lite verd hadde pengar i seg sjølv, naar ein ikkje kunde gjera noko med dei. — Han hadde i eit og alt lært seg til aa sjaa paa det han hadde og ikkje paa det han vanta. Daa saag han kor mykje han hadde aa takka for, og han skyna at naar det var so mange i91 verdi som var misnøgde, so kom det seg oftast av at dei ikkje hadde vit paa det gode dei hadde og ikkje var takksame nok for det. — lein ting hadde det gjenge til atters for Robinson, alt med det hadde gjenge so fram paa andre maatar. Klædi hans hadde vorte reint utslitne og ende paa frametter desse aari. Han maatte sjaa aa laga seg nye klæde og verta skræddar, attaat alle dei andre hand verki han dreiv med. Det var nok ikkje mykje klæde han trong her som var so varmt. Men naken var det ikkje raad aa gaa. Ein vart reint forbrend av solhiten naar ein ikkje hadde noko paa seg. Han hadde endaa liggjande nokre tjukke sjømanstrøyor som han ikkje kunde gaa med her. Av dei laga han seg nye trøyor so godt han kunde, og andre klæde gjorde han seg av skinn. Han hadde turka og gjøymt skinni av alle dei dyri han hadde skote her fram etter aari, og dei kom vel med no. Han laga seg fyrst ei stor skinnhuva som kunde halda ute baade sol og regn. Sidan sauma han seg buksor og jamvel ei trøya av skinn- Dei var nok alltid noko slamsne, desse skinn, klædi, og ikkje plent etter nyaste mode; men han var hjelpen med dei, og daa var dei gode nok. Ein annan ting arbeidde han og lenge med. Det var ein stor regnhatt, eller solhattum ein so vilde kalla 'n, ein slik som han hadde set dei bruka i Brasilia. Han klædde hatten med skinn ovanpaa og laga 'n soleis at han kunde slåa han saman og bera han under armen, naar han det vilde. Robinson gjekk sidan med denne digre hatten yver seg baade i solskin og regn og hadde mykje gagn av han. Soleis gleid det femte aaret og til endes, og ingen ting uvanlegt hende. Det var stun der daa han mest ikkje ynskte seg attende til andre folk ; men heilt fri for aa lengta var han likevel aldri. Han hadde teke til aa gjera seg ein baat no att, og denne gongen bar han seg klokare aat hell sist. Han hadde funne seg eit em ningstre eit stykke fraa clvi som rann burtan for der han budde, og han gjorde ikkje baaten so stor denne gongen. Daa han hadde fenge han ferdig, grov han ei stor renna uppetter fraa clvi og fekk ho til aa renna full av vatn. Der fløytte han baaten ned aat clvi, og der fraa var det daa lett gjort aa faa han ut i sjøen. Daa hadde han arbeidt med denne baaten i mest tvo aar.

*

XVI.

Robinson er ute og sigler.

Daa Robinson arbeidde paa den fyrste baaten, var det tanken hans at han vilde sigla vest yver havet til landet der. Men med den vesle baaten han no hadde fenge seg, var det ikkje vaagande aa gjera ei slik lang ferd. Det kunde gaa gale. Men kunde han ikkie koma yver havet, so skulde det vera moro aa sigla rundt øyi og sjaa koss der var laga alle stader. Han hadde sett master og segl paa baaten og prøvt han utpaa sjøen nokre gongjer og sét at han var rett god til aa sigla. So budde han seg til ferd. Han bar mat og vatn og lod for ei heil tid ut i baaten og budde seg godt med klæde; for han visste at det kunde vera svalt um næterne utpaa opne havet. Sol hatten sin sette han fast paa ei stong upp yver roren, og so tok han av stad, den 6te november i det sette aaret etter han kom hit til øyi. Daa han for sudetter paa austsida av øyi, raaka han paa ei mengd med skjer og ein lang sandbank. Han maatte sigla langt ut i havet fyrr han kom ned til sudpynten. l o å, krut og kulor, amnjunitiou.94 » Der gjekk han i land og saag seg ikring. Det var djupt nok her og fritt for skjer ; men straks utanfor odden gjekk det ein strid straum som kunde vera faarleg, og det bles sterkt beint imot straumen, so det var sterk sjø gang. Han venta her i eit par

dagar. Daa stillna det av att, og so gjekk han aat baaten og vaaga seg lenger. Men det kom han til aa trega; for han var ikkje komen langt fyrr han kom ut i straumen og vart riven med ut til havs. Baaten lydde kje roren lenger, og det hjelpte ikkje alt det han kava og rodde. Han berre dreiv lenger og lenger utyver og skyna ikkje koss dette skulde enda. Han kunde til slutt driva so langt av, at han kom til aa svelta i hel utpaa ville havet, eller han kunde koma inn i ein kvervel millom tvo straumar og baaten gaa under. Han sat sist paa berre og rette armarne attende mot øyi si og saag paa koss ho kom lenger og lenger ifraa. Denne øyi som han ein gong hadde tykt var eit fengsel, tykte han no var som eit paradis, og han ynskte seg ingen ting høgre enn aa faa koma dit att. Soleis gjeng det so ofte: ein karm tykkja at ein ikkje hev det godt og vera misnøgd, men so snart ein fær det verre, ser ein kor godt ein hev havt det. Men det dugde ikkje aa sitja og orvonast. Han maatte freista aa berga seg so lenge han kunde. Han tok til aa ro atj alt det han95 vann, og heldt seg so mykje som raad var til den sida av straumen som snudde mot sandbanken. Daa det leid fram til middags tid, tok det til aa blaasa litegrand fraa sud, som vel var, og smaatt um senn auka det paa til ei frisk havgula. Han fekk upp seglet og tok snart til aa glida mot nord att, imot straumen. Og paa høg tid var det; for øyi var alt fælande langt burte, og hadde det kome litegrand skodd, kunde ho snart kome reint burt for han. Daa det leid um eit bil, vart vatnet klaa rare og straumen lognare. Straks etter saag han at havet braut mot nokre skjer eit stykke austanfor. Dei kløyvde straumen i tvo, var det likt til, og attanfor dei var det eit slag bakevja som gjekk mot nordaust. Han kom seg inn i denne evja, og daa laga det seg til bergings etterkvart. Straumen førde han eit godt stykke innetter mot øyi. Sidan siglde han resten av vegen og kom seg sistpaa godt og vel i land langt sud paa øyi ein stad. Det fyrste han gjorde, daa han kom upp paa strandi, var at han la seg paa kne og takka Gud for han var so vel berga. Det var reint som eit under. Han tykte han var lik som ein som var teken til naade paa rettar staden, eller som var berga or henderne paa mordarar.96 No daa han var berga, kjende han fyrst rett kor trøytt og utmasa han var. Han aat ein grand av nista si og drog baaten upp i ei liti vik. So la han seg til aa sova paa marki ei god stund, og kjende seg godt ut kvild daa han vakna att. Men korleis skulde han no koma heim att med baaten sin? Han vaaga ikkje aa fara attende den same vegen som han hadde kome, og korleis det kunde vera aa fara upp paa vestsida av øyi, visste han ingen ting um. Han hadde heller ikkje mykje hug til aa vaaga seg ut paa nye eventyr. Han vart liggjande der han var til næste dagen. So tok han til aa ro vestetter langs med strandi. Han laut nok leggja baaten etter seg her ein stad so lenge, og han vilde sjaa aa firma ei god hamn aat han. Daa han hadde rott ei halv mils veg, kom han til ei vik som gjekk eit langt stykke inn i landet. Ho smalka av innetter og enda i ein liten elve-os. Der fann han ei ovende god hamn for baaten og batt han godt fast. So tok han byrsa og solhatten med seg og gjekk uppetter langs med strandi og vilde sjaa aa firma greida paa kvar han var. Det var ikkje lenge fyrr han kjende seg att og kom dit som han hadde vore fyrr, nedmed strandi paa vestsida. Derifraa tok han vegen tvert yver øyi og kom um kvelden fram tilsumarhytta si. Han kleiv yver gjerdet og la seg straks til aa sova paa marki, trøytt som han var etter den lange ferdi. Men han hadde kje sove lang stundi fyrr han vart vekt att av noko som ropa: Robin, Robin Kruso! arme Robin Kruso, kvar er du? kvar er du?" Han trudde fyrst det var berre noko han hadde drøymt. Men daa han høyrde dei same ordi ein gong til tett attmed seg, sprang han upp og var reint forskræmd. Var det eit menneskje som ropa, eller var det ei aand? — Daa fekk han auga paa Poll, papegøyen sin, burtpaa gjerdet, og skyna at det var han som ropa. Fuglen maatte ha leita etter han her i sumarhytta; for han hadde ofte vore med hit og var godt kjend paa vegen. Og dei ordi han hadde ropa, hadde Robinson sjølv lært han. Han ropa paa Poll, og so kom fuglen straks og sette seg paa handi hans og tok upp atter dei same ordi endaa ein gong: Robin, Robin, arme Robin, kvar er du?" Det var plent som fuglen var glad og fegen daa han fekk sjaa eigarmannen sin att.

*

XVII.

Robinson fangar gjeiter.

Robinson hadde fenge nok av sjøen for lang tid no, og baaten hans vart liggjande paa den andre sida av øyi, langt

ifraa der han hadde heimen sin. Han tenkte nok ofte paa um det ikkje skulde vera ei raad aa faa han hit att; men han vaaga ikkje aa gjera nokon freistnad. Han kunde koma ut i straumar eller andre faarar fyrr han visste ordet av. Det var leidt at han soleis skulde faa so lite gagn av denne baaten som han hadde havt so mykje stræv med; men det var ingi raad med det. Han maatte slåa seg til ro med aa vera utan baat som fyrr. So heldt han seg heime att og hadde det fredsamt og stillt i lang tid, og klaga ikkje yver at han maatte vera so langt ifraa folk. Han hadde alltid eitkvart aa gjera og vart meir og meir nevehendt og dugande i alt sitt yrke, etterkvart som aari gjekk; for naudi er alltid den beste lære meister. Han lærde seg til aa svarva leir pottorne sine, so dei vart fint runde, og han visste seg jamvel ei raad til aa laga seg tobaks pipor av leir. Han garva ler, han arbeidde ei mengd med allslags korgjer og gjorde arbeids reidskapen sin betre etterkvart.99 Soleis gjekk tidi og aari, og han hadde alt vore her paa øyi si i heile ti aar no. Daa gaadde han at krutet hans tok til aa minka stygt, som venteleg var, naar han hadde øydt av det so lenge, og krut kunde han aldri laga seg sjølv. Dette var ei leid knipa. Men det dugde ikkje aa vera raad laus no meir hell fyrr. Han laut firma paa ei raad til aa faa tak i dyri og faa livet av dei paa ein annan maate hell med krut og kulor. — Han hadde ei tid tenkt mykje paa aa faa seg ein heil flokk med tamde gjeiter, men ikkje visst seg raad til aa faa tak i fleire hell den han ein gong fekk fanga, og den var sjølvdaud no for lenge sidan. Men no tok han for aalvora til aa tenkja paa dette her att. Han freista fyrst aa taka villgjeiterne i snaror. Men det let seg ikkje gjera. Han fann stødt snarorne sundrivne eller sund togne. So laga han seg eit slag fellor til aa taka gjeiterne i. Han grov holor i jordi der han visste at dei heldt seg mest, og la riskorn og bygg ned-i til lokkemat. Og uppyver la han eit flettverk som skulde detta ned og stengja gjeiterne inne, naar dei kom ned i hola. — I fyrste laget gjekk det ikkje godt med dette heller. Gjeiterne kom og aat upp lokkematen, men kom ikkje i fellorne. Men han dreiv berre paa og gjorde fellorne betre etterkvart,100 Og det hjelpte. Daa han kom ut i skogen ein morgon, laag det ein bukk i ei av holorne og tri smaa gjeiter i ei onnor. Bukken var so olm og sterk at Robinson vaaga seg ikkje ned i hola til han og kunde ingen ting gjera med 'n;l han laut sleppa han laus att. Men dei tri smaa gjeiterne fekk han godt og vel heim og sette dei i tjor ut paa marki. Dei var fælt rædde av seg i fyrste laget og vilde ikkje eta; men um nokre dagar fekk han dei til aa eta grøne kornstråa som han bar burt til dei. So maatte han laga seg ein hage til aa hava dei i. Han fann seg ei fin gras-slett langsmed ein bekk og gjerde inne eit stykke som var paa lag 200 alner langt og 150 alner breidt. Der kunde han faa rom for mange gjeiter, og naar flokken voks kunde han gjerda inn fleire jordstykke etterkvart. Han hadde dei tri gjeiterne gangande i tjor tett attmed seg, daa han heldt paa og sette upp gjerdet, og gjekk ofte heim etter byggaks og risstraa til dei. Daa vandest dei snart med aa sjaa han, og daa han sidan slepte dei lause inni hagen, var dei alt so tamde at dei kom og aat or henderne hans og fylgde han kvar han gjekk. Daa han soleis hadde gjort det fyrste til taket, var det ikkje lenge fyrr gjeiteflokken hans voks. Halvtanna aar etter hadde han alt tolv gjeiter, og eit par aar seinare hadde Robinson og gjeiterne hans. han heile 43 stykke, endaa han alt hadde slagta ikkje so faa. Han hadde daa gjerdt inn fem jordstykke attaat det fyrste. Han hadde grindar fraa det eine til det andre, og naar han vilde taka gjeiterne, jaga han dei inn i smaa kvier attmed grindarne.

No kunde han faa seg kjøt so mykje han vilde, um han aldri gjekk paa veiding, og han fekk gagn av gjeiterne paa onnor vis og. Han lærde seg til aa mjølka dei og laga seg smør og ost. Det gjekk nok ikkje so greidt i fyrstningi; han hadde aldri mjølka fyrr, og aldri sét koss dei laga smør. Men um ei tid102 greidde han dette og ; han lærde no som all tid daa han hadde gjort ei heil mengd med mistak. — Han laut stundom tenkja paa kor gildt det skulde vore, um han no attaat alt det andre hadde havt seg ei kona i huset. Men xiet var ein gong noko som ikkje kunde so vera. Men so radt aaleine var han ikkje no heller, naar han sat ved middagsbordet sitt. Poll sat dey alltid framfyre han, og dei drøste rett som det var nokre ord. Paa høgre sida sat hunden; han for no til aa verta gamall og skral, og han hadde aldri funne noko-slag dyr her som han kunde øksla seg med ; han var aaleine liksom husbonden.— Paa andre sida hadde Robinson tvo fine kattar som sat og venta paa aa faa sin part av maten. Men dette Var ikkje dei tvo han ein gong hadde havt med fraa skipet. Dei var for lenge sidan slokna, og han hadde sjølv grave dei ned. Men dei hadde fenge ungar med eit slag vill kattar paa øyi, og tvo av dei var det han no hadde i huset. — Det var ein ting han ikkje kunde gløyma eller slåa seg heilt til ro med; det var at baaten hans skulde liggja til inkjes paa den andre sida av øyi. Dei faararne han hadde kome ut for paa den fyrste ferdi tykte han ikkje var so store no lenger, og so sette han seg ein dag fyre at han vilde av og103 sjaa betre etter koss

straumarne gjekk kring sudparten av øyi. Kanskje det kunde vera ei raad til aa koma fram med baaten, kor som var, naar han for varlegt fram. Dagen etter tok han alt i vegen, og me skal no høyra koss han saag ut der han gjekk. Paa hovudet hadde han ein høg kluntutt hatt av gjeiteskinn, med eit stort brot paa som hekk heilt ned yver akslerne. Trøya hans var og av gjeiteskinn, og kring livet hadde han eit breidt belte som han feste med reimar i staden for med spennor. Buksorne var av skinnet av ein gamall bukk; dei var fælt raggutte og rokk til ned-yver knéi. Paa føterne hadde han eit slag skinn-styvlar ; dei rakk upp paa leggjerne eit stykke og var ikkje altfor line. I beltet bar han ei liti øks og ei sag; i ei lérreim yver høgre oksli bar han ein pung med krut og ein med hagl i; paa ryggen bar han ei liti korg, paa oksli hadde han ei byrsa, og uppyver seg bar han den store solhatten; den gjekk han stødt med, um han so berre gjekk eit lite stykke fraa stova si. Dette gjorde vel mykje til at han ikkje enno var reint brunbrend som ein mulat. Skjegget sitt hadde han klypt av etterkvart, so nær som paa yvermunnen ; der hadde det fenge veksa so langt det vilde, so han no gjekk med barter som den morskaste her mann eller turk. — Han kunde kje anna brot, hattebrot, oudstaaencle bræm".hell tenkja paa kva folk vilde sagt, dersom dei no hadde fenge sjaa han soleis paa gata heime i York i England. Dei hadde nok baade glant og lætt.

Soleis uthyrd tok han daa i vegen. Han fylgde strandi sudetter og gjekk upp paa den fjelltoppen som han hadde vore paa ein gong fyrr, daa han saag etter straumarne kring sudpynten av øyi. Havet var heilt stillt og rolegt alle stader no. Han kunde ikkje skyna dette og vart standande der og saag og stirde, alt til sjøen fjøra ut um kvelden. Daa kom straumen Robinson er ute og gjeng.att, men gjekk mykje lenger ut ifraa land no hell den gongen han rek av med baaten. Det maatte daa vera lett gjort aa koma rundt øyi med baaten, naar han berre passa paa i flodtidi, tenkte han; men han vaaga likevel ikkje aa gjera aalvor av det. Han kunde kje gløyma den store faaren han hadde vore i sist. Han fekk heller tenkja paa aa laga seg ein ny baat, so han kunde ha ein paa kor sida av øyi. — Han hadde ofte gjenge yver til andre strandi og sét um baaten sin frametter aari og alltid halde han godt i stand, um han ikkje hadde havt vidare gagnet av han; og av og til hadde han flakka eit lite stykke utpaa langs strandi for moro.

*

XVIII.

Robinson ser noko fælslegt.

Han heldt seg helst uppi sumarhytta si no um dagarne. Gjerdet ikring hadde vakse høgt og tett som ein skog, og han hadde laga det hugsamt og fint inni sjølve hytta.

So var det ein morgon han vilde av og sjaa um baaten sin att. Han bar solhatten J 14 att, men gjekk mykje lenger ut ifraa land no hell den gongen han rek av med baaten. Det maatte daa vera lett gjort aa koma rundt øyi med baaten, naar han berre passa paa i flodtidi, tenkte han; men han vaaga likevel ikkje aa gjera aalvor av det. Han kunde kje gløyma den store faaren han hadde vore i sist. Han fekk heller tenkja paa aa laga seg ein ny baat, so han kunde ha ein paa kor sida av øyi. — Han hadde ofte gjenge yver til andre strandi og sét um baaten sin frametter aari og alltid halde han godt i stand, um han ikkje hadde havt vidare gagnet av han; og av og til hadde han flakka eit lite stykke utpaa langs strandi for moro.

*

XVIII.

Robinson ser noko fælslegt.

Han heldt seg helst uppi sumarhytta si no um dagarne. Gjerdet ikring hadde vakse høgt og tett som ein skog, og han hadde laga det hugsamt og fint inni sjølve hytta.

So var det ein morgon han vilde av og sjaa um baaten sin att. Han bar solhatten J 14uppyver seg og gjekk der i andre tankar, alt til han var komen ned aat strandi paa vestsida av øyi. Daa vart han med eitt standande som klumsa og stirde nedfyre seg som han skulde sjaa ei skræmsla. Kva var det daa for noko fælt han saag? Det var eit far etter ein mannefot i sanden, greidt og klaart, med tær og fotblad og hæl! Daa han endeleg sansa og fjaadde seg att, tok han til aa springa att og fram paa strandi og saag etter um der var fleire far, eller um der var folk attmed; han sprang upp paa ein bakke og Robinson ser eit mannefar.107 ned atter og for inn i buskarne og lydde; men åer var ingen ting anna aa sjaa enn dette eine faret, og ingen ting aa høyra, og han for mest til aa tru at det var berre ei synkverving alt saman. Men daa han kom attende til faret og saag betre paa det, kunde det ikkje vera tvil um kva det var. Dette var skilleg eit far etter eit menneskje og ikkje noko anna. Han vart paa nytt lag som fraa seg av rædsla og visste kje anna aa gjera enn aa skunda seg heim att til borgi si. Det var som jordi brann under han der han gjekk, og han tykte han saag eitkvart livande løyna seg attanfor kvar busk. Daa han kom heim, stengde han seg inne so godt han kunde; men han var enno like uroleg og fekk ikkje svevnen paa augo heile natti etter. Det uhuglege mannefaret gav honom ingen fred. Der hadde vore folk burt paa strandi, det var altfor visst, og han hadde fraa fyrste stundi skyna kva slag folk det daa var. Det kunde kje vera anna hell ville manne-etarar fraa fastlandet eller fraa øyarne burti havet. Dei kunde ha vorte drivne hit av storm og straumar, eller ha gjort seg eit kvartslag ærend hit, og sidan siglt sin veg att. Ei stor lukka var det no, at han budde paa denne sida av øyi, og at han ikkje hadde raaka dei daa dei var i land derburte. Men hadde dei vore der ein gong, so kunde deiRobinson rømer heim. koma hit fleire gongjer og. Dei kunde ha sét baaten hans og skyna at her var folk og koma og leita han upp og drepa han og røva alt han aatte.

Han var so forskræmd at han vaaga seg ikkje ut um døri i mange dagar og var nær paa aa missa all von. Men so hugsa han korleis han hadde vorte berga or so mange faarar fyrr, og korleis Gud i so mange aar hadde hjelpt han og halde si hand yver han her paa øyi. Han hugsa dei ordi i skrifti: „Kalla paa meg den dagen du er i naud, og eg vil hjelpa deg, og du skal lovamitt namn.“ Og Gud hadde vel ikkje gløymt han enno. — Han kom seg til aa beda um hjelp i naudi og las sidan i skrifti. Daa vart han rolegare att og vaaga seg sistpaa ut og saag til gjeiterne sine og mjølka dei. Men han var enno kaldlege rædd naar han kom ut; han gjekk berre og saag seg ikring som ein tjuv. Soleis gjekk det ei heil tid, og han korkje saag eller høyrde nokon ting som var til aa ottast for. Daa vart han modigare etterkvart, og ein dag vaaga han seg heilt burt til strandi der han hadde sét faret. Han hadde sistpaa kome til aa tenkja paa at det kanskje berre var eit far etter seg sjølv han hadde sét. Han kunde ha gjenge der ein gong han ikkje hugsa etter, og so skræmt seg av inkjevetta, liksom folk som vert skræmde av sin eigen skugge. Men daa han kom fram, saag han at dette aldri kunde vera far etter hans eigen fot. Det var mykje for stort. Her maatte ha vore andre folk likevel. Naar han tenkte seg um, so var det heller ikkje so underlegt um villmennerne hadde vore her. Øyi laag ikkje so fælt langt fraa landet derburte, og her var fint og grøderikt, so det alltid kunde lokka dei hit av og til; og naar dei daa ikkje hadde vore her meir enn denne eine gongen i alle dei aari h*an hadde butt her, var det ikkje til aa veita so110 reint vitskræmd av. Men han maatte ha augo betre med seg no hell fyrr og halda seg betre løynd, og han maatte vera godt budd paa aa verja seg, um dei nokon gong skulde faa teften av at han var her. Det var alt tolv aar no sidan han ein gong sette ei rekkja med tre i ein halvring eit stykke utanfor gjerdet sitt. Dei hadde med aari vakse seg store og høge. Han tok no og tetta godt til med paalar og flettverk millom tréi, og innan for sette han upp ein tjukk og fast jordvoll. Den inngangsdøri han hadde gjenom ein gang i berget, kom no innanfor dette nye festnings verket. Han laga sju smaa holor i det nye gjerdet, og i kvar av dei sette han ei byrsa Dei stod der som kanonor i ei festning, og han kunde fyra dei av alle-saman i ti minuttar. Han hadde arbeid med dette i nokre maanar og hadde ikkje rett fred paa seg fyrr han var ferdig. Eit heilt stykke utanfor det nye gjerdet sette han til slutt ei mengd med smaatre, av det slaget som voks so fort. Dei tok snart til aa veksa, og um nokre aar hadde dei vorte til ein heil tett skog, so ein minst skulde tru at det budde folk innanfor all denne rapen. Men millom denne skogen og gjerdet let han det vera eit ope rom, so han kunde sjaa um der kom nokon, og faa skot paa dei um det var fiender.Naar han sjølv skulde ut og inn, laut han bruka stige no att

liksom dei fyrste aari. Men han kleiv ikkje ut yver baae gjerdi. Det hadde vorte for strævsamt. Han sette ein lang stige upp til ei liti skor i berget beint uppyver hola si. Fraa skori sette han upp ein mindre stige som rakk upp paa høgdi av berget. Der var det lett aa springa upp og ned, og naar han var heime, tok han baae stigarne ned. Ingen kunde daa koma ned der, utan dei vaaga liv og lemer.

*

XIX.

Robinson finn mannebein.

Daa Robinson soleis hadde trygda seg sjølv og huset og heimen sin, tok han til aa tenkja paa koss han skulde berga gjeiterne sine, um noko gale skulde henda. Han skyna straks at han ikkje kunde ha dei alle paa *ein* stad lenger. Han laut ha ein flokk ein annan stad, eller helst ha dei skilde i nokre flokkar. Miste han dei daa den eine staden, so kunde han ha dei andre flokkarne att. Det galdt daa aa finna gode gjøymsle for dei Naar han sjølv skulde ut og inn, laut han bruka stige no att liksom dei fyrste aari. Men han kleiv ikkje ut yver baae gjerdi. Det hadde vorte for strævsamt. Han sette ein lang stige upp til ei liti skor i berget beint uppyver hola si. Fraa skori sette han upp ein mindre stige som rakk upp paa høgdi av berget. Der var det lett aa springa upp og ned, og naar han var heime, tok han baae stigarne ned. Ingen kunde daa koma ned der, utan dei vaaga liv og lemer.

*

XIX.

Robinson finn mannebein.

Daa Robinson soleis hadde trygda seg sjølv og huset og heimen sin, tok han til aa tenkja paa koss han skulde berga gjeiterne sine, um noko gale skulde henda. Han skyna straks at han ikkje kunde ha dei alle paa *ein* stad lenger. Han laut ha ein flokk ein annan stad, eller helst ha dei skilde i nokre flokkar. Miste han dei daa den eine staden, so kunde han ha dei andre flokkarne att. Det galdt daa aa finna gode gjøymsle for dei112 som han skilde ifraa. Han tok til aa leita kringum paa øyi og fann snart ein stad som var nettupp soleis som han vilde hava 'n. Det var ei liti opi grasmark midt inni ein tett skog i den dalen som han ein gong hadde villa seg burt i. Han tok straks til aa setja upp eit gjerde rundt ikring, og paa mindre enn ein maanad hadde han alt fenge det ferdigt. So tok han ti unge gjeiter og tvo bukkar og flutte dit. Der var dei so godt gjøymde at det maatte vera reint som eit under um nokon fann dei. Det var alt gjenge tvo aar sidan han saag det manne-faret som sette slik støkk i han. So var han ein dag ute og gjekk att og vilde firma ein giøymestad for ein annan flokk gjeiter. Han var komen fram paa eit høgde drag ut imot vestpynten av øyi, ein stad som han ikkje hadde vore fyrr. Daa saag han med eitt noko liksom ein svart prikk langt uti havet. Var det ein baat? Han stirde og stirde so augo verkte, men kunde ikkje faa nokor greida paa kva det var. Han hadde liggiande ein kikar heime, og det kunde vore god hjelp um han hadde havt den no; men det vilde taka for lang tid aa gaa alt heim etter han. So tok han til aa gaa ned imot strandi, og det han hadde sét kvarv snart burt. Han gjekk der i sine eigne tankar og ottast ingen*Ill. B. Le Fanu.* Robinson ser mannebein.114 ting ilt. Men so med ein gong saag han ei syn so fæl framfyre seg, at han stod reint som stivna av rædsla. Rundt ikring paa strandi laag det i store mengder med hovudskoltar og bein og hender og føter av menneskje, og ein stad var det grave ei rund hola i jordi som var full av kol og oska etter eit stort baal. Han skyna med ein gong kva det var. Det var ville manne-etarar som hadde vore her og halde eit av dei fæle festmaali sine, og der kring elden maatte dei ha sete og steikt og ete kjøtet. Han var so teken av det han saag at han lenge ikkje ein gong tenkte paa kor stor ein faare dette var for han sjølv; han tenkte berre paa kor endelaust djupt menneskje

kunde søkkja ned i vill mannskap og raaskap. Han hadde nok alle dagar høyrt tale um at det fanst folk som aat mannekjøt; men kor fælt det var hadde han aldri gjort seg nokon rett tanke um fyrr. Det var so elgjelegt aa sjaa paa desse leiv ningarne, at han sistpaa fekk ilt i magen der han stod og laut snu seg or vegen eg kasta upp. Daa var det som han kjende seg noko lettare, og han skunda seg og gjekk derifraa; han orka kje sjaa paa dette lenger. Han tok paa heimvegen med det same og gjekk berre og takka Gud for han var fødd hjaa115 kristne folk i eit kriste land og ikkje millom desse fæle villmennerne. Daa han kom heim til huset sitt, kjende han seg rolegare enn som ventande kunde vore etter det han hadde sét. Han skyna no, at naar villmennerne kom ut til denne øyi, so var det ikkje for di dei vilde leita etter nokon ting her eller slåa seg til her. Dei visste nok fraa fyrr at her ikkje var noko sers aa finna som dei kunde ha gagn av. I attan aar hadde han no vore her og aldri raaka eller sét nokon av villmennerne, og han kunde kanskje vera her i attan aar til og endaa vera usedd og i fred for dei. Naar dei av og til kom hit, maatte det vera av eit slumpehøve, eller for di dei vilde halda eit festmaal paa mannekjøt her paa denne ein same øyi. Men um han ikkje plent hadde so mykje meir aa ottast for no enn fyrr, so gjekk han likevel alltid med ein støkk i seg for det stygge han hadde sét, og han var stødt noko meir varsam enn han hadde vore fyrr. I heile tvo aar heldt han seg heime paa sine eigne kjende grunnar og gjekk aldri lenger enn ut til sumarhuset sitt eller ut til den nye gjeite hagen i skogdalen. Men smaatt um senn kjende han seg tryggare att og tok til aa ferdast lenger ikring liksom fyrr um aari. Det var altfor langsamt aa halda seg berre116 paa ein stad. Men han hadde augo godt med seg enno, og han var alltid rædd for aa løysa av eit skot. Det var stødt ein faare for at villmennerne kunde høyra det, dersom dei var i land paa øyi nokon stad. Men som vel var, so var det ikkje ofte han turvte skjota no, daa han hadde so mange tamde gjeiter. Og fanga han villgjeiter av og til, so tok han dei alltid i snaror eller fellor. Han løyste soleis mest ikkje eit ei naste skot i heile tvo aar. Men han bar stødt ei ladd byrsa med seg, naar han var av og gjekk, og i beltet hadde han tvo pi stolar og eit blank-slipa sverd som han hadde teke med fraa skipet. Det var best aa vera budd paa alt, og so reint greid skulde han ikkje vera aa koma for nær, naar han var so godt væpna. Der var ein liten fjelltopp eit stykke ifraa der han budde. Der gjekk han upp um da garne og saag etter um det kom nokon baat vestantil og styrde hit imot øyi. I mest tri maanar heldt han paa med dette, men kunde ingen baat sjaa. Med det same tok han til aa gruna paa um han ikkje skulde kunna giera reint av med villmennerne, dersom dei kom i land her att og vilde slagta og eta folk. Han kunde liggja paa lur burti skogen eit stykke ifraa der dei heldt til og ha alle byrsorne sine ladde og skjota ned heile flok117 ken med ein gong. Han var jamvel av og saag etter kvar han skulde staa, naar han skaut. Men han skyna snart at dette var reint meiningslaust og vitlaust. Han hadde ingen rett til aa skjota ned villmennerne. Dei hadde ingen ting vondt gjort han, og naar dei drap og aat fienderne sine, so hadde dei vel ingen tanke um kor fælt det var det dei gjorde. Dei hadde kje sét noko anna fyre seg og trudde vel det skulde so vera. Det fekk daa vera Gud som dømde og straffa dei og ikkje han, Robinson. Skaut han paa dei, so for han ikkje betre fram enn spanjoraine som hadde drepe ned heile millionarne med indianarar burti Amerika. Alle var no samde um at det var ei avstyggjeleg slagting, og spanjorarne hadde fenge eit ævelegt blodmerke og skjemdarmerke paa seg for det same. -- Og so kunde det attaat vera faarlegt for han sjølv og, dette. Fekk han ikkje skjota ned heile hopen, so kunde dei som etter var taka paa han og drepa han. Eller dei kunde koma seg undan i baatarne sine og fara heim atter. Naar det daa spurdest millom villmennerne at det var folk her paa øyi, kunde dei snart koma att og leita etter han og ikkje gjeva seg fyrr dei fann han. Nei, han maatte berre takka Gud so lenge han fekk vera for seg sjølv og vera usedd. So livde han stillt og rolegt eit aars tid118 att og gjekk ikkje ein gong upp paa fjell toppen og spæja etter baatar lenger. Var villmennerne i land burtpaa den andre strandi nokon gong, so visste han at dei ikkje hefte lenge, og daa var det likso godt at han ikkje visste noko um dei. Daa slapp han for aa gaa og ottast for dei. Det var elles det trulegaste at dei ikkje so sjeldan var i land paa øyi, og han laut ofte tenkja paa kor underlegt det var at han ikkje hadde visst noko um dette frametter alle dei fyrste aari han var her. Tenk um han hadde raaka ein flokk av dei daa han enno budde reint verjelaus i hytta si! Eller um han hadde raaka paa dei daa han so ofte gjekk tankelaust ikring og hadde berre ei liti fuglebyrsa med seg. Men den faaren ein ikkje veit noko um, den ottast ein heller ikkje for, og ei stor lukka var det at han ikkje hadde sét denne store faaren fyrr han var so godt budd paa aa verja seg. Den einaste langferdi han gjorde dette aaret var ein gong han gjekk yver til den andre sida av øyi og flutte baaten sin og alt som til høyrde; for det var ikkje uraad at villmennerne kunde firma n der han no laag, og daa

kom dei straks til aa skyna at her var folk. Han rodde baaten heilt ned aat sud-enden av øyi og la han inni ei djup vik millom tvo høge berghamrar. Der visste hanat villmennerne aldri kom. Straumarne utanfor vilde skræma dei ifraa.

Det er fyrr nemt at Robinson alltid var ræddare for aa skjota no enn fyrr. Han tok seg like eins i vare for aa hamra eller banka altfor hardt, so det kunde lydast vida ikring. Og elden var han likso varsam med; for villmennerne kunde snart sjaa røyken og finna han fyrr han vardest. Han vaaga ikkje aa kveikja upp eld heime anna enn um kveldarne naar det var myrkt. Naar han skulde brenna krukkor og koppar av leir att, heldt han til langt uti tjukke skogen, so røyken skulde syna so lite som raad var. Men det var ofte han hadde bruk for eld heime um dagarne og, naar han skulde koka eller baka, og so fann han til slutt paa ei raad. Han brende kol langt uti skogen og bar heim, og naar han bruka det paa gruva, var det mest ingen røyk aa sjaa.

*

XX.

Robinson finn ei hola.

Ein dag han var uppi skogen eit stykke ifraa sumarhuset sitt og stellte med ei ny kolmila, kom han til aa hogga ned nokre buskar attunder eit ufsedrag. Daa fekk han auga paa ei hola i berget attanfor. Han vart forviten og smaug inn i hola og vilde sjaa um ho gjekk langt. Han maatte fyrst krjupa paa alle fire eit stykke innetter; men so vart der romlegare, so han kunde staa uppreist. Der Robinson finn ei hola.121 var 2 halvmyrkt og døkt, og best som han stod der og freista aa sjaa seg ikring, vart han vår tvo eldende blanke augo som stirde paa han fraa myrkret attarst i hola. Han stokk so han skalv i knéi og skunda seg ut att snøggast han berre vann. Men daa han var komen vel ut, vart han skamfull yver seg sjølv og tykte det var stakarslegt aa vera so rædd. So tok han ein logande vedbrand nedmed kolmila og smaug modig inn att. Men med det same han reiste seg upp inni hola, vart han mest endaa ræddare enn fyrste gongen. Han høyrde det stunde og sukka, plent som det skulde vera eit menneskje som laag der. Han for eit stig attende og vart kaldsveitt yver heile kroppen, og kunde haaret reisa seg paa eit hovud, so maatte det ha reist seg paa Robinson denne gongen. Men so manna han seg upp att so godt han kunde og gjekk fram og heldt vedbranden høgt upp yver seg. Daa fekk han auga paa ein stor gamall bukk som laag nedpaa auren; — det var den som hadde stirt paa han og lege og stunt og lete so fælslegt! Han støytte til han med foten, og bukken freista aa reisa seg upp, men orka ikkje. Det var likt til at han laag der og var aat aa døy, og at han hadde krope hit inn for di han vilde faa døy i fred. Robinson let bukken liggja der han laag og tok til aa sjaa seg betre ikring i hola. 15Robinson ser bukken inni hola. Ho var paa lag 12 fot breid, og bergveggjerne rundt ikring var ujamne og kantutte, so ein kunde sjaa at ho var laga soleis av naturi sjølv. Lengst attende saag han ei liti opning som bar endaa lenger inn. Der vaaga han seg ikkje inn no med det same; men dagen etter tok han ljos med seg og smaug inn der og. Det var fyrst ein smal gang mest 15 alner innetter, og so kom han inn i eit rom som var endaa mykje større enn det fyrste og paa lag 20 fot høgt. Og ei slik syn som han saag her hadde han aldri sét fyrr. Det glima og blenkte fraa bergveggjerne og kvelven uppyver som fraa tusund stjernor. Kva det var123 som blenkte soleis, um der var gull i berget eller glimesteinar, visste han ikkje og skyna der heller ikkje sidan. Nedpaa auren laag der turr raud sand, og der var ikkje noko slag dyr eller krjup aa sjaa. Der var heller ikkje vatn aa sjaa paa veggjerne eller auren nokon stad. Han skyna med ein gong kor stor ei heppa det var at han hadde funne denne hola. Her kunde han gjøyma alt det som han var mest vår um og mest rædd for aa missa, fyrst og fremst det krutet han no hadde att og dei byrsorne han ikkje hadde bruk for heime i festningi si. Han tok straks og bar hit fem byrsor; seks stod daa att i holorne i gjerdet. — Daa han skulde bera krutet ut aat hola, kom han til aa slåa upp ein dunk som han aldri hadde rørt fyrr. Det var ein som hadde lege i sjøen ei heil tid fyrr han tok han i land, og han hadde alltid tenkt at krutet i denne dunken var utskjemt. Men no saag han at sjøvatnet hadde gienge berre tri turnar inn i dunken paa alle kantar, og krutet hadde der slege seg hardt som ei skorpa. Men innanfor denne skorpa laag der heile 60 pund krut som var turt og fullgodt. Han vart storglad daa han saag det. Dette var

noko av det beste som kunde ha hendt honom no. Alt dette krutet bar han og aat hola. Heime hadde han att berre nokre pund til aa verjaRobinson ber krutdunken og byrsorne aat hola. seg med um det skulde turvast. Han tykte no at han hadde det liksom kjemporne som dei fortalde um i gamle segner, dei som hadde skattarne og rikdomarne sine løynde i store fjellholor.

Der var ein ting i vegen med denne gode hola: ho var so trang og vond aa koma inn i og ut or. Men dette var vel berre det beste, kor som var. Naar ho var so trang i inngangen, skulde det mykje til at nokon fann ho. Han kunde gjøyma seg burt og vera trv££ her, um det so kom fem hundradvillmenner og leita etter han. Dei kunde aldri koma paa aa leita her. Og um dei so visste at han var her, so kunde han verja seg med byrsorne sine imot store flokkar av dei.

Daa han kom aat hola den andre dagen, var den gamle bukken alt daud. Det vilde vera eit heilt stræv aa faa han ut. Robinson tok difor og grov han ned i auren der han laag. So fekk den gamle bukken liggja i fred der han hadde valt sin siste kvilestad.

*

XXI.

Heime i huset. Villmennerne kjem att.

I tri og tjuge aar hadde Robinson no vore paa øyi, og han var so van med aa liva soleis aaleine no at han gjerne skulde vera her i alle sine dagar og til slutt døy her, liksom den gamle bukken i hola si. Det einaste han hadde otte for var at han kunde verta liggjande lenge sjuk paa sitt siste. Men han fekk vona det beste og ikkje møda seg med otte i utide.

Dagarne gjekk elles som fyrr. Han hadde villmenner og leita etter han. Dei kunde aldri koma paa aa leita her. Og um dei so visste at han var her, so kunde han verja seg med byrsorne sine imot store flokkar av dei.

Daa han kom aat hola den andre dagen, var den gamle bukken alt daud. Det vilde vera eit heilt stræv aa faa han ut. Robinson tok difor og grov han ned i auren der han laag. So fekk den gamle bukken liggja i fred der han hadde valt sin siste kvilestad.

*

XXI.

Heime i huset. Villmennerne kjem att.

I tri og tjuge aar hadde Robinson no vore paa øyi, og han var so van med aa liva soleis aaleine no at han gjerne skulde vera her i alle sine dagar og til slutt døy her, liksom den gamle bukken i hola si. Det einaste han hadde otte for var at han kunde verta liggjande lenge sjuk paa sitt siste. Men han fekk vona det beste og ikkje møda seg med otte i utide.

Dagarne gjekk elles som fyrr. Han haddealltid sitt visse arbeid, og han hadde sine kvilestunder imillom. Han var mest alltid frisk og sterk, og var han litegrand sjuk einkvar gongen imillom, so varde det aldri lenge. — Poll, papegøyen, hadde han stødt mykje hugnad av. Han hadde etterkvart fenge han til aa tala heile setningarne i samanheng, og sat ofte og heldt han paa handi framfyre seg og hadde heile „samrødorne“ med han. Robinson hadde denne fuglen hjaa seg so lenge han var paa øyi, og Poll livde kanskje der i skogarne i lang tid sidan òg og ropa paa „arme Robin Kruso“; for papegøyarne Robinson talar med papegøyen sin.127 skai stundom verta heile

100 aar gamle, segjer dei. Han hadde fenge tak i tvo papegøyar til og fenge dei til aa tala og ropa Robin Kruso"; men dei tala ikkje so godt som den gamle, og han gjorde seg heller ikkje so mykje umak med aa læra dei upp. Han hadde like eins fanga og tamt nokre sjøfuglar. Dei bygde reir under lauvet i gjerdet som han hadde sett upp utanfor sjølve borgi kring huset, og han hadde mykje hugnad av aa stulla med dei og sjaa paa dei. Hunden hans var slokna av alderdom for mange aar sidan no. Han hadde daa havt han i heile 16 aar. Det hadde vore ein tru gen fylgjesvein, og det var saknelegt daa han var burte. — Av kattar hadde han no som fyrr alltid tvo i huset. Og til slutt er aa nemna at han jamt hadde tvo-tri smaa kid ikring seg; dei var so tamde at dei aat or handi hans og gjekk ut og inn som dei vilde. — Men dette fredsame livet skulde ikkje vara lenge denne gongen. Det var i desember maanad, og Robinson heldt paa og hausta inn kornet sitt. Best som han kom ut i graa lysingi ein morgon, fekk han auga paa ein stor eld attmed strandi berre ein times veg ifraa. Han skyna med ein gong kva det var og vart fælande skræmd. Og denne gongen*Ill. B. L.* Robinson ser ein eld attmed strandi. var det ikkje paa vestsida av øyi; det var her paa den sida han sjølv budde. Han rømde fyrst inn i buskarne og løynde seg, og kom seg sidan heim att aat borgi si so snøgt han kunde og gjorde seg reidug til aa verja seg. Han drog inn stigarne og ladde alle byrsorne og stod ferdig til aa skjota so snart det skulde turvast. Han bad Gud um hjelp, men maatte med det same gjera alt det han kunde sjølv.

I tvo timar stod han soleis og venta, men korkje saag eller høyrde noko til villmennerne. Daa kunde han ikkje halda det ut aa staa soleis lenger og vera uviss; det varmest verre enn faaren sjølv. Han sette stigen upp til berget og tok kikaren sin med og kleiv varsamt upp paa høgdi. Der la han seg ned paa magen og tok til aa spæja etter villmennerne. Daa saag han ni mann som sat kring elden, nakne alle saman, og det var likt til at dei hadde laga eit av dei fæle festmaali sine av mannekjøt att. Dei hadde tvo baatar som dei hadde drege upp paa strandi. Dei maatte ha kome i land med' det var flod sjø og kunde nok ikkje koma av stad att fyrr det fløddе paa nytt lag; no paa morgonstundi var det fjøra, og strandi berr langt utetter.

Robinson ser villmennerne.Han laag og venta og heldt auga med dei og saag at dei sistpaa reiste seg og tok til aa dansa kring baalet. So steig dei i baatarne, daa sjøen fløddе att, og rodde burt. Daa steig han ned til huset sitt og væpna seg godt og skunda seg nordetter til strandi der villmennerne hadde halde til. Han saag daa at der hadde vore endaa tri baatar til i land, og dei var no paa heimvegen til fastlandet alle saman. Det var ei fæl syn aa sjaa att der manne etarane hadde sete rundt elden. Det laag bein og kjøtklumpar og avskorne lemer alle stader ikring. Han vart paa nytt lag so upp skræmd av alt dette at han ingen fred hadde paa seg i lang tid. Han gjekk stødt og ottast for at manne-etarane skulde koma att og finna han. Ikkje ein gong naar han sov var han fri for otten; han laag og drøymde um dei, og tykte at han var i allslag fæle faarar. Men det synte seg etterkvart no som fyrr at villmennerne kom ikkje att so snart. Det gjekk eit heilt aar og tri maanar fyrr han saag noko til dei att, og i denne millomtidi hende det noko anna som me no skal høyra um.

*

XXII.

Eit nytt skipsvrak.

Det var den 16de mai aaret etter han hadde sét villmennerne. Det var fælt uver og storm og torebrak heile dagen, og um natti etterpaa var det endaa verre; det var slik duning og brak at Robinson ikkje fekk sova. Han stod sistpaa upp og sette seg til aa lesa i bibelen. So høyrde han med ein gong ein smell av eit skot som han tykte kom utan fraa sjøen. Han vart baade skræmd og for bina og sprang ut og kleiv upp paa berg toppen uppyver. Daa saag han eit ljosblink av eit skot til, og litegrand etter høyrde han smellen. Det maatte vera naudskot fraa eit skip som dreiv under land, liksom det han sjølv ein gong hadde vore med paa. Han kunde ingi hjelp gjera og stod der raadlaus og berre stirde ut i myrkret. Men so kom han til aa tenkja paa noko anna: kunde ikkje han hjelpa skipet, so kanskje skipet kunde hjelpa honom, dersom det berga seg og skips folki fekk vita at han var her? Han skunda

seg ned etter ved og kveikte upp eit baal uppaa høgdi. Det loga snart høgt i veret, og straks etter høyrde han endaa nokre skot. Dei kom utanfraa havet der han sjølv ein132 gong hadde vore nær paa aa reka av med straumarne. Han heldt paa og la ved paa elden frametter heile natti, og daa det ende leg ljosna av dag saag han noko svart som laag langt uti havet i aust for sudparten av øyi ; men det var so gruggutt i lufti og myrkt i veret enno, at han ikkje kunde skilja kva det var, ikkje ein gong med kikaren. Det hadde lagt seg med stormen no, og det svarte derute vart liggjande paa same staden frametter heile dagen. Det maatte vera eit skip som laag for anker eller hadde drive paa grunn. Han var fælt forviten og vilde^faa betre greida paa dette. So tok han ei byrsa og nistemat med seg og skunda seg nedetter til sud-enden av øyi. Det hadde ljosna upp med veret daa han kom der, og han saag daa straks at det var eit stort skip som laag derute. Det var kasta upp paa dei nakne skjeri som han hadde sét den gongen han var ute med baaten. Det var desse same skjeri som paa ein maate hadde berga han; for det var straumevja attanfor dei som hjelpte han nordyver og inn imot land att. Men det som er til hjelp for den eine, er dauden for den andre. Skipsfolki hadde vel sét land paa vestsida og freista aa halda undan med skipet og so berre kome ut i det som endaa verre var og drive upp paa skjeri i myrkret. Han tok til aa leita etter um nokon av dei133 hadde kome livande i land; men der var ingen aa firma. Der var heller ikkje noko menneskje aa sjaa utpaa vraket. Men kvar hadde det daa vorte av dei? Hadde dei vorte berga av eit anna skip? Det var ikkje mykje trulegt. Nei, det trulegaste og vissaste var at dei hadde gjenge i baa tarne og freista aa berga seg og so reke av utpaa havet eller kome burt i bylgje brotet. Han var nær paa aa graata høgt daa han tenkta paa det. Her hadde det vore folk tett under land paa øyi hans, — kanskje dei endaa var fraa hans eige heimland. Og so skulde dei alle koma burt! »Aa gjev berre tvo eller ein einaste hadde vorte berga og hadde funne vegen til meg, so eg kunde fenge ein felage, eit menneskje aa tala med!" ropa han. Aldri fyrr, so lenge han hadde vore paa øyi, hadde han lengta so hardt etter aa faa raaka andre folk; aldri hadde han sakna dei so såart eller vore so hugsjuk av at han laut vera aaleine. Men lagnaden spurde ikkje etter kva han ynskte, og han laut vera aaleine som fyrr. Ein gong han gjekk ned til strandi langt sud paa øyi eit par dagar etter, fann han eit lik som hadde drive i land. Det var ein ung gut, var det likt til. Robinson fann nokre mynter fraa Brasilia og ei tobakspipa i lum134 morne hans; men han kunde ikkje skyna kva slag folk han var av. Han grov liket ned i sanden og syrgde paa denne fra mande guten som det skulde vore ein god ven og kjenning. Det var klaart og fint ver no att, og havet laag stillt som ein spegel. Og vraket laag stødt paa same staden. Skulde der no likevel finnast eit livande menneskje! Robin son kunde ikkje faa denne tanken ifraa seg og tok straks til aa tenkja paa um han ikkje skulde taka baaten og freista aa ro ut til skipet og sjaa. Og der kunde vera sumt anna aa firma og som han kunde ha gagn av. Han visste nok kor faarlegt det var aa vaaga seg so langt utpaa; han hadde kje gløymt den gongen han var ute i straumarne. Men det hjelpte kje. Han fekk meir og meir hug til aa freista, og lenge var det ikkje fyrr han sprang heim til huset sitt og tok til aa gjera seg ferdig. Han bar nistemat og tvo store vatskrukkor sudyver til baaten og tok med seg kompas og alt anna han hadde bruk for. So rodde han langsmed strandi til Jian kom aat den ytste odden paa øyi. Det hadde vore stillt og fint paa sjøen til han kom dit; men no saag han paa nytt lag dei fæle straumarne tett utanfor. Skulde han vaaga seg ut i dei? Han vart modlaus og torde ikkje. Eller han fekk i minsto sjaa seg vel fyre fyrr han vaaga seg135 lenger. Han rodde inn iei liti vik og drog baaten i land og gjekk so upp paa eit høgde drag og saag utyver havet. Daa han hadde sta'e der eit langt bil, saag han at straumarne skifte og gjekk utyver naar sjøen fjøra, og innyver att lenger nord naar det fløddе. Dette kveikte modet hans att. Heldt han seg berre godt etter desse straumdragi, so kunde han koma utyver med det eine og inn att med det andre og faaren kanskje endaa ikkje vera so stor. Daa han hadde sét dette, gjekk han ned til baaten att og la seg til aa sova natti yver, og um morgonen etter stemnde han modig utyver. Han kom snart ut i ein straum som bar til havs; han hjelpte til med aararne attaat so godt han kunde, og um tvo timars tid hadde han alt kome, godt og vel ut til vraket. Skipet saag ut som det skulde vera fraa Spania. Det laag inneklemt millom tvo berg knausar og var ille medfare. Heile attarste enden laag under vatnet; men framenden stod turr og var nokorlunde heil. Daa Robinson kom burt imot skipet, høyrde han ein hund yla og gjøy. Han fekk auga paa 'n uppaa dekket og ropa paa han, og hunden hoppa straks i vatnet og kom symjande utyver. Robinson fekk tak i han og berga han upp i baaten. Hunden var reint forkomen av136 svolt og aat som ein ulv daa han fekk mat. Daa Robinson kom upp paa skipet, fann han liki av tvo mann inni matrosromet; men noko anna livande enn hunden var ikkje aa firma. Sjøarne maatte ha skylt heilt yver skipet fyrr dei kasta det upp

paa skjeri; for mest alt der fanst var øydelagt av vatnet. Han saag atti ei heil mengd med tunnor nedi lasteromet; men dei var alle so store at han ikkje kunde taka nokor av dei med. Der var like eins ei heil mengd med skipskistor, og av dei tok han tvo og bar ned i baaten. Sidan fann han eit kruthorn og ei eldskufl og ei tong og tvo smaa koparkjelar og nokre andre ting og tok med seg. I den enden av skipet som laag under vatnet var der nok mange fleire ting han kunde havt gagn av, men det var uraad aa faa tak i dei no. So tok straumdraget til aa bera innyver att, daa sjøen steig. Han maatte skunda seg paa heimvegen og tok ut med lasti si. Klokka eitt um natti naadde han til lands att. Han hadde daa slite og rott so han var reint for komen og utsliten, og la seg straks til aa sova. Daa han vakna att um morgonen, hadde han upp skipskistorne og vilde sjaa kva der var i dei. I den fyrste fann han mange gagnlege ting; der var nokre skjortor og ei heil mengd med halsdukar og lummeklutar av kvitt og farga lereft; der var nokreflaskor med fin vin paa, og daasar med nedlagd frukt; og til slutt tri pungar som det i alt var 1100 sylvpengar i og nokre gullpengar og gullstykke. — I den andre kista var der òg klæde, men av ringare slag, og nokre sylvpengar og eit par skor. Utpaa skipet hadde han og funne eit par skor. Dei kom svært vel med no daa han i so lange tider ikkje hadde havt andre skor enn dei han sjølv hadde laga seg av skinn. Pengarne hadde han nok ikkje noko gagn av her; men han tok dei likevel med og gjøymde dei saman med dei han hadde fyrr. Dei andre varorne han hadde funne gjøymde han i den store hola uppi skogen. So tok han og rodde baaten attende til viki der han hadde lege fyrr og tenkte ikkje paa aa gjera fleire ferder ut til vraket. Der var ikkje so mykje aa firma at det var strævet og vaagnaden verdt.

*

XXIII.

Robinson bergar ein villmann.

Det var gjenge mest eit aar att. Sidan den gongen Robinson ikkje fann nokon livande flaskor med fin vin paa, og daasar med nedlagd frukt; og til slutt tri pungar som det i alt var 1100 sylvpengar i og nokre gullpengar og gullstykke. — I den andre kista var der òg klæde, men av ringare slag, og nokre sylvpengar og eit par skor. Utpaa skipet hadde han og funne eit par skor. Dei kom svært vel med no daa han i so lange tider ikkje hadde havt andre skor enn dei han sjølv hadde laga seg av skinn. Pengarne hadde han nok ikkje noko gagn av her; men han tok dei likevel med og gjøymde dei saman med dei han hadde fyrr. Dei andre varorne han hadde funne gjøymde han i den store hola uppi skogen. So tok han og rodde baaten attende til viki der han hadde lege fyrr og tenkte ikkje paa aa gjera fleire ferder ut til vraket. Der var ikkje so mykje aa firma at det var strævet og vaagnaden verdt.

*

XXIII.

Robinson bergar ein villmann.

Det var gjenge mest eit aar att. Sidan den gongen Robinson ikkje fann nokon livande138 paa skipet utpaa skjeret, hadde han stødt gjenge og lengta attende til andre folk og kunde aldri slåa seg til ro soleis som fyrr. Og stødt og stendigt gruna han paa koss han skulde koma burt ifraa øyi. Ei natt fram paa vaarparten laag han og tenkte so lenge og so sterkt, at han var heit som av feber, og blodet banka i aadrarne. Langt fram paa natti fekk han endeleg sovna og tok til aa drøyma. Han tykte han gjekk ned aat strandi ein morgon og saag tvo baatar og ein flokk med villmenner som hadde kome i land. Dei hadde med seg ein fange som dei vilde drepa og eta. So med eitt laup fangen ifraa dei og vilde berga livet og sprang sistpaa inn millom tréi utanfor festningi hans. Dei andre kom ikkje

og leita etter han, og so tykte Robinson at han gjekk burt til han og smilte til han, so han ikkje skulde vera rædd. Daa la villmannen seg paa kne liksom han vilde beda um hjelp. Robinsoft tok han med seg inn i huset sitt og hadde han hjaa seg og gjorde han til tenaren sin. Og daa han hadde fenge denne felagen, tykte han med eitt at det no maatte vera lett aa koma burt fraa øyi. Villmannen kunde syna han vegen yver havet og sidan hjelpa han fram millom dei ville folki innpaa fastlandet og segja kvar han skulde firma seg mat. Daa han vakna og skyna at det heile139 var berre draum, vart han fyrst fælande mod laus og leid av seg. Men sidan kom han til aa tenkja paa at denne draumen kanskje hadde synt han ein god utveg, kor som var. Aaleine kunde han aldri koma burt fraa øyi. Men fekk han ein villmann til hjelpesmann, kunde det sistpaa laga seg. Tvo mann kunde alltid vaaga meir hell ein. Men korleis skulde han faa tak i nokon villmann? Det gjekk nok ikkje so lett som daa han drøymde. Det maatte nok helst gaa til paa den maaten at han fekk taka ein av dei som villmennerne vilde drepa og eta, naar dei kom her. Men det kunde han ikkje gjera utan han skaut ned heile flokken, og det kunde vera eit faarlegt spel aa vaaga seg ut paa, attaat at det var ei fæl dreping. Det var so stygt aa tenkja paa at han ei tid skauv det heilt ifraa seg att. Men til slutt vart han so hardt mødd av lengting og uro, at han tykte han laut vaaga kva det var. Det fekk kosta kva det vilde, so laut han sjaa aa koma til folk att no ein gong. Han tok til aa gaa yver til vestsida av øyi mest kvar dag og spæja etter um der ikkje skulde koma baatar att; han tenkte ut koss han skulde stella seg paa alle maatar naar han raaka villmennerne, og han var alltid fullt væpna til aa taka imot dei. Der var lenge ingen aa sjaa, og han for til aa verta leid og trøytt av dette. Men140 det han hadde sett seg fyre kunde han likevel ikkje sleppa or tankarne att, og han var likso for huga paa aa raaka villmennerne no som han fyrr hadde vore rædd for aa raaka dei. Jau endeleg so kom dei att ein gong. Daa han kom ut ein morgon, fekk han auga paa heile fem baatar som hadde lagt til lands paa denne sida av øyi, sunnanfor den elve osen som fyrr er nemd. Villmennerne sjølv var ikkje aa sjaa; men han skyna at dei maatte vera millom 20 og 30 stykke, naar dei hadde so mange baatar. Men ein slik stor flokk kunde han aldri vaaga seg imot, soleis som han hadde tenkt. Han heldt seg heime i borgi si og var heller uroleg. Daa det var gjenge eit par timar, tok han kikaren sin og kleiv upp paa bergtoppen og spæja etter villmennerne att. No saag han dei langt sud-paa strandi. Dei var ikring 30 stykke, som han hadde tenkt. Dei hadde kveikt upp ein stor eld ; der dansa dei rundt ikring og gjorde allslag fæle hopp og spring. So gjekk dei ut i ein baat etter tvo mann som hadde lege der. Det maatte vera tvo fangar som dei vilde drepa og eta. Dei tok straks og slo den eine i hel med ei klubba og gav seg til aa skjera han i stykke. Den andre vart standande etter for seg sjølv og skulde venta litegrand, til dei vart ferdige til aa taka han. Men fyrr dei visste ordet av,sette han paa spranget og rømde og tok vegen nordetter strandi hit til denne kanten.

Robinson vart fælande rædd der han laag; for han venta ikkje anna enn at heile flokken skulde springa etter rømlingen, og daa kunde han snart ha dei her alle saman. Men som vel var so var det berre tri av dei som sette etter, og rømlingen var eit heilt stykke fyre dei. Daa han kom upp til elveosen, sprang han i vatnet og sumde yver, og lett som ein katt kom han seg upp atter paa denne sida og sprang lenger.

Daa dei tri kom upp til elveosen, gav den eine av dei seg etter; han kunde kanskje ikkje symja. Men dei tvo sprang i vatnet og Robinson raakar rømlingen.sumde yver. Daa skyna Robinson at dette var som laga for honom. Skulde han nokon gong faa tak i ein villmann til hjelpesmann og tenar, so maatte det vera no. Han sprang nedetter stigen so snøgt han vann og tok tvo ladde byrsor; so sprang han ned mot sjøen og raaka snart paa han som rømde.

Daa villmannen fekk auga paa Robinson, vart han likso rædd honom som dei han rømde for. Men Robinson skunda seg og gjorde teikn til han at han ikkje turvte ottast, og so gjekk han fram imot dei tvo andre. Det var ikkje lenge fyrr dei kom setjande, den eine eit stykke fyre den andre. Med ein gong sprang Robinson inn paa den fyrste og Robinson slæst med villmennerne.143 slo han ned med byrsestokken ; han vilde naude skjota, so dei andre kunde høyra det. Daa den andre saag dette, stogga han som han var rædd. Robinson gjekk eit stykke imot han og saag med eitt at villmannen hadde boge og pil og stod ferdig til aa skjota paa han. Daa lyfte han byrsa og skaut han ned ; han var nøydde til aa gjera det, skulde han ikkje sjølv verta skoten. Rømlingen stokk so han skalv, daa han høyrde skotet. Han saag forskræmd paa den framande og vaaga ikkje aa røma lenger; han berre vimra og sprang att og fram. Daa vitta Robinson venlegt til han ein gong til, og villmannen vaaga seg endeleg

nærare burt til han. Men han var enno kaldlege rædd og uviss og venta seg nok ikkje noko godt. Han skalv og kasta seg gong paa gong ned paa kne, og daa han kom burt til Robinson, kasta han seg heilt ned paa marki framfyre han og la andlitet ned i graset og tok eine foten hans og sette upp paa hovudet sitt; det skulde vel segja so mykje som at han gav seg under han og vilde vera trælen hans. Daa tok Ro binson og reiste han upp og sa med teikn so godt han kunde at han vilde verja han. Med det same saag dei at den villmannen som Robinson hadde slege ned med byrsestokken, tok til aa livna upp atter; han hadde nok berre vorte slegen i svime. Daa sa rømlingenVillmannen bed for seg. nokre ord; Robinson skyna ikkje meiningi, men han vart likevel so underleg teken berre av ljoden, — det var dei fyrste ordi han hadde høyrt fraa noko anna menneskje enn seg sjølv i heile 24 aar!

Men det var ikkje tid til aa tenkja paa slikt no. Den andre villmannen reiste seg alt upp, og Robinson treiv den eine av byrsorne og rette imot han. Daa rømlingen saag det, vart han fælande rædd att; han kasta seg ned paa kne og peika paa ein sabel som Robinson bar i beltet. Robinson skyna meiningi; villmannen fekk sabelen, og i eit sprang fór145 han burt og hogg hovudet av fienden sin. So tok han hovudet og la det framfyre føterne til Robinson og let han faa att sabelen. Men koss det var gjenge til daa Robinson skaut den andre av dei tvo villmennerne, kunde han ikkje skyna seg paa. Han gjekk burt til liket og stod berre og stirde paa det og saag ut som han var baade forbina og rædd. So tok han boge og pil fraa den fallne fienden, og Robinson gjorde teikn at dei skulde gaa. Men fyrst vilde villmannen grava dei tvo liki ned i sanden, so manne-etarane ikkje skulde firma dei. Robinson let han gjera det, og sjølv stod han og saag etter um der kom fleire upp til elveosen og sumde yver. Men der kom ingen enno, korleis det no hadde seg, og dei hadde kanskje ikkje høyrt stort til skotet heller; det var eit langt stykke herfraa og ned til strandi der dei var, og skogen var tett og kunde ha teke burt det meste av smellen. Villmannen grov so det sprutte etter, og paa eit kvarters tid hadde han fenge baae liki nedgravne og løynde. So tok Robinson han med seg, ikkje heim til huset sitt, men til den store hola uti skogen. Han kjende seg ikkje trygg nokon annan stad. Der gav han fangen mat og vatn og gjorde sidan teikn til han at han skulde leggja seg ned paa ei 19lega av risstraa som var der. Villmannen lydde, og nokre minuttar etter hadde han sovna og sov fast og trygt.

*

XXIV.

Robinson og Fredag.

Daa villmannen hadde sovna, fekk Robinson sjaa betre paa han. Det var ein ung mann, paa lag 26 aar gamall, so mykje Robinson kunde skyna. Han var høg og smal av vokster og sterkbygd og godt skapt, og der var ikkje noko villt eller hardt i andlitet hans; det var rolegt og blidt aa sjaa til no daa han laag og sov. Han hadde høg og breid skalle og noko lang og smal nos: tennerne hans var breide og sterke og blanke som dei vore av elfenbein; haaret var langt og svart, men ikkje krulla som paa negrarne, og han var friskt myrkbrun paa let.

Daa Robinson hadde sete og sét paa han eit bil, gjekk han varlegt ut or hola og vilde sjaa til gjeiterne og mjølka dei. Men han hadde kje vore lenge ute, fyrr villmannen òg kom ut. Han stirde etter Robinson, og lega av risstraa som var der. Villmannen lydde, og nokre minuttar etter hadde han sovna og sov fast og trygt.

*

XXIV.

Robinson og Fredag.

Daa villmannen hadde sovna, fekk Robinson sjaa betre paa han. Det var ein ung mann, paa lag 26 aar gamall, so mykje Robinson kunde skyna. Han var høg og smal av vokster og sterkbygd og godt skapt, og der var ikkje noko villt eller hardt i andlitet hans; det var rolegt og blidt aa sjaa til no daa han laag og sov. Han hadde høg og breid skalle og noko lang og smal nos: tennerne hans var breide og sterke og blanke som dei vore av elfenbein; haaret var langt og svart, men ikkje krulla som paa negrarne, og han var friskt myrkbrun paa let.

Daa Robinson hadde sete og sét paa han eit bil, gjekk han varlegt ut or hola og vilde sjaa til gjeiterne og mjølka dei. Men han hadde kje vore lenge ute, fyrr villmannen òg kom ut. Han stirde etter Robinson, ogdaa han lekk auga paa han, kom han springande og kasta seg ned paa kne for han att og freista paa alle maatar aa syna at han var takksam, og viljug til aa tena og lyda han. Robinson svara med teikn at dette var godt og vel, og so tok han til aa tala til han og freista aa læra han nokre ord engelsk. Det fyrste han fekk han til aa skyna Var at han skulde heita Fredag; han gav han dette namnet av di det var paa ein fredag han hadde funne han og berga livet hans. So peika han paa seg sjølv og kalla seg husbond og fekk Fredag til aa skyna at han skulde kalla 'n soleis. Sidan lærde han honom aa segja „ja“ og „nei“ og skyna meiningi med desse ordi, og daa Fredag soleis hadde byrja aa læra, var det ikkje lenge fyrr han lærde meir etterkvart. — Daa dei skulde eta til kvelds, sette Robinson fram gjeitemjølk i ei skaal og byggbrød til han og synte korleis han skulde eta ein slik mat. Fredag gjorde etter som Robinson gjorde fyre, og det var likt til at han lika denne maten godt.

Dei var der i hola um natti og. Tidleg um morgonen dagen etter gjekk dei upp paa haugen ovanfor huset til Robinson. Daa var alle baatarne burte og ingen av villmennerne aa sjaa. Dei maatte ha stroke sin veg um kvelden eller natti og ikkje gjeve seg tid til148 aa leita meir etter langen og dei tvo andre som var burtkomne. Daa var det ikkje noko aa ottast lenger. Men det var likevel best aa vera varsam og sjaa seg vel fyre. Dei væpna seg godt og tok so i vegen sudetter til strandi der villmennerne hadde halde til. Det hadde vore fælt aa sjaa der manne elarane badde halde festmaal fyrr, men her var det endaa mykje verre. Der var heile dungar med bein og laag store stykke med kjøt som. var berre halv-etne. Det maatte vera tvo-tri fangar som var drepne og etne denne gongen. Men nokon av manne-etarane sjølv var ikkje aa sjaa no heller. Daa dei hådde sét paa denne stygge domen eit bil, gjorde Robinson teikn til Fredag at han skulde samla ihop alle leivnin garne og beini og brenna dei paa eit baal. Fredag tok straks til aa gjera som han var fyresagd, men han kunde ikkje løyna at han med det same hadde god hug til aa smaka paa kjøtet. Daa gjorde Robinson seg vond og synte med teikn kor fælt han tykte det var aa eta kjøt av menneskje, og Fredag vaaga ikkje anna enn aa tøyma seg og lata det vera. Sidan tok Robinson Fredag med seg heim til borgi si, og villmannen var reint forbina yver alt det han der fekk sjaa. Han gjekk heilt naken enno. Det fyrste Robinson149 maatte lenkja paa var daa aa gjeva han klæde paa kroppen. Han gav han eit par lereftsbuksor som han hadde funne i ei av skipskistorne og laga ei trøya av gjeiteskinn aat han, og paa hovudet fekk han ei huva av hareskinn. Fredag tykte det stod svært gildt til daa han hadde fenge desse fine klædi paa seg. Men han kjende seg likevel noko klemd av dei; det var vel fyrste gongen i sitt liv han hadde klæde paa seg. Han tykte dei gnog paa armarne og akslerne og mange andre stader. Men daa Robinson hadde stelt noko paa klædi og gjort dei romare, kom han etterkvart til rettes i dei og vande seg til dei. Dei fyrste næterne Robinson hadde Fre dag heime hjaa seg, vaaga han Ikkje aa ha han inne i huset der han sjølv laag og sov. Han tok alle vaapni sine med seg inn og stengde vel att etter seg og let Fredag liggja ute millom det inste og ytste gjerdet. Vill mann var villmann, so han kunde kje enno vera heilt trygg paa han. Men han skyna snart at det fanst ingen grunn til aa ottast. Det kunde ikkje finnast trugnare tenar hell Fredag. Han heldt av herren og husbonden sin som det skulde vera hans eigen far; han hadde visst gjerne late livet for han. Det synte seg snart at Fredag hadde rett godt næme og gode evnor og, attaat at han150 var so trugen og snild. Det var ikkje leuge fyrr han skyna mykje av det som Robinson sa. Han vart fælande glad kvar gong han lærde aa forståa noko, og endaa gladare vart han naar han høyrde at Robinson skyna noko av indianarmaalet som han sjølv tala. Ein morgon straks etter tok Robinson Fredag med seg ut til skogs. Han vilde henta ei gjeit til slagter og lata Fredag faa gjeitekjøt, so han kunde missa hugen paa mannekjøt; ein slik fæl hug var det best aa faa ut av han i tide. Daa dei var komne eit stykke paa vegen, saag Robinson ei villgjeit og tvo kid burti skogen. Det var svintare aa taka eit av dei enn aa gaa etter ei av dei tamde gjeiterne. Han tok Fredag i armen og baud han staa still, og skaut so det eine kidet. Fredag vart paa nytt

lag so rædd skotet at han skalv. Han trudde plent at Robinson vilde drepa han med byrsa, liksom han hadde drepe den eine villmannen uti skogen. Han saag ikkje kidet som hadde stupt; han trudde at skotet hadde raama han sjølv og reiv upp trøya si og vilde sjaa. So kasta han seg ned for Robinson att og slo armarne kring knei hans liksom han vilde beda for livet. Daa peika Robinson berre paa kidet som var skote og bad han gaa etter det. Fredag skunda seg og sprang stad og .tok det upp151 og stod berre og stirde og undra seg paa koss det var gjenge til at det var drepe. Robinson fekk med 'det same auga paa ein fugl burti ein tretopp og skunda seg og ladde byrsa sf att. So ropa han paa Fredag og bad han koma og sjaa paa daa han skaut; han laut venja han av med denne toskutte rædsla for, skot. Daa Fredag kom peika Robinson paa fuglen og paa byrsa si; so skaut han, og fuglen datt i marki. Men daa vart Fredag berre endaa meir forskræmd. Han hadde kje sét at Robinson ladde byrsa; han trudde det laag trolldom inni ho, og at ho kunde drepa kva ho vilde, baade nær og langt ifraa. Han hadde visst gjeve seg til aa beda til byrsa liksom til ein gud, dersom han hadde fenge lov til det. Otten sat i han i mange dagar etter, og det var lenge han ikkje vaaga aa koma byrsa nær. Men naar han var aaleine tala han til ho og svara ho, plent som ho hadde sagt eitkvart til han] og han sa sidan til Robinson at han hadde bede byrsa at ho ikkje maatte drepa han. Daa, dei kom heim med kidet og hadde lema det sund, koka Robinson straks noko av kjøtet. Han aat fyrst eit stykke sjølv og let so Fredag faa eit stykke, og det var likt til at han lika det godt. Robinson aat salt attaat. Fredag smaka og paa saltet; men han sputta det straks ut att og tykte det var152 belt. Sidan steikte Robinson kjøl yver elden og gav Fredag eit stykke Dette lika han endaa betre, og det var ikkje lenge fyrr han lova at han aldri skulde smaka mannekjøt meir. Sidan tok Robinson til aa læra han aa arbeida og gjera gagn for seg, og Fredag var svært lærviljug daa og. Han Kadde snart lært aa mala korn og baka brød, og var svært byrg daa han kunde greida det. Dei fekk bruk for meir korn no daa dei var tvo, og maatte til aa brjota upp meir aaker. Robinson fekk Fredag til aa skyna at det var foi* hans skuld dei gjorde dette. Daa vart Fredag endaa meir idig enn fyrr og var viljug til aa gjera kva slag tungarbeid det var; han tykte husbonden hadde altfor mykje stræv for hans skuld. Det var ei stor lukka for Robinson at han soleis hadde fenge ein felage og hjelpesmann. Det aaret som no kom var det beste av alle dei aari han hadde vore paa øyi. Han gjekk ikkje lenger og lengta. Han sa ofte til seg sjølv at han gjerne skulde vera nøgd med aa bu her i all si tid no, naar han berre kunde vera trygg for at det ikkje kom fleire villmenner. Han hadde endeleg fenge eit menneskje aa tala med og byta tankar med, og alt arbeid gjekk lettare no daa dei var tvo um det. — Daa dei hadde lært aa skyna einannan153 noko meir, fekk Robinson Fredag til aa fortelja kvar han var komen ifraa og korleis det var gjenge til at han hadde kome hit til øyi. Han høyrde heime hjaa eit stort indi anarfolk som laag i ufred med eit anna indianarfolk. Dei hadde havt ein stor bardage, og folket hans hadde vunne; men nettupp der som han sjølv var med i striden hadde dei vore for faa og tapt, og so hadde fienden teke han og tri andre og gjort dei til fangar. Indianarane paa dei kantar drap alltid her fangarne sine og aat dei; men dette gjorde dei ikkje heime der dei budde. Dei hadde alltid den skikken at dei rodde ut paa ei folketom øy og aat dei upp der. Soleis var det daa gjenge til at han og dei tri andre fangarne hadde vorte førde hit ut. Mange av indianarfolki for ut til denne øyi med herfangarne sine, og han, Fredag, hadde endaatil sjølv vor& med og halde iestmaal paa herfangar her ein gong. Dei hadde den gongen drepe og ete heile 20 mann og tvo kvende og eit barn, sa han; — haji kunde kje telja til tjuge, men tok tjuge steinar og la attmed einannan og peika paa dei. '— Ein gong dei var burtpaa vestsida av øyi peika Robinson paa landet vestanfor havet og spurde um baatarne ikkje ofte kom burt naar dei skulde hit yver den breide sjøen og attende. Nei, sa Fredag, det var bardage, strid, kamp.ingen faare. Baatarne kom aldri burt; dei fylgde straumen naar dei var komne ut paa havet, og den gjekk alltid den eine vegen um morgonen og den andre vegen um ettermiddagen.

Fredag hadde god greida paa landet vestanfor havet; han fortalde mykje um korleis der var og um folket som budde der. Robinson skyna sistpaa at det ikkje var fastlandet. Det maatte vera Trinidad, den store øyi som laag paa sudsida av osen til Orinokoelvi. Og langt burtanfor maanen, sa Fredag — han meinte burtanfor der som maanen gjekk ned — budde der kvite menner med Fredag fortel um heimlandet sitt.langt skjegg liksom Robinson. Dei hadde „drepe mange folk," sa han. Det maatte vera Spania-folket paa fastlandet i Sudamerika han meinte. Gitordet um den fæle framferdi deira daa dei fann Amerika, maatte ha naatt alt ut til villmennerne her paa øyarne og vorte fortalt fra ætt til ætt.

Robinson spurde sidan um Fredag visste nokor raad til aa koma burt ifraa denne øyi og yver til dei kvite mennerne. Jau, sa Fredag, med tvo baatar kunde ein koma dit. Robinson skyna fyrst ikkje kva han meinte med dette; men sistpaa kom han etter at „tvo baatar“ var det same som ein baat som var so stor som tvo; ein slik maatte ein hava naar ein skulde koma yver til dei kvite mennerne.

*

XXV.

Robinson er lærar.

Daa Fredag hadde lært so mykje engelsk at Robinson kunde tala med han um kva han vilde, tok han til aa gjeva han rettleiding um trui og kristendomen. Han spurde fyrst langt skjegg liksom Robinson. Dei hadde „drepe mange folk,“ sa han. Det maatte vera Spania-folket paa fastlandet i Sudamerika han meinte. Gitordet um den fæle framferdi deira daa dei fann Amerika, maatte ha naatt alt ut til villmennerne her paa øyarne og vorte fortalt fra ætt til ætt.

Robinson spurde sidan um Fredag visste nokor raad til aa koma burt ifraa denne øyi og yver til dei kvite mennerne. Jau, sa Fredag, med tvo baatar kunde ein koma dit. Robinson skyna fyrst ikkje kva han meinte med dette; men sistpaa kom han etter at „tvo baatar“ var det same som ein baat som var so stor som tvo; ein slik maatte ein hava naar ein skulde koma yver til dei kvite mennerne.

*

XXV.

Robinson er lærar.

Daa Fredag hadde lært so mykje engelsk at Robinson kunde tala med han um kva han vilde, tok han til aa gjeva han rettleiding um trui og kristendomen. Han spurde fyrst156 um han visste kven som hadde skapt han. Fredag skyna det ikkje og trudde han spurde kven som var far hans. Daa tok Robinson det paa ein annan maate og spurde um han visste kven som hadde skapt havet og jord i og fjelli og skogarne. Det var ein som neitte Benamucki, sa Fredag. Kven var Benamucki? Det var ein som raadde yver alt og var ovende gamall, eldre hell havet og landjord i og maanen og stjernorne, sa Fredag. So spurde Robinson kvar det vart av dei som døydde i landet hans. Dei kjem alle til Benamucki," sa Fredag. Kjem dei til han dei som vert uppetne?" Ja, dei kom til han, dei og. Kvar bur Benamucki?" Paa dei høgste fjelli." Hev du tala med han nokon gong?" Nei, sa Fredag, unge folk gjekk aldri til Benamucki; det var berre dei gamle uvokati arne som gjorde det. Dei gjekk upp til Benamucki og sa o" til han, det var det same som at dei bad til han, og so kom dei ned att og sa kva han hadde sagt. — Robin son skyna av dette at jamvel desse ville heidningarne hadde eit prestestand, og al desse prestarne hadde laga eit slag løyndetru og løynde-gudstenest som dei heldt folket utanfor. Paa den maaten heldt dei vel folket i otte og age og seg sjølv i vyrdnad. Detvar dei same kunsterne som me saag hjaa katolikarane og hjaa so mange andre folk i verdi.

Daa Robinson hadde høyrt dette, tok han til aa fortelja um den sanne Gud, han som hadde skapt all verdi og styrde ho. Han var allmegtig og kunde gjera alt for oss, gjeva oss alt og taka alt ifraa oss. Til honom skulde me beda, og han kunde høyra alt me bad um, endaa han budde høgt uppi himmelen. — So fortalde Robinson um Jesus og korleis han var send til verdi til aa frelsa menneskje fraa syndi, og korleis han hadde gjort Guds vilje i alt. Fredag høyrde paa med stor ettertanke og tok snart til aa spyrja Robinson er lærar.158 um mangt som han

ikkje skyna, eller som lian vikle faa vita meir um. Robinson svara so godt han kunde, og av dette lærde han likso [mykje sjølv som han lærde ifraa seg; for det* nøydde honom til aa tenkja betre paa alt enn han hadde gjort nokon gong fyrr. Men stundom kunde han koma leid t i knipa for svari og; for det er alltid lettare aa spyrja enn aa svara. Mange andre ting tala dei og um, og Robinson freista stødt aa læra Fredag noko gagnlegt. Han fortalde um korleis han hadde kome hit og vore her so lenge, og korleis han hadde stræva og berga seg i all denne tidi". Sidan fortalde han um Europa og ser leg um England, heimlandet sitt, og korleis dei der livde og hadde det og siglde med store skip yver alle hav og til alle land i verdi. Fredag undra seg svært paa alt dette og var stødt forviten og lærviljug. Ein dag tok Robinson Fredag med seg ned til strandi og synte han leivningarne etter den store skipsbaaten som enno laag der i sandhaugen. Fredag stod lenge og berre stirde og tenkte og sa ingen ting. Robinson laut sistpaa spyrja kva han tenkte |so paa. Daa sa Fredag: Meg sjaa baat lik denne koma til der folket mitt bur." Robinson vart forviten og spurde betre etter, og han fekk daa vita at ein baat liksom denne haddevorte driven i land av stormen burtpaa strandi der Fredag høyrde heime. Der var 17 kvite mann i han, og dei vart alle berga. Det maatte vera ein baat fraa eit skip som hadde gjenge under, og daa var det vel helst fraa det skipet som hadde slege seg sund her utpaa skjeri no sist.

„Hev de drepe og ete dei kvite mennerne?“ spurde Robinson.

„Nei,“ sa Fredag, „me ikkje eta andre enn dei me tek i ufred. Me vera brør med dei og hjelpa dei og gjeva dei mat.“ Robinson skyna av dette at villmennerne maatte ha gjort semja med dei kvite som hadde drive i land, og late dei i fred. Dei var der enno og budde for seg sjølv, sa Fredag, og dei hadde vore der i mest fire aar no. — Dette gav Robinson mykje aa tenkja paa.

*

XXVI.

Dei byggjer ny baat og vil ut paa ferd.

Ei heil tid etterpaa var dei ein dag uppaa ein fjelltop og saag vestyver havet og landet paa den andre sida. Det var fint ver vorte driven i land av stormen burtpaa strandi der Fredag høyrde heime. Der var 17 kvite mann i han, og dei vart alle berga. Det maatte vera ein baat fraa eit skip som hadde gjenge under, og daa var det vel helst fraa det skipet som hadde slege seg sund her utpaa skjeri no sist.

„Hev de drepe og ete dei kvite mennerne?“ spurde Robinson.

„Nei,“ sa Fredag, „me ikkje eta andre enn dei me tek i ufred. Me vera brør med dei og hjelpa dei og gjeva dei mat.“ Robinson skyna av dette at villmennerne maatte ha gjort semja med dei kvite som hadde drive i land, og late dei i fred. Dei var der enno og budde for seg sjølv, sa Fredag, og dei hadde vore der i mest fire aar no. — Dette gav Robinson mykje aa tenkja paa.

*

XXVI.

Dei byggjer ny baat og vil ut paa ferd.

Ei heil tid etterpaa var dei ein dag uppaa ein fjelltop og saag vestyver havet og landet paa den andre sida. Det var fint ver160 og reint og klaart i lufti. Fredag stod lenge og stirde utyver; so med eitt tok han til aa springa att og fram og dansa og* ropa paa Robinson. K\a er tids med deg?" spurde Robinson. Aa glad!" sa Fredag, der er landet mitt, der er folket mitt!" Augo hans lyste, og det var lett aa sjaa at dette synet hadde vekt heimhugen hjaa han og

fenge han til aa lengta attende til folket sitt. Robinson vart ille ved daa han saag dette, og tok til aa faa mistru til Fredag att. Lengta han so heim att, so var det ikkje visst kor trugen han kunde vera i lengdi, eller kor mykje han kunde vera aa lita paa. Han tok til aa vera varsamare og tala ikkje so mykje med Fredag dei fyrste vikorne etterpaa. Men han skyna etterkvart at det ikkje fanst nokon grunn til mistanke no meir enn fyrr. Fredag var stødt likso trugen og ærleg og paalitande som han hadde vore; han skyna ikkje ein gong at Robinson gjekk der med noko-slag mistru. Ein dag dei hadde gjenge upp paa det same fjellet att, spurde Robinson: Vil du ikkje gjerne koma attende til ditt eige land og folk, Fredag?" Jau, sa Fredag, han vilde vera svært glad, dersom han var der att. Kva vil du daa' gjera der?" spurde161 Robinson. ?,Vil du verta villmann att og eta mannekjøt og vera som du var fyrr^" Fredag saag tankefull ut og riste paa ho vudet og sa: «Nei, nei, Fredag læra dei aa liva skikkelegt, læra dei aa eta brød av korn, og mjølk og kjøt av dyr og ikkje eta manne kjøt meir." n Men daa kjem dei til aa drepa deg," sa Robinson. B Nei, dei ikkje drepa meg, dei gjerne læra," sa han. So fortalde han at dei hadde lært mykje av skjeggutte mennerne" som hadde kome dit med baaten. So karm du fara heim att daa," sa Robinson. So langt karm ikkje Fredag symja," sa Fredag og smilte. «Eg skal laga ein baat aat deg." Ja, sa han, han vilde nok reisa, var so Robinson vilde vera med. nNei, dei drep meg, er so eg kjem der," sa Robinson. Aa nei, nei," lét Fredag, meg lata dei ikkje drepa deg, meg lata dei tykkja mykje gildt um deg." Han meinte at han vilde for telja dei korleis Robinson hadde berga han, og at dei daa vilde verta glade i han, og so var so, er so, dersom. 21162 • fortalde han kor snilde dei var med dei syttan sftjeggutte mennerne. Robinson skyna at desse mennerne maatte vera fraa Spania eller Portugal, og han tok fraa denne stundi til aa faa svær hug paa aa vaaga seg yver havet og freista aa raaka dei. Og fann han dei, so var han viss paa at det skulde nok verta ein utveg til aa koma der ifraa og sistpaa koma heim att til Europa. Men vart han verande her, so kom han nok aldri lenger. Nokre dagar etter tala han med Fredag um dette same att og sa at han vilde gjeva han ein baat til aa koma yver havet med. So tok han Fredag med og synte han baaten som laag inni viki paa ein annan kant av øyi. Dei skauv han utpaa, og det synte seg daa at Fredag var svært dugande til aa ro. Han fekk baaten til aa gaa ein gong til so fort som naar Robinson sjølv rodde. Naa, Fredag, skal me no fara til folket ditt?" spurde Robinson. Fredag tagde og vart heller fortenkt; han tyktet/nok at baaten var for liten til ei slik lang ferd. So fortalde Robinson at han hadde ein større baat, og dagen etter tok han Fredag med og synte han den fyrste baaten han hadde gjort, den som han ikkje hadde kunna faa ned aat sjøen. Jau, den var stor nok, sa Fredag. Men denne baaten var ikkje bru163 kande no. Han hadde lege der i solskin og regn i nokre og tjuge aar og var sprukken og halvroten. So fær me laga oss ein ny baat daa, so stor som denne," sa Robinson ; han hadde sett seg fast fyre at han vilde vaaga denne ferdi yver havet no. „ Men Fredag vart hug fallen og sturen, daa han høyrde dette. Han trudde at husbonden hans vilde senda han yver havet aaleine. Robinson lest og eit bil som han tenkte paa det. Daa vart Fredag sistpaa so usæl at han ein dag gjekk etter ei øks og flidde Robinson. n Du drepa Fredag," sa han „ Kvifor det?" sa Robinson. «Kvifor du senda Fredag burt?" svara han og tok upp atter at Robinson skulde slåa han i hel; han vilde heller det enn at han skulde senda han ifraa seg. Robinson fekk sistpaa taaror i augo og lova at han aldri skulde senda han ifraa seg, dersom han vilde vera hjaa han; dei skulde fylgjast baae tvo. So tok dei til aa leita etter emne til ny baat. Fredag fann snart eit tre som baade stod nær sjøen og høvde godt og var av det beste slaget til aa gjera baat av; dette skyna han seg mykje betre paa enn Robinson sjølv. Han vilde at dei skulde hola baaten ut med eld, liksom dei gjorde heime hjaa folket hans;164 men Robinson synte honom at det var mykje lettare aa gjera det med verkty, ,og Fredag vart snart ein dugande hjelpesmann i dette arbeidet og. Daa dei hadde drive trottigt paa i ein maanads tid, var baaten alt ferdig. So hadde dei eit hardt stræv med aa faa han paa sjøen; dei la lunnar under han og ota han fram turne for turne. Det tok heile fjortan dagar fyrr han endeleg laag paa vatnet. Daa saag dei at han [var stor nok til aa bera minst v 20 mann. Fredag tok straks til aa prøva baaten, og det var moro aa sjaa kor lett han snudde og vende han att og fram; ein kunde sjaa at han var godt van med aa handsama baat fyrr. n Kann me vaaga oss yver havet med denne?" spurde Robinson. Ja," sa Fredag, svært godt fara yver, um det blaasa stor vind." Men Robinson tenkte ikkje paa aa slita og ro den lange vegen. Han vilde setja master og segl paa baaten og sigla yver. Dei fann eit fint beint sedertre og sette upp til master. Men seglet var det verre med. Robinson hadde nok liggjande ein heil slump segl alt fraa den tidi han berga so mangt i land fraa vraket. Men størsteparten av dei var rotne og til ingen ting no, etter dei165 hadde lege der iso mange aar. Han hadde aldri tenkt han skulde faa bruk for dei nokon gong, og

ikkje brytt seg med aa taka skikke leg vare paa dei. Han fann likevel til slult eit par stykke som var heile og brukande. Av dei laga han eit stort firkanta segl, latinar segl dei kalla. Men seint og strævsamt gjekk det aa faa det til; han hadde kje ein gong naal aa sauma med. Attaat dette storseglet laga han ei liti fokka som skulde vera til hjelp dersom dei raaka motvind; og so maatte han sistpaa setja ror paa baaten. Det tok mest likso lang tid aa faa i stand alt dette som aa laga baaten sjølv. Men endeleg laag han der fullrigga og ferdig. So stod det berre att aa læra Fredag upp til aa handsama seglet og roren; for dette kunde han ikkje noko med fraa fyrr. Han hadde vel snaudt sét segl eller ror fyrr. Han vart fælt forbina daa han saag korleis dei kunde styra baaten hit og dit med roren, og korleis vinden fyllte seglet og dreiv baaten fram, snart fraa den eine sida og snart fraa den andre, etter som dei snudde og vende paa han. Men han hadde snart lært alle handtak her i baaten og og vart ein hæv sjømann. Det einaste han ikkje kunde læra aa skyna seg paa var kompasen; det var ei altfor vand greida for han. Men det var heller ikkje ofte ein fekk bruk for kompasher paa desse kantar. Himmelen var mest alltid klaar, so ein hadde soli og stjernorne aa retta seg etter, so nær som i regntidi, og daa brydde ingen seg um aa taka ut paa ferd, korkje paa land eller sjø.

*

XXVII.

Dei slæst med villmennerne att.

I sju og tjuge aar hadde Robinson no vore her paa øyi si. Dei tri siste aari hadde han havt Fredag hjaa seg og havt det betre enn fyrr paa alle maatar. Paa aarsdagen etter han kom hit heldt han minnefest att, for 27de gongen. Hadde han havt mykje aa takka Gud for fyrr, so hadde han endaa mykje meir aa takka for no. Attaat alt det andre, so hadde han no fenge ei so god von um at det snart leid mot enden med fangetidi hans her paa øyi. Det var som han kjende paa seg at han ikkje kom til aa vera her aaret ut.

Det tok til med regntidi daa dei var ferdige med baaten, og det var ikkje aa tenkja paa nokor ferd fyrr den var yver. Dei tok og rodde baaten langt upp i her paa desse kantar. Himmelen var mest alltid klaar, so ein hadde soli og stjernorne aa retta seg etter, so nær som i regntidi, og daa brydde ingen seg um aa taka ut paa ferd, korkje paa land eller sjø.

*

XXVII.

Dei slæst med villmennerne att.

I sju og tjuge aar hadde Robinson no vore her paa øyi si. Dei tri siste aari hadde han havt Fredag hjaa seg og havt det betre enn fyrr paa alle maatar. Paa aarsdagen etter han kom hit heldt han minnefest att, for 27de gongen. Hadde han havt mykje aa takka Gud for fyrr, so hadde han endaa mykje meir aa takka for no. Attaat alt det andre, so hadde han no fenge ei so god von um at det snart leid mot enden med fangetidi hans her paa øyi. Det var som han kjende paa seg at han ikkje kom til aa vera her aaret ut.

Det tok til med regntidi daa dei var ferdige med baaten, og det var ikkje aa tenkja paa nokor ferd fyrr den var yver. Dei tok og rodde baaten langt upp ielveosen sunnanfor og la han godt i hamn der so lenge og tetta godt yver han med greiner. So heldt dei seg inne og i ro so lenge uveret varde. Daa godverstidi tok til att, for dei straks til aa laga nistemat og bu seg til ferdi paa allé maatar. Um ei vika eller fjortan dagars tid tenkte dei alt paa aa taka ut. So var det ein morgon Robinson bad Fredag gaa ned aat strandi og sjaa etter um han kunde firma ei skjoldpadda;

dei fann seg jamt ei for kvar vika. Fredag gjekk, men han hadde kje vore lang stundi burte fyrr han kom springande heim att og flaug yver gjerdet som det skulde brenna under føterne hans. Aa husbond, husbond! aa sorg, aa syrgjelegt!" ropa han. Kva er det, Fredag?" ropa Robinson og vart forstøkt han og. Aa der, der!" sa Fredag, ein tvo tri baat, ein tvo tri!" Robinson skyna at det var eit fylgje med villmenner som hadde kome dit att, og han trudde i fyrste laget at det var heile seks baatar, sidan Fredag sa ein tvo tri" tvo gongjer ; men han skyna snart at det likevel var berre tri. Fredag skalv og var reint vitskræmd der han stod; han kunde kje tenkja seg anna enn at vill mennerne no vilde leita etter han og drepa og eta han. xFredag hev sét manne-etarane.

„Men vil dei taka deg, so maa dei taka meg og,“ sa Robinson og freista aa trøysta han so godt han kunde; „me er baae i like stor faare, og me skal ikkje lata dei taka oss so lett. Me maa slaast med dei og verja oss. Kann du vera med paa det, Fredag?“

„Ja, meg skjota!“ sa Fredag, „men det kjem mykje mange.“

„Det gjer ikkje noko,“ sa Robinson; „byrsorne vaare skræmer dei som me ikkje skyt. Men vil du no lova at du skal hjelpa og verja meg, naar eg hjelper og ver deg, og at du vil gjera alt som eg segjer deg fyre?“

„Ja, meg døy, naar du byd meg aa døy,169 husbond!" lét Fredag; han hadde vorte heilt roleg og modig no att. So tok Robinson og ladde seks byrsor, tvo med store hagl og fire med kulor. Han fann fram det store sverdet sitt og hengde i beltet og let Fredag faa ei øks. Daa det var gjort tok han kikaren sin og kleiv upp paa bergtoppen og vilde sjaa. Han fekk snart auga paa dei tri baatarne og villmennerne; dei var 21 stykke og hadde tri fangar med seg. Dei hadde gjenge i land noko nærare upp imot elveosen denne gongen, ein stad strandi var flat og jamn og skogen gjekk mest ned aat sjøen. Det var greidt aa sjaa at dei vilde drepa dei tri fangarne og eta dei. Robinson vart so harm og upp øst der han stod, at han med ein gong sette seg fyre at han vilde gjera ende paa denne fælslege slagtingi, det fekk kosta kva det vilde. Han skunda seg ned til Fredag og sa kva han vilde, og spurde um han vilde vera med og hjelpa til. Fredag svara no som fyrr at han gjerne skulde lata livet, dersom husbonden kravde det. So tok Robin son ein pistol og tri av byrsorne og bad Fredag bera dei. Sjølv tok han dei tri andre byrsorne og hengde ein pistol i beltet. Ein pose med krut og kulor tok dei og med, og so tok dei i vegen. Robinson gjekk fyre og Fredag tett etter. Dei vilde taka paa vill mennerne der dei var og berga fangarne, so 22170 sant det let seg gjera. Fredag hadde for lenge sidan lært aa skjota og hadde ingen otte for byrsorne no lenger. Robinson sa han strengt fyre at han maatte tegja og ikkje skjota eller gjera noko fyrr han sjølv sa til, og Fredag lova at han skulde vera lydig og gjera alt som han var fyresagd. Dei tok ein lang umveg og gjekk yver clvi eit godt stykke ovanfor osen. So stillte dei seg nedetter skogen paa andre sida. Dei vilde koma so nær villmennerne at dei kunde skjota paa dei fyrr dei, gaadde nokon ting. Dei var snart komne ned imot skogbrynet midtfpr der villmennerne var ; der var berre eit skogholt framanfor som løynde dei. Daa peika Robinson paa eit stort tre nedi skog kanten og bad Fredag gaa dit og spæja etter kva dei no tok seg til. Fredag so gjorde og kom snart att og sa kva han hadde sét. Villmennerne sat i ein flokk kring ein eld og aat paa kjøtet av ein av fangarne sine. Ein annan laag bunden paa sanden eit lite stykke ifraa og skulde snart verta teken, og det var ein av dei kvite skjeggmen ner n e, sa han. Robinson vart reint forfæld daa han " høyrde dette. Han smaug sjølv fram til treet og saag i kikaren og fekk straks auga paa den kvite mannen ; han hadde klæde paa seg og maatte vera ein Europa-mann. Der var eit anna stort tre med eit lite171 skogholt ikring paa lag 50 alner nærare der manne-etarane heldt til. Robinson og Fredag saag snart at det let seg gjera aa koma usedde dit. Dei smaug seg fram attanfor buskarne so varlegt dei kunde og naadde fram til det andre treet; og derfraa vaaga dei seg endaa eit lite stykke ut paa ein bakke, so dei sist paa var berre ei halv skotlengd fraa vill mennerne. Dei saag no at tvo mann hadde gjenge burt til den kvite mannen og skulde vel til aa slagta han; dei hadde alt bøygt seg ned og vilde taka bandi av føterne hans. Daa kviskra Robinson til Fredag: r No maa du sjaa vel etter og gjera nettupp som eg gjer fyre!" So la han tvo av byrsorne sine ned paa marki, og Fredag gjorde det same med tvo av sine. Med den tridje byrsa tok han sigte paa villmennerne, og Fredag gjorde like eins. Er du ferdig?" kviskra Robinson. Ja." So skjot!-' — i same blinken small tvo skot. Fredag hadde teke so godt méd at det fall tvo for skotet hans, og tri vart saara. Robinson sjølv hadde skote ein og saara tvo. Vill mennerne vart reint vitskræmde, som venteleg var. Alle som ikkje var raama sprang upp og laup att og fram ; dei saag ikkje kvar skoti kom ifraa og visste ikkje kva veg dei

skulde snu seg eller røma. Robinson hadde alt trive ei byrsa til ; Fredag fylgde han med augo ogDei skyt paa villmennerne.173 gjorde like eins, og so small skoti att. Det fall berre tvo denne gongen ; men mange var saara, og tri av dei stupte straks etter, endaa dei var nok ikkje reint daude. Alle dei andre skreik og ylte som ville dyr. Fylg meg no, Fredag!" sa Robinson og treiv den tridje byrsa og sette paa spranget ut or skogen og nedyver mot villmennerne. Fredag fylgde modig etter. Dei sette iog ropa og hua alt dei vann, daa manne-etarane saag dei, og laup fram til -den kvite mannen. Dei tvo som skulde taka han, hadde alt sett påa floget ned aat sjøen og sprang ut i ein baat, og tri andre fylgde dei. Robinson bad Fredag springa etter og skjota paa dei, og han sette straks av stad og gjorde som han var fyresagd. Alle fem stupte yver ein annan i baaten, daa han hadde skote. Tvo av dei vart drepne og ein hardt saara; men dei tvo andre hadde berre dotte i koll av rædsla og reiste seg sidan att. Medan Fredag dreiv paa med dette, hadde Robinson rive ein kniv or beltet og skar bandi av den kvite mannen og reiste han upp. Han spurde kva han var for ein, og den framande svara paa latin at han var kristianus" (ein kristen). Han var so for komen at han var aat aa siga ned att og orka snaudt aa tala. Daa tok Robinson fram ei liti flaska han bar i lumma og let hanRobinson kjem burt til den kvite mannen. drikka ein sup brennevin, og etterpaa gav han honom eit stykke brød. Dette styrkte den arme mannen ein grand. Han sa at han var fraa Spania, og han visste kje korleis han best skulde takka Robinson for hjelpi.

„Lat no det berre vera, det skal me talast um ein annan gong,“ sa Robinson paa spansk so godt han kunde; „no maa me slaast med villmennerne. Orkar du noko, so tak denne pistolen og dette sverdet.“ Den framande tok imot vaapni, og med det same han hadde fenge dei i henderne var det som175 han fekk nye krefter. Han sprang inn paa fiendarne sine og hogg ned tvo av dei i ei hande-vending. Villmennerne hadde vorte so forskræmde daa dei høyrde skoti og saag so mange stupa, at størsteparten av dei ikkje ein gong hadde orka aa røma sin veg; sume hadde dotte i koll av berre rædsla og andre sprang der og skreik enno. Robinson stod med byrsa i handi, men skaut ikkje enno for det fyrste; han hadde berre dette eine skotet no og maatte bruka det godt. Han ropa paa Fredag og bad han springa etter dei byrsorne dei hadde lagt etter uppmed treet. Fredag kom straks med dei, og Robinson skunda seg og ladde dei. Ein av villmennerne hadde med det same manna seg upp og sprang inn paa spanjoren og vilde hogga til han med eit stort tresverd, det same sverdet som dei tok livet av fan garne med. Spanjoren heldt honom ifraa seg eit heilt bil og saara han paa tvo stader i hovudet. Men indianaren var ein stor og sterk kar og fekk sistpaa yvertaket. Han slo spanjoren yver ende paa marki og vilde riva sverdet ifraa han. Spanjoren slepte det, men reiv i det same pistolen or beltet og skaut indianaren tvers gjenom bringa, so han seig daud ned. Robinson hadde set at span joren var i livsfaare og kom springande og176 vilde hjelpa han, men no var det ikkje turvande. Alle dei av villmennerne som vann springa hadde no endeleg teke paa floget ned imot baatarne. Fredag hadde slege i hel dei tri som var so hardt saara at dei hadde stupt i koll paa marki, og no sette han etter rømlingarne med øksi si og gjorde det av med alle dei han naadde i; han hadde vorte reint vill av stridshug. Spanjoren treiv ei av dei ladde byrsorne og sette og etter dei som rømde Han saara tvo, men dei kom seg undån og rømde inn i skogen, og han vann ikkje springa etter dei der. Daa kom Fredag og sette etter dei og drap den eine. Men den andre kom seg endaa undan og sprang ned aat sjøen og sumde ut til dei tvo som var i den eine baaten. Desse tri — og ein som var so hardt saara at det var uvisst um han livde — var dei einaste som no var att av villmennerne; alle dei andre var drepne. Fredag skaut etter dei tri i baaten og, men raama dei nok ikkje. Dei rodde alt dei vann og freista aa koma seg undan. ;„Me maa taka ein baat og ro etter og taka dei!" sa Fredag, og Robinson var og rædd for aa sleppa dei undan. Kom dei seg heim til folket sitt og fortalde kva som var hendt her, kunde indianarane snart koma att med nokre hundrad baatar,177 og daa var det uraad aa staa seg for dei. Han sprang ut i ein baat og bad Fredag vera med. Daa fekk han auga paa ein mann som laag botten paa hender og føter nedi botnen paa baaten. Det var ein fange til som vill mennerne hadde vilja slagta og eta. Han var mest daud av rædsla og visste ingen ting um det som hadde hendt paa land; han kunde ikkje reisa so mykje paa seg at han kunde sjaa ut yver æsingi. Robinson skunda seg og skar av bandi og vilde hjelpa han upp; meneden arme mannen var so utpint at han kunde korkje staa eller gaa; han berre sukka eg stunde og trudde^ nok at det var manne-etarane som løyste han og vilde drepa han. Daa Fredag kom ut i baaten, sa Robinson at han skulde tala til indianaren og segja at han no var fri. Sjølv tok han fram flaska si att og slo i han ein sup brennevin. Daa tok han endeleg til aa skyna at det ikkje var fiendarne hans som stelte med han, og at han no var berga. Han reiste paa seg

og tok til aa tala. Daa hende det noko underlegt med Fredag. Han sprang burt til fangen og slo armarne kring han og kyste han mange gongjer; han log og ropa av gleda og sprang upp og dansa ikring som han vøre reint ør. Robinson spurde nokre gongjer vøre som kom 23178 aat han, og endeleg fekk han daa vita det: denne fangen som dei hadde funne her halv daud, var far til Fredag! Han hadde ikkje kjent han att med ein gong, so ille som han var medfaren. — Men Fredag kunde kje enno staa still og segja nokon ting i saman heng. Han sprang upp paa land og ut att i baaten mange gongjer; so sette han seg sistpaa attmed far sin og la hovudet hans inn til berre bringa si og sat soleis mest ein ,halv times tid, og sidan tok han til aa gnika han paa armarne og kring oklo; dei var enno stive og naamne etter han hadde vore so hardt samanklemd av bandi. Robinson vart reint teken og klekt der han stod og saag paa alt dette. Denne villmannen" — som han hadde kalla Fredag — synte ein kjærleik til far sin som han aldri hadde sét maken til fyrr. Medan dei vart hefte med dette, hadde dei tri villmennerne i baaten kome seg undan, so dei var mest or syne. Daa kunde det ikkje nytta aa taka ut etter dei. Det var elles berre ei heppa for Robinson og Fredag at dei vart hefte soleis ; for eit par timars tid etter tok det til med ein sterk vind, so det hadde kje vore greidt aa klara seg utpaa havet. Vinden heldt paa heile natti, og dei tri villmennerne som skulde yver havet hadde179 han beint imot seg. Det var vel difor snaudt um dei kom heim atter. Daa den gamle indianaren hadde kome seg noko meir, gav dei han mat av nista dei hadde med, og Fredag sprang sidan heim etter ei krukka med ferskt vatn til han. Gam lingen hadde ikkje smaka vatn paa lang tid og var reint forkomen av torste; han drakk og drakk og kvikna endaa noko meir upp etterpaa. Med spanjoren stod det heller ikkje hævt til. Han hå*dde nok gjort seg sterk eit lite bil, sO lenge han slost med villmennerne ; men no etterpaa hadde han vorte laak og klen att av alt det vonde han hadde lide. Han hadde lagt seg ned uppi skuggen av eit tre og orka ikkje ein gong aa reisa seg upp atter. Dei gav han vatn og mat, og" Fredag gnika han paa oklo og armarne liksom han hadde gjort med far sin; for spanjoren var og såar og upp-bulna av bandi. Men Fredag maatte alt i eitt glytta ned til far sin, og ein gong den gamle la seg ned i baaten og vilde kvila seg attpaa, for han som ein elding ned og vilde sjaa kva det var med han. Sidan tok Fredag spanjoren paa ryggen og bar han ned aat baaten og sette han att med far sin. So skauv han baaten utpaa og rodde upp til viki uppmed elveosen med dei tvo. Der la han baaten etter so lenge, og so180 sprang han attende og tok den andre baaten og rodde han upp til viki. Robinson sjølv gjekk langs med strandi upp til elveosen. Daa han kom dit, hadde Fredag alt kome der med baae baatarne. So tok han og bar Robinson yver viki, og sidan bar han dei tvo upp or baaten. Aldri hadde Robinson sét slikt liv og slik snugg i han som i dag, og Fredag synte denne gongen betre enn nokon gong fyrr kor dugande ein kar han var. Dei tvo mennerne som dei hadde berga, orka ikkje enno aa staa eller gaa. Robinson og Fredag maatte laga eit slag baara av greiner og kvister til aa setja dei paa, og so tok dei og bar dei den lange vegen heim til huset. Men der kom dei endaa iei knipa. Korleis 'skulde dei faa dei tvo armingarne yver dei høge gjerdi? Dei kunde ikkje berar dei yver, og Robinson vilde naude brjota hol i festningsverki sine. So visste dei ikkje onnor raad, dei bygde ei liti hytta ute millom det ytste gjerdet og skogrringen ikring og tetta ho godt til med greiner og kvister og gamle segl. Der reidde dei upp tvo sengjer av rishalm og klæde so godt dei kunde, og bar so dei tvo inn og hjelpte dei til sengs. Daa dette var gjort, sende Robinson Fredag av stad etter ei gjeit. Dei slagta ho og koka noko av kjøtet og bar inn til dei tvo, og so sat dei der alle fire og aat til kvelds.Fredag maatte vera tolk millom Robinson og far sin, og ofte millom dei tvo kvite og; for spanjoren kunde godt tala indianarmaalet, men Robinson kunde kje stort spansk, og spanjoren kunde kje engelsk.

Dagen etter styrde Robinson Fredag ned til strandi etter nokre byrsor dei hadde lagt etter seg og bad han med det same grava ned alle liki av dei som var skotne og alle leivnerne etter det siste festmaalet til villmennerne. Fredag gjorde alt som han var fyresagd. Daa Robinson sidan kom der, tedde det ingen ting att av alt det fæle og uhuglege som hadde gjenge for seg der.

*

XXVIII.

Spanjoren og far til Fredag tek ut paa ferd.

Dei tvo framande kom seg snart att, og Robinson tok til aa tala meir med dei. Han bad fyrst Fredag spyrja far sin um han trudde at dei tri som fekk røma i baaten hadde berga seg heim, og um han meinte at folket deira daa vilde koma att i mengd og hemna seg. Gamle-indianaren trudde helst Fredag maatte vera tolk millom Robinson og far sin, og ofte millom dei tvo kvite og; for spanjoren kunde godt tala indianarmaalet, men Robinson kunde kje stort spansk, og spanjoren kunde kje engelsk.

Dagen etter styrde Robinson Fredag ned til strandi etter nokre byrsor dei hadde lagt etter seg og bad han med det same grava ned alle liki av dei som var skotne og alle leivnerne etter det siste festmaalet til villmennerne. Fredag gjorde alt som han var fyresagd. Daa Robinson sidan kom der, tedde det ingen ting att av alt det fæle og uhuglege som hadde gjenge for seg der.

*

XXVIII.

Spanjoren og far til Fredag tek ut paa ferd.

Dei tvo framande kom seg snart att, og Robinson tok til aa tala meir med dei. Han bad fyrst Fredag spyrja far sin um han trudde at dei tri som fekk røma i baaten hadde berga seg heim, og um han meinte at folket deira daa vilde koma att i mengd og hemna seg. Gamle-indianaren trudde helst*Ill. Br. Brunskow. Kr. a* Heime i huset. det same som Robinson sjølv, at baaten hadde kome burt paa havet; men skulde det likevel ha hendt at dei hadde berga seg heim, so trudde han endaa ikkje at det var nokon faare. Naar villmennerne fekk høyra um alle som var skotne, kom dei til aa verta so rædde, sa han, at dei slett ikkje vaaga seg hit meir. Dei kom til aa tru at Robinson og Fredag ikkje var menneskje, men tvo faarlege aander som drap folk med ljon og torebrak. Han hadde endaatil høyrt at dei som rømde hadde ropa dette til einannan.

— Han hadde nok rett i dette, den gamle indianaren. Villmennerne kom ikkje att, og183 etter det som Robinson . sidan fekk høyra, hadde dei i lang tid ,rædsla for denne øyi og trudde at alle som kom her vart drepne av eld fraa gtidarne; for dei tri i baaten hadde nok berga seg heim att til slutt, kor som var, og fortalt um det- fæle som hadde hendt her paa øyi. Men alt dette kunde Robinson ikkje vita noko um enno, og han kunde ikkje vera viss paa at det var aa lita paa det som den gamle sa. Han gjekk difor og ottast for villmennerne ei heil tid enno og venta paa hemni, og dei var alltid godt væpna alle fire og godt budde paa aa verja seg. Men daa det hadde gjenge ei heil tid og ingi villmenner kom, vart han rolegare og tryggare att. — Sidan manne-etarane kom no sist og der vart so mykje anna aa tenkja paa, hadde det ikkje vorte meir av med den store ferdi yver havet som Robinson og Fredag hadde tenkt so lenge paa og butt seg til. Men no tok dei til aa tala um denne ferdi att, og far til Fredag lét um at dei vilde verta godt mottekne naar dei kom til folket hans. Men Robinson skyna at det var best aa tenkja seg vel um enno og høyra kva spanjoren meinte, og av honom fekk han vita mangt som ikkje var berre godt. Dei 16 kvite som var hjaa indianarane fekk nok vera der i fred paa ei vis, sa han;184 men dei hadde det vondt og leid ofte naud. Dei hadde kje anna aa liva av enn det som indianarane let dei faa, og det var ofte skralt nok; og dei kunde ikkje ein gong vera visse paa um dei var trygge for livet. — Dei hadde vore paa ferd fraa Rio til Havana, daa skipet deira gjekk under. Dei fekk ikkje berga nokon ting med seg, daa der kom seg i land, og var soleis reint hjelpelause millom vill mennerne. Dei hundrad gongjerne hadde dei lagt raad um korleis dei skulde faa røma og berga seg attende til kristne folk ; men det hadde alt saman vorte til inkje. Det var uraad for dei aa koma nokon stad. Dei kunde ikkje koma fram gjenom skogarne og villmarkjerne innpaa fastlandet, og dei aatte ikkje verkty til aa byggja seg noko farjy med. Daa Robinson hadde høyrt dette, slo han frampaa um at dei 16 spanjorarne kunde koma hit. Han hadde verkty nok, og naar dei var so mange, kunde dei snart byggja eit heilt stort skip og sidan

sigla sud til Brasilia eller nord til øyarne i Vestindia. Men han sa med det same at han ikkje var mykje huga paa dette; for Han kunde aldri vita kor mykje han kunde lita paa desse framande mennerne. Dei kunde fara med svik og gjera han til fange, naar dei godt og vel var komne her. Og185 • sidan kunde dei taka han med til Sud-Amerika og gjera han til træl eller lata han koma i klørne paa prestarne og verta pint av inkvi sitionen. Det var verre enn aa koma i hen derne paa sjølve manne-etarane og verta drepen og eten av dei. Til dette svara spanjoren at det var ingen grunn til aa ottast for slikt. Dei sekstan mennerne hadde sjølv prøvt so mykje no og havt def so vondt, at dei aldri vilde tenk] a paa svik mot den som hadde berga dei. Der som Robinson vilde, sa han, so skulde han siølv og den gamle indianaren sigla yver havet fyrst og tala med dei. Han skulde faa dei til aa sverja ved dei heilage sakramenterne og evangeliet at dei skulde taka Robinson til hovding og styrar naar dei kom hit, og lyda han i eitt og alt;- og dei skulde reisa dit som han vilde, naar skipet var ferdigjt. Han skulde setja upp eit brev um dette som dei alle skulde skriva under paa, sa han, og med det ' skulde han og indianaren koma attende til Robinson. So kunde dei sidan fara yver havet etter dei andre spanjorarne. „Og sjølv vil eg fyrst av alle sverja deg truskap," sa han, og lova at eg skal verja deg til siste blods dropen, dersom det skulde turvast." Daa Robinson hadde høyrt dette, sette han seg fyre at han' vilde vaaga vom og freista aa berga dei 16 mennerne, so sant 24186 det var raad. Spanjoren og far til*Fredag skulde fara yver havet no straks og tinga med dei. Lova dei daa det som Robinson kravde, skulde dei vera med attende med det same. — Men daa alt var reidugt til ferdi, kom spanjoren sjølv til Robinson og sa at det var nok :best dei venta enno ei tid fyrr dei for. Han hadde vore der ein maanads tid no, sa han, og sét kor mykje korn og matvaror der var i huset. Det var nok for tvo mann til næste hausten, og naar dei stelte seg var samt kunde det rekkja til for fire. Men kom alle dei sekstan spanjorarne hit, vart det reint for lite. Og endaa mindre vilde maten rekkja til naar dei fekk skipet ferdigt og skulde av stad og maatte ha noko aa liva av paa den lange ferdi. Han tykte difor at dei fyrst maatte raada seg til med meir matvaror, fyrr dei gjorde noko anna. Dei maatte brjota upp ny aaker og saa ut alt det saakornet dei hadde, og so venta til det vart haust att. Daa fekk dei korn nok for alle, naar dei kom hit, og ingen skulde faa noko aa klaga for. Men vart det naud for mat, so kunde dei lett verta misnøgde; dei kunde tykkja at dei berre var komne fraa det eine vonde og i det andre og verta vande aa koma til lags med. nDu veit", sa han, at israelsborni fyrst var glade for dei var berga ut or187 Ægyptaland; men daa dei sidan kom til aa vanta brød i øydemarki, reiste dei seg upp jamvel imot Gud sjølv." Robinson skyna straks at mannen hadde rett i dette. Det var ei raad som synte at han var baade klok og paalitande. Dei sette ferdi ut so lenge og gav seg alle saman til aa brjota upp aaker. Saatidi kom ikkje fyrr um ein maanads tid, og til daa hadde dei fenge upp so mykje jord at dei kunde saa 22 skjeppor bygg og 16 skjeppor ris. Meir korn kunde dei ikkje taka til saad. Det var ikkje mykje dei no hadde att for dei næste seks maanarne til haustingstidi kom. Men dei hadde alltid kjøtmat og anna aa taka til, og dei kunde ferdast fritt kringum paa øyi og veida og leita etter alda kvar dei vilde no daa dei var fire mann sterke. Det maatte koma mange villmenner fyrr nei no turvte verta rædde. Daa dei var ferdige med saaingi, tok dei til aa leita etter tre til skipsvyrke kringum i skogen, og Robinson sette folki sine til aa hogga dei ned og hogga dei til. — Dei freista med det same aa auka gjeiteflokken sin alt det dei kunde. Dei skaut gamle villgjeiter og tok kidi deira livande og hadde dei millom dei tamde gjeiterne. Dei fekk paa den maaten samla inn heile 20 stykke. — Daa villdruvornesidan vart mogne, henta dei ned ei stor mengd av dei og turka dei i soli.

Det vart ikkje nokor svært rik hausting daa skurdtidi kom. Men kornet stod jamnt godt. Dei fekk 120 skjeppor av dei 22 skjepporne bygg, og av risen like eins etter maaten. Dette var so mykje at dei no godt kunde taka imot dei 16 mennerne og hava mat nok til næste haustingstidi.

So gjorde dei i stand den eine av dei baatarne som manne-etarane hadde late etter seg, og spanjoren og far til Fredag skulde av stad yver havet. Dei fekk tvo byrsor og kulor og krut til 8 skot med seg; dei fekk nistemat for ei heil lang tid og mat til dei 16 spanjorarne for aatte dagar. Og spanjoren maatte endaa ein gong lova at han ikkje skulde koma hit med nokon fyrr dei hadde svore at dei skulde lyda Robinson i eitt og alt.

Dei gjorde avtale um at dei tvo ferdamennerne skulde gjera eit visst teikn naar dei kom siglande attende, so Robinson og Fredag kunde skyna kven dei var. So steig dei i baaten. Dei tvo som var etter ynskte dei lukka paa ferdi, og eit bil etter fór baaten ut yver havet med ein frisk vind etter seg.

*

XXIX.

Upprørarane.

Det var gjenge aatte dagar sidan spanjoren og den gamle indianaren tok av stad. Robinson laag enno og sov i sengi si ein morgon. Daa kom Fredag laupande inn og ropa høgt: „Dei kjem, husbond, dei kjem!“

Robinson sprang upp og kasta paa seg nokre klæde og skunda seg ut. Daa fekk han auga paa ein baat eit langt stykke utpaa havet; han hadde firkanta segl og styrde hit mot øyi. Men han kom ikkje fraa den same kanten som villmennerne hadde kome med baatarne sine; han kom sunnantil. Robinson skyna straks at det daa ikkje kunde vera den baaten dei venta paa. Det var heller ikkje godt aa vita um det var folk som kom paa det vonde eller det gode. Han ropa til Fredag at han skulde løyna seg. So gjekk han inn etter kikaren sin og kleiv upp paa bergtoppen og vilde sjaa um han kunde faa betre greida paa kva slag baat det var.

Daa han var komen dit upp, fekk han auga paa eit skip som laag for anker eit stykke utpaa havet ei mils veg lenger sudpaa. Han saag med ein gong at det var eit engelsk skip, og at baaten var ein engelsk storbaat. Han vart so glad med det same atRobinson ser eit skip. han vart mest fraa seg. Men det var ikkje lenge fyrr han fekk ein mistanke i seg og skyna at det var ikkje vera aa gleda seg for tidlegt. Kva hadde eit engelsk skip aa gjera paa desse leider, so langt fraa alle engelske nybygder? Og skipet kunde ikkje ha drive hit av nokon storm; for det hadde vore berre fint og godt ver i lang tid. Det var heller underlegi dette alt saman; det beste var aa vera varsam og halda seg løynd so lenge og ha eit auga med skipet og baaten.

Det var ikkje lenge fyrr han skyna at han hadde havt altfor god grunn til aa ha191 fe , i ein (mistanke. — Baaten kom inn mot land og leita etter ei hamn eller vik til aa leggja inn i, var det likt til. Men han kom ikkje so langt hit til denne- kanten at baatsfolki fekk auga paa den litle elveosen og viki utanfor. Dei sette sistpaa inn mot strandi eit stykke lenger sud, mest paa same staden som der villmennerne hadde landa sist. No saag han godt at det var engelsmenner. Dei var 11 stykke, og tri av dei saag ut til aa vera bundne. Seks av baatsfolki sprang straks upp paa strandi og drog sidan dei tri fan gacne upp etter seg. Den eine av fangarne bar seg som han var reint vitskræmd og bad for livet, og dei tvo andre rette og upp armarne av og til liksom dei bad um naade. Robinson stod og stirde paa denne syni og skyna ingen ting. Fredag hadde og kome upp paa bergtoppen, og med ein gong sette han iog ropa: Aa husbond, no ser du at engelsmenuerne ét fangar liksom raude menner ! „ Nei nei, dei vil ikkje eta dei, men eg er rædd dei vil drepa dei," sa Robinson, han skyna med eit kva det var dei etla seg til aa gjera. Han va»t so teken at han skalv der han stod og venta i kvar stunde at dei arme fangarne skulde verta drepne. Hadde han havt spanjoren og gamleindianaren hjaa seg attaat Fredag, skulde han freista aa berga192 dei um det hadde vore aldri saa faarlegt. Men no var det uraad aa vaaga det, og han visste ingen ting aa gjera. Daa saag han at dei seks sjømennerne ikkje gjorde det av med fangarne so snart endaa, korleis det no hadde seg. Dei spreidde seg og tok til aa driva att og fram liksom dei vilde sjaa seg ikring, og dei tri fangarne sette seg ned for seg sjølv. Sjøen heldt nett upp paa og fjøra, og baaten laag snart paa berre strandi. Tvo av mannskapet hadde gjeve seg etter i baaten og skulde vel ha til syn med han so lenge. Men dei tok det maklegt og hadde lagt seg til aa sova dg gaadde ingen ting fyrr baaten stod eit heilt stykke ifraa vatnet.^ Dei freista aa faa han tit flots att, men kunde ikkje rikka han av flekken. So ropa dei paa dei andre at dei skulde koma og hjelpa til, og heile flokken var snart samla. Men dei kunde ikkje endaa faa baaten ut. Han var stor og tung, og strandi var laus og^gyrmutt, so han sokk djupt nedi. So let dei baaten staa og dreiv uppetter strandi; dei laut venta til sjøen fløddе att. Robinson visste at det ikkje vart flod sjø fyrr eit heilt bil etter* det var myrke um kvelden. Daa kunde han lura seg usedd tett ned til dei og faa betre greida paa kva dei tok seg fyre. Og karm henda det daa193 kunde verta ei raad til aa berga fangarne og. Han ladde byrsorne og væpna seg godt med' han venta. Fredag hjelpte til og væpna seg godt han og. Fram imot klokka tvo um dagen kleiv Robinson upp paa bergtoppen att og saag etter dei framande

sjøfolki. Daa kunde han ikkje sjaa dei nokon stad. Dei maatte ha gjenge inn i skogen og hadde kanskje lagt seg til aa sova no med' dagen var paa det heitaste. Men dei tri fangarne sat der enno for seg sjølv; der hadde berre flutt seg burt i skuggen under eit tre, og dei var ikkje bundne no lenger, so mykje han kunde sjaa. Sjømennerne^ tenkte^ vel at dei ikkje kunde røma nokon stad her, kor som var. Daa Robinson hadde sét dette, skyna han med ein gong at det var ikkje verdt aa venta alt til kvelds med hjelpi, soleis som han fyrst hadde tenkt. No maatte~det vera rette stundi til aa lura seg ned til fangarne og freista aa faa tala med dei, og berga dei so sant det var raad. Han * tok straks i vegen, godt væpna som han var, og Fredag kom eit stykke etter. Dei kom seg yver elveosen og for nedetter skogen. Daa Robinson var komen tett ned imot dei tri fangarne, stogga han og spurde varsamt kven dei var. Dei stokk og sprang upp og stirde ikring seg. 25Og endaa meir forstøkte vart dei, daa dei fekk auga paa den underlege framande mannen, skinnklædd som han var fraa topp til taa og væpna med byrsor og sverd og pistolar som den morskaste hermann. Dei saag ut som dei hadde mest hug til aa røma sin veg, og dei vaaga ikkje aa svara paa det han spurde um.

„Ver ikkje rædde, de hev kanskje ein hjelpesmann her som de ikkje ventar eller veit um,“ sa Robinson.

„Daa maa det vera ein som er send beinast fraa himmelen,“ sa den eine av dei paa engelsk, „for noko menneskje karm vel ikkje koma her og hjelpa oss.“

Robinson talar til dei tri fangarne.195 All hjelp kjem fraa himmelen," sa Ro binson. So gjekk han næmare burt til dei og fortalde korleis han hadde sét dei daa dei kom i land ; han hadde skyna at dei var i naud og faare, og vilde no høyra um han kunde hjelpa dei paa nokor vis. Han hadde nok berre ein einaste mann med seg, sa han; men dei var godt væpna baae tvo. Dei fekk taaror i augo, dei arme* men nerne, og visste mest ikkje um dei skulde tru seg sjølv. So fortalde den eine av dei at han hadde vore skipper paa eit farty som laag her eit stykke ifraa, og at mannskapet hadde gjort upprør og gjort honom og tvo an(lre — styrmannen og ein ferdamann som var med paa skipet — til fangar. No hadde upprørarane teke dei med til lands her, og dei hadde ikkje venta seg anna enn dauden. Kvar er fiendarne dykkar?" spurde Ro- binson. Dei ligg der," sa skipperen og peika paa eit skogholt eit lite stykke ifraa; men eg er rædd dei ser oss og høyrer dykk tala; daa kiem dei snart og drep oss." Hev dei byrsor med'?" spurde Robinson. Skipperen svara at dei hadde berre tvo stykke. D'er godt," sa Robinson; lat no meg raada. No skal me fyrst gaa inn i skogen eit stykke, so dei ikkje ser eller høyrer oss,196 og tala betre um kva me skal gjera." Dei tri mennerne fylgde viljugt med, og dei stod snart godt i skjol alle saman. Men bergar eg dykk no," sa Robinson, so maa de lova meg tvo ting. Det fyrste er at de skal lyda meg og lata meg styra og raada, so lenge de er her paa øyi, og lét eg dykk faa vaapen i henderne, so skal de alltid lata meg faa dei att. Og det andre eg krev er at de skal taka meg og tenaren min med, dersom de fær taka skipet att, og føra oss fritt attendeHil England." Skipperen lova paa æra og samvit at han gjekk med paa dette. Han tykte det var eit ovendeTrimelegt^krav. So let Robinson dei tri mennerne faa kvar si byrsa og kulor og krut. Det beste er no," sa han, at me skyt paa dei med ein gong, med' dei liggf der.** Er det"daa ein eller fleire av dei som ikkje vert drepne med det same og gjev seg under oss, so karm me gjeva dei grid." Skipperen svara til dette at han naude vilde drepa for mange, dersom det var raad aa spara dei; men der var tvo skarvar som var vel verd at ein skaut dei; det var dei som var upphavsmennerne til heile upprøret. Kjem dei seg undan og fær røma ut til skipet, so er det ute med oss alle," sa han.197 wDei kjem daa att med heile mannskapet og drep oss." Alt med dei stod og rødde um dette, hadde tvo av sjømennerne vakna og tok til aa gaa nedetter. «Er det nokon av dei tvo du tala um?" spurde Robinson. Nei," sa skipperen. So karm dei gaa so lenge," sa Robinson. «Det maa vera den gode lagnaden som hev vekt dei, so dei karm sleppa ifraa med livet. Men slepp dei andre undan, so er det di eigi skuld." So tok skipperen og dei tvo felagarne hans til aa stiga varlegt fram, med kvar si byrsa i handi. Robinson og Fredag fylgde etter. Det knast litégrand under føterne deira. Ein av sjømennerne burti skuggen høyrde det og vakna. Han fekk straks auga paa dei som kom, og sette i og ropa paa felagarne sine. Men det var longo for seint; tvo av dei som gjekk fremst hadde i same blinken lyft byr sorne sine og skaut paa dei tvo kjeltringarne som skipperen hadde fortalt um. Den eine av dei vart drepen paa .flekken, men den andre vart berre saara. Han sprang upp og ropa paa dei andre at dei skulde hjelpa han. Daa sprang skipperen fram til han og sa at det no var for seint aa ropa etter hjelp. Bed heller Gud forlata~deg alt det vonde du hev198 gjort," sa han og slo han ned med byrse stokken,

so det aldri spann i han meir. Dei tri andre av flokken saag straks at det ikkje nytta aa gjera motstand. Dei gav seg godviljugt og bad um naade. Skipperen svara at han skulde spara dei, dersom dei vilde angra det vonde dei hadde vore med paa, og sverja at dei skulde vera trugne mot han og hjelpa han til aa faa tak i skipet att. Dei lova alt, og slapp so med livet. Dette hadde kje Robinson heller noko imot. Han sette berre det vilkaaret at dei skulde binda dei tri fangarne paa hender og føter og halda dei fast so lenge dei var her paa øyi. Medan Robinson og skipperen heldt paa 'med dette, hadde styrmannen og Fredag sprunge ned til baaten og bore or vegen seglet og aararne. Dei tri av matrosarne som ikkje hadde vore med uppi skogen, hadde høyrt skoti og kom springande ned til strandi ein for ein. Daa var det ikkje anna aa gjera for dei enn aa gjeva seg godviljugt. Dei slapp alle med livet og vart bundne liksom dei andre tri. Dermed hadde Robinson og felagarne hans fenge heilt yvertaket. Np fekk dei endeleg tid til aa tala betre med einannan. Robinson fortalde korleis han hadde kome hit til denne øyi og livt her i so lang lang tid og vorte berga paa so mange underlege maatar naar han hadde vore inaud og faare, alt til han no paa ein likso underleg maate hadde fenge berga dei tri som var i livsfaare. Skipperen vart sistpaa so teken at han gret og kunde kje segja eit ord.

*

XXX.

Det kjem fleire av sjømennerne i land.

Daa Robinson hadde fortalt alt dette, tok han dei tri mennerne med seg heim til huset sitt. Han gav dei mat og synte dei sidan alt det han hadde fenge i stand og bygt i alle dei aari han hadde vore her. Dei var ovende forbina paa alt det dei saag. Det som skipperen undra seg aller mest yver var at Robinson hadde kunna løyna heimstaden sin so godt. Dei tréi han hadde sett utanfor borgi si for mest 20 aar sidan, hadde no vakse upp til ein stor skog som det mest ikkje var raad til aa koma igjenom. Der var ingen annan inngang enn ein smal stig som bugta seg fram millom tréi.

„Dette er sjølve borgi og slottet mitt,“ sa Robinson; „men eg hev eit hus paa landet og, soleis som alle storfolk hev det. Der kann naud og faare, alt til han no paa ein likso underleg maate hadde fenge berga dei tri som var i livsfaare. Skipperen vart sistpaa so teken at han gret og kunde kje segja eit ord.

*

XXX.

Det kjem fleire av sjømennerne i land.

Daa Robinson hadde fortalt alt dette, tok han dei tri mennerne med seg heim til huset sitt. Han gav dei mat og synte dei sidan alt det han hadde fenge i stand og bygt i alle dei aari han hadde vore her. Dei var ovende forbina paa alt det dei saag. Det som skipperen undra seg aller mest yver var at Robinson hadde kunna løyna heimstaden sin so godt. Dei tréi han hadde sett utanfor borgi si for mest 20 aar sidan, hadde no vakse upp til ein stor skog som det mest ikkje var raad til aa koma igjenom. Der var ingen annan inngang enn ein smal stig som bugta seg fram millom tréi.

„Dette er sjølve borgi og slottet mitt,“ sa Robinson; „men eg hev eit hus paa landet og, soleis som alle storfolk hev det. Der kann200 eg bu um sumaren, naar eg hev hug til det. Dette huset skal eg syna dykk ein annan gong; for no hev me anna aa gjera. No lyt me fyrst og fremst tenkja paa korleis me skal faa taka skipet att fraa upprørarane." Skipperen meinte det same, men han kunde ikkje gjera seg nokon tanke um kor leis dei skulde bera

seg aat. Der var 26 mann paa skipet, og dei vilde nok verja seg so lenge dei vann; for dei visste kva dei kunde venta seg, dersom dei tapte og vart fangar. Alle slike upprørarar skulde etter lovi verta hengde so snart dei kom attende til England eller til ei engelsk nybygd. Det var daa reint uraad aa taka paa dei med so faa folk som dei no var, sa han. Robinson skynå at han hadde altfor mykje rett i dette. Dei maatte bruka andre raader og sjaa til aa faa upprørarane i fella paa eikor vis. — Dei som er att paa skipet," sa han, veit éndaa ingen ting um korleis det er gjenge med dei som hev rott i land. Dei undrar seg vel paa kvifor dei ikkie kjem att, og vil vel snart koma i land med ein baat til og leita etter dei. Det fyrste me daa hev aa gjera er at me slær hol i den baaten som ligg nedmed strandi og gjer han übru kande, so dei ikkje karm taka han med seg att." Daa dei so vidt var ferdige med dette,201 • høyrde dei eit skot fraa skipet og s#ag at skipsfolki gjorde teikn til baaten at han skulde koma att. Sidan skaut dei fleire skot og heldt paa og gjorde teikn. Men baaten laag endaa like still, han. Daa sette dei sist paa ut ein baat og tok til aa ro inn imot land. Robinson og fylgjet hans hadde kikaren med seg og sat godt i skjol og saag paa baa ten. Daa han kom nærare inn imot land, saag dei at der var ti mann i han, og at dei alle hadde byrsor med. Skipperen kunde alt kjenna dei alle saman. Tri av dei var skik kelege karar, sa han, og var vel berre lokka eller truga til aa vera med i samansverjingi. Men dei andre sju var upprørarar av verste slaget og ikkje greide aa koma ut for. Han var stygt rædd for at det ikkje var vaagande aa gjeva seg i kast med dei. Aa> rædd?" sa Robinson og berre smilte. nFor folk som oss duger det ikkje aa vera rædd. No er det nettupp tidi til aa vaaga noko, so me karm faa berga oss burt ifraa denne øyi. Og du karm vera roleg for det at heile baatslaget sistpaa skal koma i vaare hender. Daa skal dei døy eller liva etter som dei sjølv steller seg." Dette sette mod i skipperen att, og dei budde seg alle til strid. Dei seks mennertie dei hadde fenge taka 26202 dagen fyri", hadde dei skilt i nokre flokkar. Dei tvo av fangarne som skipperen hadde minst tru til, hadde dei havt inn i den store hola uppi skogen. Dei laag bundne enno, men hadde fenge ljos og mat med, so dei leid ingi naud. Robinson og skipperen hadde lova at dei skulde faa sleppa lause att um eit par dagar, dersom dei heldt seg rolege og bar seg vislegt.v Men freista dei aa røma skulde dei straks missa livet. Dei lova at dei skulde halda seg heilt rolege og venta med tol til dei vart løyste, og dei var takk same for at dei ikkje fekk det verre. — Tvo andre av fangarne^ slapp nok for aa liggja inni hola ; men dei laut liggja bundne enno so lenge; for skipperen torde kje vera heilt trygg paa dei heller. Men dei tvo som daa var att, var so paalitande folk at han vaaga aa sleppa dei heilt lause, og Robinson - tok dei med i flokken sin. Men fyrst maatte dei endaa ein gong lova høgt og dyrt at dei skulde vera trugne og vaaga liv og blod for honom og skipperen. Daa var dei i alt sju dugande mann mot dei ti i baaten. Og var der tri skikkelege folk millom dei i baaten og — som skipperen hadde sagt — so var dei sistpaa berre sju mot sju. Daa dei kom til lands, sprang heile flokken upp paa strandi og drog baaten upp etter seg. Dette var Robinson fælande glad203 for- han hadde ottast for at dei kunde leggja baaten utpaa sjøen og lata nokre mann vera etter til aa ha varveitla paa han. Daa hadde det vore uraad aa faa taka baaten; men no kunde det alltid vera ei von. So snart sjømennerne hadde fenge baaten vel paa land, sprang dei upp til den andre baaten Dei vart reint forbina og handfallne, som venteleg var, daa dei fekk sjaa koss det der stod til, — at baaten var snøydd for alt der hadde vore i han og hadde fenge eit stort hol i botnen. Daa dei hadde sta'e der soleis og glant eit langt bil, gav dei seg til aa ropa paa felagarne sine alt dei vann. So skaut dei alle paa ein gong i lause lutti. Det svara i alle skogar og aasar, men noko anna svar kom ikkje. Dei som laag uppi hola kunde ingen ting Tiøyra, og dei tvo som laag bundne uppi skogen vaaga ikkje aa svara, um dei høyrde det aldri so godt. Daa gjekk dei ti sjømennerne ned til baaten sin att og drog han ut og støytte ifraa land. Dette kom kaldlege, paa tverke for Ro binson og felagarne hans, og skipperen vart reint forfæld og vonlaus. Han trudde at baa ten vilde taka beint ut til skipet att med ein gong og at dei daa vilde sigla sin veg og ikkje bry seg" meir um dei som var burt komne. Men sJ o ille gjekk det likevel ikkje. Daa dei hadde kome eit stykke utpaa med204 baaten, styrde dei inn mot land att. Men denne gongen for dei varlegare fram. Berre sju av dei gjekk denne gongen i land. Dei tri andre vart verande etter og skulde vakta paa baaten. Dei rodde eit stykke utpaa og la seg til aa venta der. Dette var og ei leid vending for Robinson og folki hans. Det var ikkje tanke um aa faa tak i baaten no, og slapp den undan, so var det lite vunne um dei fekk taka dei sju som var paa land. Naar dei tri i baaten kom ut til skipet og fortalde at alle som gjekk i land paa øyi vart burte, var det alt for visst at dei vilde taka støkken og strjuka sin veg med skipet med ein gong. Der var daa ikkje onnor raad enn aa venta og sjaa koss det vilde laga seg. Dei som hadde gjenge i land heldt seg

tett saman og gjekk upp imot høgdedraget ovanfor borgi aat Robinson. Daa dei var komne upp paa ein høg fjelltopp og kunde sjaa vidt ut yver skogarne og dalarne nord legst paa øyi, tok dei paa nytt lag til aa ropa og gaula. So sette dei seg ned og raadlagde um kva dei skulde gjera, og vart sitjande eit langt bil. Robinson og mennerne hans skyna at dei ingen ting kunde gjera fyrr det vart myrkt um kvelden. Var dei sju mennerne ikkje komne att til daa, so kunde dei kan205 skje firma paa ei furda til aa lokka baaten i land. Dei sju uppaa fjelltoppen hadde endeleg reist seg og for til aa gaa, og daa tok dei vegen beint ned til baaten att. Det var likt til at dei hadde vorte rædde og ikkje vaaga aa leita lenger, og at dei no vilde strjuka sin veg for aalvora. Skipperen vart forskræmd att, og Robinson vart og uroleg. Men so fann han paa ei god raad til aa lura dei. Han sende Fredag og styrmannen ned aat skogen attmed elveosen ein stad; der skulde dei staa uppaa ein haug og ropa alt dei orka, so sjømennerne høyrde det. Fekk dei daa noko svar, so skulde dei svara att og faa dei til aa tru at det var dei burtkomne som ropa og var komne paa villstråa. So skulde dei taka ein umveg uppetter skogen og halda seg godt løynde og halda paa aa ropa, og svara naar sjømennerne ropa. Soleis skulde dei sjaa aa faa lokka dei etter seg innetter skogarne so langt dei berre kunde; so skulde dei med ein gong tagna og lura seg attende til Robinson og folki hans. Dei sju sjømennerne var alt komne ned aat strandi og var aat aa gaa i baaten, daa Fredag og styrmannen tok til aa ropa. Dei høyrde det og svara, og det gjekk daa plent furda, raad, utveg.206 * som Robinson hadde tenkt. Dei kom straks springande upp aat skogen der dei hadde høyrt det ropa. Men so kom dei upp til elve osen og kunde ikkje koma yver; for det var nettupp flod, og sjøen gjekk langt inn etter. So ropa dei til baaten at han skulde koma og setja dei yver. Dei tri i baaten kom roande so snart dei kuntjje. Dei sette felagarne sine yver,- og so rodde dei baaten eit langt stykke uppetter elveosen og batt han last i ein trestubbe ,paa sudsida. Ein av dei tri hadde daa slege lag med dei sju, so det var berre tvo att til aa sjaa til baaten. Dette var heilt som Robinson hadde ynskt seg det. Daa dei aatte sjømennerne var komne vel or syne uppi skogarne, gjekk han og fylgjesveinarne hans yver clvi eit langt stykke uppe og nedetter paa andre sida og v ilde taka baaten og dei t\» som var der. Den eine av dei hadde gjenge upp paa strandi og lagt seg til aa dorma og sova. Han sprang upp daa han høyrde det kom folk; men i same blinken hadde skipperen sprunge inn paa han og slo han ned. So ropa skipperen til den andre uti baaten at han skulde gjeva seg, og det gjorde han rett snøgt, aaleine som han var mot fem mann. Han var elles ein av dei som hadde vorte truga til aa vera med paa upproret, og han var straks viljug207 til aa slåa lag med skipperen og felagarne hans og vera trugen imot dei. Alt med dette gjekk fyre seg nedmed elveosen, dreiv Fredag og styrmannen spelet sitt so godt at dei fekk lokka dei aatte sjø mennerne fraa haug til haug og fraa den eine skogen til den andre innetter øyi, so dei sistpaa vart reint utmasa og hadde kome so langt av leid at det var uraad for dei aa koma attende til baaten fyrr etter det var myrkt. Daa strauk Fredag og styrmannen attende til dei andre. Dei var dugeleg utmasa dei og no, etter dei hadde sprunge og ropa so lenge. So hadde Robinson og fylgjet hans ikkje anna aa gjera enn aa venta til det vart myrkt og vera ferdige til aa taka paa dei aatte "mennerne, naar dei kom. Det vart nokre timar aa venta. Endeleg høyrde deinokreav sjømennerne uppi skogen; dei ropa paa nokre andre som kom eit stykke etter. Dei attarste i flokken svara og klaga yver at dei var trøytte og orka ikkje aa gaa lenger. So kom dei sistpaa fram til baaten allesaman. Det hadde myrkna -ikkje so lite no, men ikkje meir enn at Robinson og fylgjet hans ,godt kunde sjaa dei; sjølve stod dei godt i skjol uppi skogen. Og daa kunde det nok henda at sjømennerne vart for bina og forskræmde att. Sjøen hadde fjøra ut, med' dei hadde vore burte, so baaten no208 * stod langt uppaa turre landet. Og dei tvo som hadde vore etter i baaten var ingen stad aa sjaa. Dei gav se~g til aa ropa etter dei, men ingen svara. Dei for att og fram og vreid henderne og ropa til einannan at dei var komne til ei fortrolla øy; der maatte bu folk som vilde drepa dei, eller der maatte bu dævlar og vonde vette som drog av med folk og aat dei upp. — Stundom sprang dei upp i baaten og sette seg og kvilde eit bil, men so for dei upp atter og dreiv att og fram som fyrr. t Dei som var med Robinson vilde at dei skulde taka paa upprørarane no straks ; men han vilde helst at dei skulde sjaa seg fyre enno eit bil og ikkje skjota fleire enn dei var nøydde til. Og det kunde vera faarlegt nok enno aa taka paa dei; for dei var alle godt væpna og vilde nok verja seg det dei kunde, og han vilde naude at nokon av hans eigne folk skulde verta drepne. Han baufl difor at dei fyrst berre skulde lura seg eit stykke nærare inn paa sjømennerne og sjaa um dei ikkje skulde spreida seg i smaa flokkar, so det kunde vera lettare aa faa tak paa dei. Skipperen og Fredag skulde med det same smjuga nedetter buskarne paa ein annan kant og halda vakt der. Dei tvo mennerne lurde seg straks av stad og smaug paa

hender og føter so stillt209 dei kunde. Daa dei hadde kome eit lite stykke ned, høyrde dei at baatsmannen og tvo andre kom beint imot dei. Baatsmannen hadde vore ein av dei verste av upprørarane, men var no ein av dei ræddaste og mest mod lause. Skipperen vart so uppøst daa han høyrde maalet hans, at han mest ikkje kunde styra seg. So kom dei tri mennerne fram millom trei, og i same blinken sprang skip peren og Fredag upp og skaut paa dei. Baats mannen stupte daud ned paa flekken, og ein av dei andre var so hardt saara at han døydde eit lite bil etter; men den tridje fekk røma. Daa Robinson og flokken hans høyrde skoti, styrmde dei fram, dei og. Men fyrr dei skaut paa upprørarane, vilde Robinson enno freista um han kunde faa dei til aa gjeva seg med det gode. Han sa difor til den mannen dei hadde fenge taka no sist, at han skulde ropa ned til dei og spyrja um dei vilde gjeva ifraa seg vaapni. Mannen sette straks iog ropa paa ein som heitte Tom Smit, og Smit svara og spurde kva det var. For Guds skuld, legg fraa dykk vaapni og gjev dykk under oss!" ropa den andre. sGjer de ikkje det no paa flekken, so er det ute med dykk fyrr de fær fraa dykk ein sukk." «Kven skal me gjeva oss vinder?" spurde Smit. 27210 Her er dei!" svara mannen hjaa Robin son. Det er skipperen vaar med 50 mann; dei hev alt vore etter dykk i tvo timar. Baats mannen er drepen, og ein annan hev fenge ulivssaar, og eg er fanga." „Slepp me med livet dersom me no gjev oss?" spurde Tom Smit. Daa svara skipperen sjølv: Du kjenner meg paa maalet, Smit. Legg de fraa dykk vaapni no paa flekken og gjev dykk i vaare hender, so skal de sleppa med livet alle so nær som Vill Atkins." Denne Atkins som han nemde var og ein av dei argaste av upp rørsmennerne. Han var den fyrste som hadde teke paa skipperen ; han hadde botte fast hen derne hans og svivyrdt han paa all vis. Daa han no høyrde at han ikkje skulde sleppa med livet liksom dei andre, tok han til aa ropa og beda for seg. . Kva hev eg daa gjort? Eg hev ikkje vore verre enn dei andre," let han. Du lyt leggja vaapni dine fraa deg paa naade og unaade og gjeva deg i henderne aat landshovdingen," sa skipperen, — det var Robinson han kalla soleis. So. enda det med at dei alle la fraa seg vaapni og bad for livet. Robinson let tri av fylgjesveinarne sine gaa ned og binda dei godt, og daa det var gjort kom dei andre fram og tok varveitsla paa fan garne og baaten. Men Robinson sjølv heldtseg enno løynd, og fangarne hadde ingen tanke um at den store „hermagti“ dei hadde fenge slik otte lor, ikkje var meir enn den vesle flokken dei no saag.

*

XXXI.

Fangarne.

Daa fangarne soleis var vel basta og bundne, fekk skipperen tala betre med dei um det vonde dei hadde gjort og um det dei no kunde venta seg. „De er ikkje mine fangar no,“ sa han; „de er landshovdingen sine. De trudde at de sette meg og dei tvo andre i land paa ei øy som det ikkje fanst folk paa; men Vaarherre hev styrt det annleis. Det er folk paa øyi, og styresmannen er ein engelsmann; han kann hengja dykk alle, er so han vil. Men naar han no hev late dykk sleppa med livet, so vil han vel senda dykk til England og lata dykk koma for retten der. Den einaste han ikkje vil bry seg so mykje med er Vill Atkins; han kann bu seg paa aa døy no trast; hovdingen hev bede meg segja at han skal verta hengd i morgon.“ seg enno løynd, og fangarne hadde ingen tanke um at den store „hermagti“ dei hadde fenge slik otte lor, ikkje var meir enn den vesle flokken dei no saag.

*

XXXI.

Fangarne.

Daa fangarne soleis var vel basta og bundne, fekk skipperen tala betre med dei um det vonde dei hadde gjort og

um det dei no kunde venta seg. „De er ikkje mine fangar no,“ sa han; „de er landshovdingen sine. De trudde at de sette meg og dei tvo andre i land paa ei øy som det ikkje fanst folk paa; men Vaarherre hev styrt det annleis. Det er folk paa øyi, og styresmannen er ein engelsmann; han kann hengja dykk alle, er so han vil. Men naar han no hev late dykk sleppa med livet, so vil han vel senda dykk til England og lata dykk koma for retten der. Den einaste han ikkje vil bry seg so mykje med er Vill Atkins; han kann bu seg paa aa døy no trast; hovdingen hev bede meg segja at han skal verta hengd i morgon.“212 Dette var nok berre skrynjor og skræmor; men det beit godt paa fangarne. Atkins kasta seg ited paa kne og naudbad skipperen at han maatte beda for han hjaa hovdingen, og dei andre bad at han for Guds skuld ikkje maatte senda dei til England. Robinson stod so nær at han kunde høyra^ alt saman, og han skyna at det no var tid til aa smida med jarnet var varmt. Det som det no galdt um var aa faa tak i skipet att, og kunde dei no faa alle desse fangarne til hjelpesmenner var det god von um at dei kunde greida det. Han gjekk eit stykke lenger inn i skogen, so dei ikkje skulde faa nokon mistanke um kva stag landsh ovding" han var, og so bad han ein av mennerne sine ropa paa skipperen og segja at han vilde tala med han. Seg til den høgvyrde herr landshov dingen at eg kjem straks!" ropa skipperen attende. Dette s"ette endaa meir age i fangarne, og dei trudde alle at hovdingen stod der tett attmed og hadde 50 mann med seg. Daa skipperen kom, sa Robinson kva han hadde tenkt paa og korleis han trudde dei best kunde faa taka skipet. Skipperen hadde tenkt paa det same, sa han. Men dei var baae samde um at dei maatte fara ovende varlegt fram og fyrst skilja dei verste av fangarne ut fraa dei andre og hava dei for seg213 sjølve. So tok dei Atkins og tvo andre som dei ikkje kunde tru paa og let Fredag gaa upp til fjellhola med dei og setja dei der saman med dei tvo som var der fyrr. Dei andre fangarne leidde dei upp til lauv hytta i skogen. Dei tvo som dei hadde fenge taka den fyrste gongen og enno heldt bundne, hadde dei og havt dit upp. Dagen etter bad Robinson skipperen gaa upp til fangarne i lauvhuset og tala med dei att. Han skulde høyra um dei vide vera med og taka att skipet, og røkja etter um jdei kunde vera aa lita paa. — Daa han kom upp til dei, tala han fyrst lenge um kor laakt og skamlegt dei hadde fare fram og kor ille dei no hadde stelt det for seg sjølve. Landshovdingen hadde nok gjeve dei grid so lenge, sa han; men naar dei kom til Eng land, var det ikkje til aa be' for at dei alle vart hengde. Men vilde dei no hjelpa han til aa taka att skipet fraa dei andre røvarane og soleis gjera noko godt og gagnlegt etter alt det laake dei hadde gjort, so skulde han faa landshovdingen til aa taka dei heilt til naade, sa han. Det er lett aa skyna kor viljuge dei alle var til aa gaa med paa dette. Dei la seg paa kne for skipperen og lova med dei dyraste eidar at dei skulde fylgja han og vera trugne til siste blodsdropen, og dei skulde ha vyrd214 nad for han som for ein -far so lenge dei livde, sa dei. Det er godt", sa skipperen. Eg skal gaa og fortelja kva de hev sagt, og freista aa faa landshovdingen til aa gaa med paa dette". So kom han attende til Robinson og sa koss det hadde gjenge og kor klekte dei alle hadde vore. Han torde tru for visst at dei no var til aa lita paa, sa han. Men Robinson kjende seg ikkje enno heilt trygg. «Gakk enno ein gong attende", sa han, og kaara ut fem av dei til aa vera med og taka skipet. Dei maa daa tru at me ikkje vantar folk fyrr; men tek me dei alle med, so karm dei snart tru at me er i naud for folk. Dei tvo andre i lauvhytta og "dei fem i hola skal du segja at lands hovdingen vil hava att til gidslar. Og du karm laata so til at dei alle sju skal verta hengde innpaa strandi, er so dei fem er trulause paa nokor vis naar dei kjem ut til skipet. " Skipperen gjekk og sa som han var fyre sagd. Dette lua fælt strengt, so dei skyna at hovdingen tok det med aalvora. Men det var ingi onnor furda, dei maatte gaa med paa alt, og det stod no til gidslarne sjølv laata so til, segja for visst, nforsikre", furda, raad, utveg.aa telja dei fem til aa vera trugne os gjera sitt beste.

So gjorde dei seg reiduge til aa taka skipet. Dei sette i stand den baaten dei hadde hogge hol i, og hadde baae baatarne ut paa sjøen att. Skipperen skulde vera styraren paa utferdi. Han hadde no ein „hær“ paa 10 mann i alt. Det var:

1. Dei tvo som han hadde havt med seg daa han sjølv var fange.

2. Dei tvo fangarne som dei hadde slept fri den fyrste dagen.

3. Fem av dei som dei hadde teke no sist.

4. Den mannen som dei hadde teke uppmed baaten.

Med dette mannskapet var han ikkje rædd aat aa vaaga seg ut til skipet. Han sette ein av dei beste mennerne sine til aa vera styrar paa den eine baaten og gav han fire mann med. Sjølv vilde han styra den andre og hadde styrmannen og fire andre med seg. Robinson og Fredag skulde vera att paa land og ha tilsyn med dei sju fangarne. Det var ikkje vaagande at dei alle reiste ifraa dei, og at huset og alt saman skulde staa reint verjelaust.

*

XXXII.

Dei tek skipet.

Det leid fram mot midnatt daa dei tvo baatarne kom ut til skipet. Skipperen let ein av mennerne sine ropa upp til vakti at dei kom att med den fyrste baaten og dei som hadde vore burte so lenge. Daa fekk dei koma umbord med ein gong. Skipperen sjølv og styrmannen sprang upp fyrst, godt væpna som dei var. I same blinken som dei var komne paa dekket slo dei ned tvo av upprørarane — andrestyrmannen og timbermannen — med byrsestokkarne. Dei andre i baaten fylgde snart etter, og i ei handevending hadde dei teke alle som var paa attarste dekket. So spikra dei fast lukorne, so dei som var nedanunder ikkje skulde sleppa upp. Dei som var i den andre baaten hadde med det same sprunge upp paa skipet lenger framme og tok tri mann som var der.

So stod det att aa faa tak i dei som var i kahytta. Det var sjølve den nye skipperen, hovdingen for upprørarane, og tri mann til. Dei hadde høyrt staaket paa dekket og sprunge upp og fenge tak i vaapen. Styrmannen og nokre andre kom og braut upp døri. Dei som var innanfor skaut ut imot dei. Styrmannen fekk eine armen knasa av217 eit skot, og tvo andre vart saara. Men dei let seg ikkje skræma. Dei styrmde inn i kahytta, og styrmannen skaut ei kula gjenom hovudet paa røvarskipperen, so han stupte daud ned paa flekken. Daa gav dei andre tri seg med ein gong. Dermed var denne striden slutt. Skipperen og hjelpesmennerne hans hadde teke skipet. Berre tri mann var drepne, og det var av dei verste. - Skipperen hadde gjort avtale med Robin son at han skulde skjota sju skot, dersom alt gjekk godt. Robinson hadde sete innpaa strandi og venta til klokka tvo um natti og var heller uroleg. Daa høyrde han med eitt dei sju skoti duna utpaa havet. D'er lett aa skyna kor han vart glad. Dette var teiknet til berging for honom og! No kunde han gaa rolegt heim og leggja seg. Det hadde vore ein lang og strid dag, og han kjende seg trøytt og sliten. Han sovna straks han var komen i seng, og »sov tungt og godt. Um morgonen vart han vekt av eit nytt skot. Daa han kdm ut stod skipperen uppaa bergtoppen og ropa paa han. Robinson fekk straks upp stigarne og kleiv upp. Daa kom skipperen knot han og slo armarne kring han, og so peika han ut yver havet. Gode ven og hjelpesmann!" sa han. Der er skipet. Det er ditt, og alt der er i (let høyrer deg til, Og alle som paa skipet W218 er høyrer og deg til, me er alle tenarane dine." Daa saag Robinson at skipet laag tett utanfor den litle elveosen. Det var fint ver, so dei hadde kunna sigla hit upp^med natti. Og dei hadde rott i land med den eine baa ten nettupp der som Robinson i gamle dagar l\adde kome til lands med llotarne sine. Skipperen var ovglad, som rimelegt var, for det hadde gjenge so godt; men endaa mykje, mykje meir glad var Robinson. Han var so teken at han var aat aa siga i uvit. No var endeleg stundi komi daa han skulde iaa sleppa ut or fengslet her. No var alt greidt og beint fram.*: Der^laag^eit stort skip som skulde føra han dit som han sjølv vilde. — Han kunde ikkje segja eit ord paa eit langt bil og høyrde* ikkje* kva~ skipperen tala um. Han gjekk berre burt og slo armarne kring han og trykte han inn til seg og tok til aa graata. Daa fekk iLhan^ endeleg upp maalet att. Du er send av Gud til aa berga meg," sa han. Det er alt^saman som eit under . . det er ei lang rad av under." — Han gløymde heller ikkje aa takka Gud for denne hjelpi og for all den underlege og makelause hjelpi han hadde fenge i so lang tid her i denne øydemarki, so langt fraa alle andre folk. Daa dei endeleg kunde tala rolegare saman, sa skipperen at han hadde bede folki219 sine koma i land med nokre smaating til Robinson, — av det som røvarane ikkje hadde stole og øydt upp, sa han. Dei kom snart berandes upp til huset med gaavorne, og det synte seg daa at det ikkje var so reint smaatt endaa. Det vaiv fyrst mat og vin i mengd, av alt det beste som tenkjast kunde. Det vart reint ein gjestebodsdag for Robinson dette. Og so fekk han eit par nye skor. og klæde av alle slag. Han var ny fraa topp til taa, daa han hadde vore stad og skift. Det var lenge sidan han hadde vore so lin. Men noko sers godt

tykte han ikkje det var aa hava desse klædi paa seg no daa han so lenge hadde gjenge i dei romlege skinnklædi sine. Det var mest som han hadde fenge ei tvangstrøya paa seg. So maatte dei til aa tenkja paa kva dei skulde gjera med fangarne sine. Dei tvo som hadde vore gidslar og sete etter uppi skog hytta var sette paa fri fot no, og dei som var tekne utpaa skipet hadde alle kome til rettes med skipperen att. Men so var det dei fem i fjellhola. Skipperen var ikkje mykje huga paa aa taka dei med paa skipet. Det var serleg tvo av dei han enno hadde laak tru til. Dei laut liggja i lenkjor til skipet kom fram til ei engelsk hamn, og koma for retten der. IVfen dette vilde han helst sleppa for aa ha bry med no daa det hadde gjenge so godt elles.220 Daa slo Robinson frampaa um at dei kunde lata dei fem fangarne vera att her paa øyi, naar han reiste heim. Dette lika skip peren godt. So sende dei nokre mann av stad til aa taka fangarne ut or hola og leida dei upp til lauvhylta, og sidan gjekk Robin son og skipperen dit upp og tala med dei. Robinson vart kalla landshovding no som fyrr, og han kunde godt syna seg for fangarne no, daa han hadde fenge so fine klæde. Han fortalde at han visste alt um kva dei hadde gjort, og at skipperen og folki hans no hadde teke skipet att. Den nye skipperen hadde fenge si løn, sa han, — dei skulde snart faa sjaa han hanga i mastrerne utpaa skipet. Og han — landshøvdingen — kunde lata dei hengja, dei og, dersom han vilde. Men han vilde vera so rettvis som han kunde, sa han, og lata dei faa koma fram med alt det dei hadde aa orsaka og forsvara seg med. Dei svara at dei ikkje hadde anna aa segja enn at skipperen hadde lova dei livet den gongen dei vart gjorde til fangar, og dei bad for seg so fint som dei berre kunde. Daa svara Robinson at han og alle I'olki hans hadde sett seg fyre at dei vilde fara burt fraa øyi og fylgja skipet heim til Eng land. Men skal me taka dykk med," sa han, so vert me nøydde til aa lata dykk koma tor retten naar de kjem fram, og daa veit221 / de sjølve koss det gjeng. Daa er det snart ute med dykk. Men vil de vera att her paa øyi og bu her, so skal eg lata dykk sleppa med livet. Det er det einaste eg karm gjera for dykk. Det stend daa til dykk sjølve kva de vil, og iim de trur de karm berga dykk her." Dei svara alle som ein at dei gjerne vikle taka imot dette tilbodet. So vart dei samde um dette paa baae sidor, og fangarne vart løyste og sette paa fri fot. Men dei skulde halda seg uppe-i skogarne enno for det fyrste, til Robinson drog sin veg. So byrja Robinson aa gjera seg ferdig til aa gaa ombord paa skipet. Han vikle vera heime' i huset sitt til næste dagen og skipa eitt og anna der; men skipperen skulde gaa umbord no straks og gjera alt reidugt til aa taka imot han. So skulde dei senda ein baat i land dagen etter og henta han. Skip peren lova med same at han skulde hengja liket av røvarskipperen upp i mastrerne, so alle innpaa land kunde sjaa det. Eit bil etter sende Robinson bod etter dei fem mennerne uppi skogen og let dei koma heim til borgi si. Han tala lenge og aalvorsamt med dei og fortalde alt saman um korleis han hadde kome til denne øyi og vore her i so lang tid. Han synte dei huset sitt og alt han hadde bygt og fenge i stand222 her, og fortalde um korleis han hadde gréidl og klara seg paa alle maatar. Sidan synte han dei gjeiterne sine og sa korleis dei skulde stella med dei og laga smør og ost av mjølki. Alt dette skulde dei no faa taka i bruk etter han var reist. Han let dei like eins faa alle vaapni sine og det krutet han no hadde att, og han lova at han skulde beda skipperen gjeva dei tvo krutdunkar til, og lata dei faa ein grand hagefræ som dei kunde ha bruk for. Men til vederlag for alt dette laut dei lova at dei skulde stella godt med alt saman og halda det i stand. -. _ _• .•« "TT f» ill Og so var det ein ting til. Han fortalde um dei 1(5 spahjorarne som var hjaa villmen nerne paa den andre øyi og no skulde koma hit. Han sjølv kunde ikkje venta paa dei no; men han skulde skriva eit brev og leggja etter til dei, sa han, og dei fem sjømennerne maatte lova at dei skulde taka vel imot dei naar dei kom og hjelpa dei paa alle maatar. — Dette lova dei alt saman. Dagen etter sa Robinson farvel med dei fem mennerne og med huset og heimen sin her og gjekk umbord paa skipet. Han tok med seg gjeitskinnsluva og solhatten til eit minne, og pengarne han hadde havt liggjande so lenge ; no kunde han nok faa bruk for dei. Fredag var og med og skulde fylgja husbonden sin til England.Dei var alt ferdige til aa sigla um kvelden, men vilde ikkje letta anker fyrr um morgonen etter. Skipperen sende ein baat i land med det som dei fem skulde faa. Han let dei med dei same faa skipskistorne sine og nokre klæde som dei havde late etter seg paa skipet.

Tidleg um morgonen den andre dagen hende det endaa ein gong noko som dei ikkje hadde venta. Tvo av dei som var etter paa øyi kom symjande ut til skipet og ropa og bad at dei maatte faa koma umbord og vera med. Dei andre tri hadde fare vondt med dei og kom til aa drepa dei, dersom dei laut vera etter her, sa dei. Skipperen lika ikkje dette og vilde helst vera kvitt dei no; men daa dei hadde lova høgt og heilagt at dei skulde vera skikkelege og lyduge, tok han dei sistpaa med, kor som var. — Dei heldt sidan det dei hadde lova og var trugne og

stillfarande folk, og det vart ikkje meir tale um aa lata dei koma for retten naar dei kom heim.

* Robison tek velfar med øyi.

XXXII.

Robinson fer heim.

So kom endeleg den stundi daa Robinson skulde segja farvel for godt med øyi si. Han var nok glad; men det var likevel so underlegt aa skiljast med alt dette som han no kanskje saag for siste gongen; han var teken og tung i hugen der han stod.

Der stod huset og borgi hans; der var aakrarne og gjeitehagarne, — alt det han hadde bygt og dyrka og stellt. Han tenkte paa alt det han hadde stræva og slite og sveitta Robinson tek veifar med øyi. XXXII.225 her, alle dei vandskarne han hadde stridt med og kome yver, og alle dei hugnadstunderne og gledestunderne han og hadde havt, naar han hadde lukka med seg. Han fekk taaror i augo naar han tenkte paa alt. Fredag tykte det var reint ille at dei maatte reisa fyrr far hans kom att; men Robinson trøysta han med at dei kanskje kom hit att ein gong og kunde raaka han daa. So letta skipet anker og tok i vegen den 18de desember 1687, same maanadsdagen som den gongen han fekk røma fraa maurarane i Saleh. I yver 28 aar hadde han daa vore paa øyi si. So stend det berre att aa fortelja lite grand um korleis Robinson kom heim og korleis det gjekk honom sidan. Det gjekk godt paa heimferdi. Skipet kom til England i juni aaret etter. Robinson hadde daa alt i alt vore ute i verdi i fem og tretti aar og hadde vorte mest framand i sitt eige heimland. Der var ingen som kjende han lenger og faa som hugsa han, som venteleg var. I London raaka han att enkja etter den skipperen som hadde hjelpt han so godt den fyrste gongen .han kom ut paa langferd til Afrika, som fyrr er fortalt. Daa han tok i 29vegen til Afrika andre gongen, hadde han fenge henne til aa taka varveitslavarveitsla, tilsyn, „varetægt“. paa nokre pengar som han ikkje vilde taka med. Ho hadde havt mykje motgang i livet og var gamall og fatig no, og kunde ikkje lenger gjera greida for desse pengarne. Robinson sa at ho ikkje skulde gjera seg nokor sut for det; han skulde ikkje spyrja etter dei meir. Han hjelpte henne tvert imot so godt han hadde raad til det.

Sidan for han til York, fødebyen sin. Tvo av systerne hans og tvo born etter eine bror hans livde enno; men foreldri hans var døde. Alle hadde tenkt at han var død og burte for lenge sidan. Han hadde difor ingen arv fenge etter foreldri sine, og han visste ingen ting aa taka seg til der.

Den skippperen som hadde ført han heim hadde straks gjenge til dei som aatte skipet og fortalt um korleis Robinson hadde hjelpt han og berga baade livet hans og skipet og lasti. Dei var svært takksame; dei gjorde eit gjestebod til æra for han og gav han 1200 dalar i bergingsløn.

Desse pengarne og dei han hadde med fraa øyi var so mykje at han alltid hadde noko aa greida seg med; men det var ikkje so mykje at han kunde koma i gang med227 nokon viss liveveg. Beste eigedomen hans var den gode garden han hadde reist ifraa i Brasilia. Men korleis var det gjenge med den i alle desse aari? Han hadde kje vore lenge i England fyrr han tok i vegen att og vilde faa greida paa dette. Han hadde Fredag med seg no som fyrr og for fyrst til Lissabon i Portugal. Der var han so heppen at han raaka att den skipperen som hadde teke han med til Brasilia den gongen han hadde rømt fraa maurarane. Skipperen var gamall og skral no og hadde ikkje vore i Brasilia paa mange aar; men han hadde likevel god greida paa korleis det stod til med eigedomen til Robinson. Det er fyrr fortalt at Robinson hadde sett upp eit ervebrev den gongen han skulde til Afrika etter trælar. Kom han burt paa ferdi, so skulde skipperen fraa Portugal hava den eine helvti av alt han aatte, og folket hans i England den andre helvti. Men dette ervebrevet hadde ikkje enno vorte sett i verk. Det var nok det mest trulege at Robinson var daud og burte for lenge sidan; men det var ikkje heilt visst eller sannspurt enno. Som det fyrr er fortalt skulde dei som kosta ut skipet til Afrika, styra med eigedomen hans so lenge. Det hadde dei gjort i lang tid frametter, og garden hadde gjenge fram fraa aar til aar og gjeve gode228 innkomor. I dei siste 14' aari hadde han sta'e under tilsyn av riksstyret paa ei vis, og det meste av innkomorne skulde gaa til eit kloster so lenge, til

eigarmannen kom att, eller til det vart sannspurt at han var burte. Tvo av sønerne til dei som fyrr hadde havt til syn med garden livde enno og styrde med dei pengarne som var uppsparde. Dei var baae ærlege og skikkelege folk, sa skipperen, so han trudde visst at dei vilde lata Robinson faa sitt og hjelpa han til aa faa att sjølve garden. Daa Robinson hadde fenge greida paa dette, skreiv han til ein kaupmann i Brasilia — ein som skipperen var godt kjend med — og fekk han til aa krevja inn det han skulde hava. Med det same sende han brev og prov som gav full vissa for at han var til og var den rette Robinson. Sju maanars tid etter fekk han ein stor sum pengar fraa Brasilia og greid rekneskap for alle innkomor av eigedomen. Han vart soleis med ein gong ein velhalden mann. Han løna den gamle skipperen godt for all den hjelpi han hadde gjort han. So tok han i vegen attende til England. Han hadde so ofte vore uheppen paa sjøen at han helst vilde taka landvegen denne gongen, gjenom Spania og Frankrike. Men denne ferdi vart heller ikkje so greid. Han og ferdafylgjet229 hans kom ut for ein fæl snøstorm uppi Pyrænæarfjelli. Dei raaka v ei mengd med ulvar og hadde so nær sett livet til, og Fre dag veida ein gong ein fæl bjørn som kom imot dei. Um alt dette skal me ikkje her fortelja meir. Det lyt vera nok aa nem na at Robinson sistpaa kom godt og vel heim att til England denne gongen og. Ei tid etter selde han eigedomen sin i Brasilia og fekk so mykje for 'n at han vart ein rik mann. Han hjelpte den gamle skipper enkja enao ein gong og tok seg av skyld folket sitt i York, og let ein av brorsønerne sine faa eit skip aa styra. Sidan gifte han seg og fekk nokre born og hadde det godt og rolegt. Men det var ikkje rett lenge fyrr kona hans døydde ifraa han. Daa fekk den gamle mannen enno ein gong hug til aa taka ut paa langferd. Han var med bror sonen sin paa skipet og for til India, og sidan ein gong kom han heilt yver til Vestindia og vitja øyi si att og fekk vita korleis det stod til der. Dei 17 spanjorarne og han som hadde fare yver havet etter dei, var kome til øyi ei tid etter Robinson hadde reist; men dei tri engelsmennerne hadde ikkje teke so godt imot dei som dei hadde lova. Det hadde vore trætta og krangling i lang tid. Span jorarne hadde sistpaa lote bruka magti mot230 dei tri skarvarne, men hadde ikkje fare hardt med dei. Sidan hadde nokre av spanjorarne gjort ei ferd inn til fastlandet og teke ein heil flokk menner og kvende med seg ut til øyi. Der var soleis no ei heil liti nybygd. Ro binson hjelpte nybyggjarane paa alle maatar og skifte ut jordi millom dei; men sjølv rekna han seg enno alltid eit slag rett til aa eiga det heile. Han hadde teke ein smed og ein timbermann med fraa England og fekk dei til aa setja seg til her og hjelpa nybyggjarane. Dei tri andre engelsmennerne fekk seg jordveg for seg sjølv; dei fekk seg sidan konor fraa England og skikka seg godt. Fredag var ein gong sidan med den unge Robinson paa ei ferd til øyi; der raaka han att far sin og vart ovende glad. Men ikkje lenge etter vart han skoten av vill mennerne, ein gong dei raaka dei utpaa sjøen. Det siste han sa var Robinson"; han vitta imot aust med det same, liksom han vilde helsa til han. Dei søkte liket ned i havet og skaut elleve kanonskot yver den vaate gravi hans. Soleis enda han sine dagar denne trugne og snilde indianaren. Robinson gjorde enno mange ferder somikkje kjem denne soga ved. I aaret 1705 slo han seg endeleg til ro heime i England. Der døydde han ei tid etter, gamall og mett av dagar og vel røynd i motgang og i medgang.

*